

Skriftmangfald på norsk: språkforvaltning, normbrot og språkhaldningar

Jorunn Simonsen Thingnes



Masteroppgåve i nordisk, særlig norsk, litteratur og
språk i Lektor- og adjunktprogrammet

Institutt for lingvistiske og nordiske studium

UNIVERSITETET I OSLO

Skriftmangfald på norsk: språkforvaltning, normbrot og språkhaldningar

Jorunn Simonsen Thingnes

Masteroppgåve i nordisk, særlig norsk, litteratur og språk i
Lektor- og adjunktprogrammet
Institutt for lingvistiske og nordiske studium

UNIVERSITETET I OSLO

Tal på teikn: 249 488

© Jorunn Simonsen Thingnes

2015

Skriftmangfald på norsk: språkforvaltning, normbrot og språkhaldningar

Jorunn Simonsen Thingnes

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

Samandrag

Denne oppgåva undersøker korleis språkforvaltning fungerer i praksis, og kva språkhaldningar og språkideologiar som spelar inn i forvaltninga av nynorsk. Studieobjektet er eksamensoppgåver ved Universitetet i Oslo, og granskinga er både kvantitativ og kvalitativ. Gjennom oppgåva vert det svart på tre forskingsspørsmål:

1. Kva grammatiske feil og avvik er å finne i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?
2. Kva system og praksis har UiO når det vert laga eksamensoppgåver?
3. I kva grad kan språkhaldningar og underliggjande språkideologiar vere med på å forklare grammatiske feil og avvik i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?

I granskinga vert det avdekt mange grammatiske feil og avvik i eksamensoppgåver ved Universitetet i Oslo. Skilnadene mellom ulike fakultet og institutt er store, men tala på feil og avvik er gjennomgåande høge. Det er særleg mange feil i bøyning av substantiv, og det er ein utbreidd bruk av ord frå bokmål. Det vert også avdekt ein samanheng mellom grammatiske feil og avvik og språkhaldningar og språkideologiar. Ein finn både positive og negative haldningar til nynorsk ved Universitetet i Oslo, og det er tydeleg at haldningar har konsekvensar for system og språkleg kvalitet. Haldningar påverkar mellom anna prioriteringar. Negative haldningar kan føre til ei nedprioritering av arbeid med nynorsk, som igjen fører til grammatiske feil og avvik i eksamensoppgåver. UiO manglar gode system for omsetjing til og kvalitetssikring av nynorsk. Resultatet er at utdanningsinstitusjonen ikkje følgjer gjeldande lovverk. Dette har konsekvensar for utdanningsinstitusjonen, tilsette og studentar. Det har også konsekvensar for nynorsken si stilling i samfunnet.

Forord

Når eg no er i mål med denne granskinga, vil eg meir. Eg vil gå djupare og breiare, med all den kunnskapen eg har opparbeidd meg gjennom året, som verktøy. Eg har funne eit emne som inneheld så mykje, og som eg kan gripe frå fleire vinklar og med ulike formål. Det er eit takknemleg arbeid eg har gjort. Folk har heia frå sidelinja, og fleire har peika på behovet for denne granskinga. Det har motivert.

Gjennom det siste året har eg fått god hjelp og støtte frå fleire hald. Venar på lesesalen som har måtta sjå meg støtt, og venar utanfor som har sett meg mindre enn vanleg, skal alle ha takk. Mamma og Gunnar har vore viktige her som elles. Eg er glad for alt de har bidrege med. Karl Peder vart gjennom heiderleg excel-innsats tidleg involvert i prosjektet. Utan denne tekniske assistansen, dine trøystande ord og evna di til å få fram smilet mitt hadde eg ikkje vore like stolt over dette arbeidet som det eg er i dag. Også Vegard skal ha takk. Det er godt å vite at korrekturlesaren er ein av dei beste.

Rettleiaren min, Unn Røyneland, er den neste eg vil takke. Du har losa meg gjennom månedane, og eg er takksam for tolmodet du har vist ein lektorstudent som gjev seg ut for å vere sosisolingvist. Du skal ha takk for faglege innspel, ei enorm tru på prosjektet og for å oppmuntre meg til å delta på SONE-konferansen. Eg vil også takke for dei små avstikkarane vekk frå fag og metode. Eg har hatt stor glede av dei alle.

Til slutt vil eg takke informantane mine for at de gav av tida dykkar og gav meg innskt. Eg er takksam for at de våga å bli ein del av dette prosjektet, og vil ynskje dykk lukke til med nynorsken.

Oslo, mai 2015

Jorunn Simonsen Thingnes

Innhald

1	Innleiing	1
1.1	Presentasjon	1
1.2	Problemstilling og forskingsspørsmål	3
1.3	Eigen ståstad	4
1.4	Om eksamensoppgåver ved UiO som studieobjekt	5
1.5	Tidlegare forskning	5
1.6	Språk eller målform	7
1.7	Struktur på oppgåva	9
2	Teori	10
2.1	Grammatiske feil og stilideal	10
2.1.1	Typiske feil	10
2.1.2	Korleis kan bokmålet påverke?	11
2.1.3	Det nynorske stilidealet	11
2.2	Språkideologi	12
2.2.1	Éin nasjon, eitt folk, eitt språk	12
2.2.2	Ideologiar i norsk språkhistorie	13
2.3	Språkhaldningar	15
2.3.1	Tre hovudkomponentar og forholdet mellom haldning og handling	16
2.3.2	Bevisste og underbevisste haldningar	16
2.3.3	Haldningar og læring	18
2.4	Språk, kapital og makt	18
2.4.1	Fleirspråklege på arbeidsplassen	18
2.4.2	Lingvistisk marknad	19
3	Metode	21
3.1	Kva grammatiske feil og avvik er å finne i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?	21
3.1.1	Val av metode	21
3.1.2	Analyse av funna	22
3.1.3	Metodekritikk	22
3.2	Kva system og praksis har UiO når det vert laga eksamensoppgåver?	25

I kva grad kan språkhaldningar og underliggjande språkideologiar vere med på å forklare grammatiske feil og avvik i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?.....	25
3.2.1 Val av metode.....	25
3.2.2 Intervjatype	27
3.2.3 Informantar.....	28
3.2.4 Presentasjon og analyse.....	29
3.2.5 Gjennomføring av intervju	30
3.2.6 Metodekritikk	31
3.3 Oppsummering	32
4 Datamateriale og informantar.....	33
4.1 Kategorisering	33
4.2 Behov for å samanlikne med bokmålsversjonen	37
4.3 Frekvens av presens.....	37
4.4 Informantane.....	38
4.5 Oppsummering	40
5 Kva grammatiske feil og avvik er å finne i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?.....	41
5.1 Funn.....	42
5.1.1 Det medisinske fakultetet	42
5.1.2 Det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet.....	49
5.1.3 Det samfunnsvitenskaplege fakultetet	57
5.1.4 Det teologiske fakultetet.....	62
5.1.5 Det utdanningsvitenskaplege fakultetet	63
5.1.6 Det juridiske fakultetet	68
5.1.7 Det humanistiske fakultetet.....	73
5.2 Samanlikne fakulteta	78
5.3 Kva har dei til felles?.....	81
5.3.1 Slurvete omsetjing.....	81
5.3.2 Innleiinga.....	81
5.3.3 Gjennomgåande grammatiske feil.....	82
5.4 Oppsummering	83
6 System, haldningar og ideologiar.....	85
6.1 Kva system og praksis har UiO når det vert laga eksamensoppgåver?.....	85

6.1.1	System og praksis ved dei ulike fakulteta	85
6.1.2	Kvifor endar eksamensoppgåver opp med å innehalde feil?.....	92
6.1.3	Kompetanse og korleis han vert utnytta	96
6.1.4	Kvar ligg ansvaret?.....	99
6.1.5	Kva løysing ser tilsette ved UiO på situasjonen?	100
6.2	Kva språkideologiar finst ved UiO?	106
6.2.1	Språk er knytt til territorium.....	106
6.2.2	Nynorsk som kultur – synet på språkpolitikken.....	108
6.2.3	Nynorsk som noko anna enn engelsk	110
6.2.4	Nynorsk har livets rett	111
6.3	Språkhaldningar ved UiO	113
6.3.1	Kva språkhaldningar finst ved UiO?.....	114
6.3.2	Språkhaldningar som medverkande årsak til at det oppstår feil.....	119
6.3.3	UiO som sosialt miljø og lingvistisk marknad	124
6.4	Finst det ein samanheng mellom grammatiske feil, system og haldningar?	126
6.5	Kva er konsekvensane?	126
6.6	Oppsummering	129
7	Avslutning	131
7.1	Tema og formål	131
7.2	Svar på forskingsspørsmåla	131
7.2.1	Forskingsspørsmål éin: <i>Kva grammatiske feil og avvik er å finne i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?</i>	131
7.2.2	Forskingsspørsmål to: <i>Kva system og praksis har UiO når det vert laga eksamensoppgåver?</i>	131
7.2.3	Forskingsspørsmål tre: <i>I kva grad kan språkhaldningar og underliggjande språkideologiar vere med på å forklare grammatiske feil og avvik i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?</i>	132
7.3	Konklusjon.....	133
7.4	Betyding og innvendingar	133
7.5	Vidare forskning	134
	Litteraturliste	136
	Informantar:.....	141
	Vedlegg 1	142
	Vedlegg 2	143

Vedlegg 3	144
Vedlegg 4	145
Vedlegg 5	146

Diagram

Diagram 1 Medisin: fordeling av type feil.....	42
Diagram 2 Medisin: fordeling av type feil i kategorien <i>morfologiske feil</i>	43
Diagram 3 Medisin: fordeling av type feil i kategorien <i>bøyingsfeil substantiv</i>	44
Diagram 4 Medisin: fordeling av type feil i kategorien <i>bøyingsfeil verb</i>	46
Diagram 5 Medisin: fordeling av type feil i kategorien <i>ordtilfang</i>	47
Diagram 6 Medisin: fordeling av type brot i kategorien <i>brot med stilideal</i>	48
Diagram 1 MatNat: fordeling av type feil.....	50
Diagram 2 MatNat: fordeling av type feil i kategorien <i>morfologiske feil</i>	51
Diagram 3 MatNat: fordeling av type feil i kategorien <i>bøyning substantiv</i>	52
Diagram 4 MatNat: fordeling av type feil i kategorien <i>bøyingsfeil verb</i>	53
Diagram 5 MatNat: fordeling av type feil i kategorien <i>ordtilfang</i>	54
Diagram 6 MatNat: fordeling av type brot i kategorien <i>brot med stilideal</i>	55
Diagram 1 SV: fordeling av type feil.....	57
Diagram 2 SV: fordeling av type feil i kategorien <i>morfologiske feil</i>	58
Diagram 3 SV: fordeling av type feil i kategorien <i>bøyingsfeil substantiv</i>	59
Diagram 4 SV: fordeling av type feil i kategorien <i>bøyingsfeil verb</i>	60
Diagram 5 SV: fordeling av type feil i kategorien <i>ordtilfang</i>	61
Diagram 6 SV: fordeling av type brot i kategorien <i>brot med stilideal</i>	62
Diagram 1 UV: fordeling av type feil.....	64
Diagram 2 UV: fordeling av type feil i kategorien <i>morfologiske feil</i>	64
Diagram 3 UV: fordeling av type feil i kategorien <i>bøyingsfeil substantiv</i>	65
Diagram 4 UV: fordeling av type feil i kategorien <i>bøyingsfeil verb</i>	66
Diagram 5 UV: fordeling av type feil i kategorien <i>ordtilfang</i>	66
Diagram 6 UV: fordeling av type brot i kategorien <i>brot med stilideal</i>	67
Diagram 1 JUS: fordeling av type feil.....	68
Diagram 2 JUS: fordeling av type feil i kategorien <i>morfologiske feil</i>	69
Diagram 3 JUS: fordeling av type feil i kategorien <i>bøyingsfeil substantiv</i>	70

Diagram 4 JUS: fordeling av type feil i kategorien <i>bøyingsfeil verb</i>	71
Diagram 5 JUS: fordeling av type feil i kategorien <i>ordtilfang</i>	71
Diagram 6 JUS: fordeling av type brot i kategorien <i>brot med stilideal</i>	72
Diagram 1 HF: fordeling av type feil.....	74
Diagram 2 HF: fordeling av type feil i kategorien <i>morfologiske feil</i>	74
Diagram 3 HF: fordeling av type feil i kategorien <i>bøyingsfeil substantiv</i>	75
Diagram 4 HF: fordeling av type feil i kategorien <i>bøyingsfeil verb</i>	76
Diagram 5 HF: fordeling av type feil i kategorien <i>ordtilfang</i>	77
Diagram 6 HF: fordeling av type brot i kategorien <i>brot med stilideal</i>	78

Tabellar

Tabell 1: Oversikt over presens i materialet.....	38
Tabell 2: Oversikt over informantar.....	40
Tabell 3: Samla belegg og prosentdel av eksamensoppgåver som har registrerte feil og brot i dei ulike kategoriane.....	79

1 Innleiing

Våren 2014 har ein student ved Universitetet i Oslo eksamen. På oppgåvearket framføre han står mellom anna dette: «På kontinentet er det *einsemd* om at tidligare tiders øydelegging av faunaen skyldast menneske, men på øyer er det uavklårt om menneske eller klimaendringar stod for utdøying av artar.» Ordet *einsemd* er ikkje kursivert, men det er dette ordet studenten stoggar ved.

Tekstutdraget over er henta frå ein eksamen ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultetet. Han er eit døme på ein tekst med grammatiske feil, men meir alvorleg: Han er eit døme på ein tekst som inneheld eit ord som ikkje gjev meining for studenten. Dette er nynorskversjonen av ei eksamensoppgåve ved Universitetet i Oslo. I bokmålsversjonen av oppgåva står ordet *enighet*, og setninga gjev med det same meir meining. Kva er det som har skjedd her? Kvifor får ein student som er registrert med nynorsk som eksamensspråk, ei eksamensoppgåve med så grove feil? Kvifor har feilen oppstått, og kvifor har han ikkje blitt oppdaga? Kva er det som ligg bak?

1.1 Presentasjon

I denne oppgåva skal eg studere den fleirspråklege praksisen med eksamenar på nynorsk og bokmål. Bakteppet er den norske språksituasjonen med to jamstilte former av norsk¹, og lovverket som regulerer den språklege praksisen. I Noreg er bokmål og nynorsk offisielt jamstilte, men i praksis er det bokmålet som dominerer. Det har flest brukarar og er mest synleg i samfunnet. Ifølgje Grepstad (2010) er det minst 550 000 nynorskbruarar i Noreg, men mange av desse brukar også bokmål i det daglege. At bokmålet dominerer, utfordrar nynorsken. Lovverket som skal sikre jamstillinga og rettane til språkbrukarane, er difor særskilt viktig for å også sikre nynorsken. *Forskrift om målform i eksamensoppgåver* er ein del av lovverket, og forskrifta er utgangspunktet for denne granskinga. I ho står det:

Som hovudregel skal eksamensoppgåver i andre fag enn norsk, gitt på norsk mål, liggje føre i begge målformer. Eksamenskandidater [sic] kan få oppgåvene på bokmål eller nynorsk etter ønske. (Lovdata 1987)

¹ Seinare vert desse omtala som to ulike språk. Sjå 1.6.

Her vert retten til eksamen på eiga målform slått fast, og grunna forskrifta må statlege utdanningsinstitusjonar tilby eksamensoppgåver på den målforma studenten ynskjer. Formålet med granskinga er å sjå korleis denne språkforvaltninga fungerer i praksis, og kva språkhaldningar og språkideologiar som spelar inn.

Forholdet mellom bokmål og nynorsk står sentralt i *Stortingsmelding 35 Mål og mening* (2007–2008). I meldinga vert det slått fast kva posisjon bokmål og nynorsk har, kva språkutfordringar ein står overfor i Noreg, til dømes i møte med engelsk, og kva tiltak staten bør setje i verk. Det vert også hevda at brot på, eller krenking av, formelle språklege rettar er språkleg diskriminering. *Mål og mening* er eit politisk dokument, og meldinga står sentralt fordi ho kjem med framlegg til framtidig politikk. Ho er dimes bakteppe i ei gransking som denne. I tillegg til *forskrift om målform i eksamensoppgåver* er Universitetet i Oslo underlagt *lov om målbruk i offentleg teneste*. Denne lova regulerer bruken av nynorsk og bokmål i staten, og ho slår mellom anna fast at verken nynorsk eller bokmål skal vere representert med mindre enn 25 prosent i skriftleg tilfang (Lovdata: Mållova: 1980). Universitetet i Oslo må kvart år rapportere til Språkrådet om dei har oppfylt lova. Utdanningsinstitusjonen har aldri klart å nå 25 prosent, noko som kvart år vert grundig dokumentert i *Rapport om målbruk i offentleg teneste*. Det det derimot ikkje finst dokumentasjon på, er om *forskrift om målform i eksamensoppgåver* vert følgd.

Språk i høgare utdanning er emnet for rapporten *Hvor parallelt? Om parallellspråkighet på Nordens universitet* (2014). Han tek føre seg parallellspråklegheit ved universiteta i Norden, og syner at det manglar retningslinjer for parallellspråklegheita. Slike retningslinjer kan også kallast språkstrategiar. I *Norsk i hundre* (2005), rapporten som la grunnlaget for *Mål og mening*, vert det peika på at det er eit behov for slike retningslinjer i høgare utdanning. Rapporten omhandlar mellom anna fagspråk og terminologi. Det vert hevda at dersom norsk står svakt i møte med engelsk, står nynorsken ekstra svakt (Språkrådet 2005: 144). Språkleg jamstilling mellom nynorsk og bokmål er naudsynt for at norsk fagspråk skal bli styrkt. I rapporten peikar ein på at gapet mellom prinsipp og praksis er stort på dette feltet. Det er interessant å studere om dette også er tilfellet ved Universitetet i Oslo. Dels finst det retningslinjer for nynorsk ved institusjonen, men det er naudsynt å sjå om desse vert følgde. Engelsk sin plass ved UiO vert også drøfta i denne oppgåva, då denne spelar ei avgjerande rolle for både bokmålet og nynorsken.

Oppgåva tek føre seg den fleirspråklege praksisen ved Universitetet i Oslo. Det er ei gransking av grammatiske feil og avvik, system for produksjon av eksamensoppgåver og språkideologi og språkhaldningar. Då det ikkje finst dokumentasjon på om UiO følgjer *forskrift om målform i eksamensoppgåver*, vil oppgåva kunne fylle eit hol. Emnet er lite omtala, og samanhengane mellom komponentane oppgåva tek føre seg, er ikkje studerte. Rapportane som er viste til over, avdekkjer eit behov for retningslinjer og språkstrategiar, men også at det er skilnad på teori og praksis. Med dette bakteppet er det interessant å studere den konkrete praksisen på ein konkret institusjon.

1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål

Den overordna problemstillinga for oppgåva er *Skriftmangfald på norsk: språkforvaltning, normbrot og språkhaldningar*. Eg ynskjer gjennom granskinga å svare på tre forskingsspørsmål:

1. Kva grammatiske feil og avvik er å finne i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?
2. Kva system og praksi har UiO når det vert laga eksamensoppgåver?
3. I kva grad kan språkhaldningar og underliggjande språkideologiar vere med på å forklare grammatiske feil og avvik i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?

I *forskrift om målform i eksamensoppgåver* står det at eksamensoppgåvene skal liggje føre på målforma som studenten ynskjer. Dette er eit eksplisitt krav, men implisitt i det ligg eit krav til språkleg kvalitet. Dersom språket er så dårleg at det ikkje kan passere som nynorsk, hjelper det lite å påstå at det er nynorsk. Ein forventar korrekt språkbruk. Å studere feil og avvik i eksamensoppgåver er interessant av fleire grunnar. At det ligg føre eksamensoppgåver på nynorsk, tyder på at universitetet handlar i samsvar med forskrifta, men gjennom ei slik grammatisk gransking kan ein seie noko om *kvaliteten* på den faktiske språkbruken. Dersom denne er dårleg, avdekkjer ein brot på forskrifta og på studenten sine språklege rettar. Dette er viktig for å seinare sikre desse rettane. Ved å studere feil og avvik kan ein også sjå kvar skoen trykkjer. Når ein veit kvar utfordringane ligg, er det lettare å bøte på desse. Å granske eksamensoppgåver har ein praktisk nytteverdi. Ein ser kva feiltypar som går att, og dimed kvar ein bør setje i verk tiltak. Det er nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved

Universitetet i Oslo som er studieobjektet, og målet med spørsmål éin er altså å kartleggje kva grammatiske feil og avvik som finst i desse. Forskingsspørsmål to dreier seg om system og praksis ved universitetet. Praksisen som vert avdekt, vil bli sett i samanheng med forskningsspørsmål éin, og vil truleg seie noko om språkforvaltninga ved universitetet. I forskningsspørsmål tre er spørsmålet kva språkhaldningar og underliggjande språkideologiar som finst ved UiO, og om desse kan vere med på å forklare grammatiske feil og avvik. Det er ein tydeleg samanheng mellom dei tre forskningsspørsmåla, og alle er relevante for den overordna problemstillinga *Skriftmangfald på norsk: språkforvaltning, normbrot og språkhaldningar*.

1.3 Eigen ståstad

Inga gransking er nøytral, då forskaren alltid vil bere med seg eigen ståstad og egne synspunkt. Det er alltid eit personleg element til stades (Fog 1996). Eigne synspunkt vil kunne påverke vala ein gjer undervegs i prosessen, og korleis ein analyserer og tolkar funna ein gjer. Samstundes vil ein god forskar halde seg til metodiske krav og vitskaplege prinsipp, og stadig arbeide for å vere så nøytral som mogleg. Spørsmålet om den norske språksituasjonen har vore og er verdiladd, og då slike verdiladde spørsmål ofte er knytte til personleg bakgrunn og politisk ståstad, er det viktig å vere open om eige utgangspunkt.

Eg har vakse opp med nynorsk som hovudmål og har eit sterk forhold til språket. Eg er ein bevisst språkbrukar som kjenner rettane mine og som har engasjert meg for at desse vert verna om og respekterte. Gjennom verv i organisasjonen Norsk Målungdom har eg vore politisk aktiv både på lokallagsnivå og som sentralstyremedlem. Dette engasjementet har auka interessa mi for målsaka og språkspørsmål meir generelt. Saman med ei interesse for rettskriving, byråkrati, forvaltning og språkhaldningar var det dette engasjementet som fekk meg til å velje emne for denne masteroppgåva. Interesse for korleis ein statleg institusjon fungerer, har samstundes gjeve meg innsikt i at ingenting er så lett som det kan verke på papiret. Eg har dimed forståing for utfordringane ein institusjon som Universitetet i Oslo står overfor. Utgangspunktet mitt er ikkje språkleg nøytralt, men med gode metodiske retningslinjer har eg søkt å opptre som ein objektiv forskar. Fog (1996: 203) hevdar at: «Forskerens person er en forskningsbetingelse, som man må forholde sig rationelt til: man må inddrage denne betingelse, undersøge den og derved finde ud af, hvordan den har haft

indflydelse.» Gjennom no å ha greidd ut om eigen ståstad har eg byrja dette arbeidet, og det vil halde fram gjennom heile oppgåva.

1.4 Om eksamensoppgåver ved UiO som studieobjekt

Studieobjektet i denne granskinga er nynorskversjonen av eksamensoppgåver frå skuleeksamenar som vart gjevne ved Universitetet i Oslo våren 2014. Gjennom oppgåva vil dei bli omtala som eksamensoppgåver. UiO er ein statleg, nasjonal utdanningsinstitusjon, og er dimed pålagt å følgje mållova og *forskrift om målform i eksamensoppgåver*. Det er dette som ligg til grunn for at institusjonen produserer eksamensoppgåver på begge målformer. Kvart år må UiO gjennom *Rapport om målbruk i offentleg teneste* syne i kor stor grad dei oppfyller krava i mållova, men det finst ingen tal på om utdanningsinstitusjonen oppfyller krava forskrifta stiller. Dette gjer eksamensoppgåver frå UiO til eit spanande studieobjekt.

1.5 Tidlegare forskning

Ei gransking som denne har aldri før blitt gjord. Komponentane ho rommar, derimot, har alle blitt forska på. Fleire har studert grammatiske feil og avvik i nynorske tekstar skrivne av skuleelevar (Wiggen 1992/1996, Søyland 2002) og studentar (Vassenden 1994, Stauri 2002). Desse granskingane har hatt ulike formål, men dei avdekkjer alle feil i staving og bøying av ord. Mange feil skuldast at eleven/studenten blandar bokmålsformer og nynorskformer (Stauri 2002).

Ein må også sjå til skulen om ein skal finne forskning på haldningar til nynorsk. Mange møter nynorsken primært i skulen, og for mange er nynorsk i stor grad einstyddande med sidemål. Fleire har granska kva haldningar elevar har til nynorsk som sidemål, (Akselberg 2002, Andresson 2007, Slettemark 2006, Nordal 2004). Utfordringa med desse undersøkingane er at haldningane dei avdekkjer, ikkje berre rettar seg mot nynorsk rettskriving. Også plassen sidemål skal ha i skulen og korleis det vert undervist i, spelar inn. Forsking gjord på haldningar til nynorsk som sidemål er likevel relevant i denne granskinga då det også ved UiO er vanskeleg å berre studere haldningar til nynorsk. Mange av informantane vil ha med seg haldningar frå tida som skuleelev, og desse vil kunne verke inn. Basert på dette kan ein hevde at forskning gjord på haldningar til nynorsk som sidemål kan gje ein peikepinn på kva

haldningar ein kan finne ved UiO. Forsking på nynorsk som sidemål har også avdekt ein tydeleg samanheng mellom haldningar og prestasjonar (Andersson 2007). Dette kan tyde på at det ved UiO vil vere ein samanheng mellom haldningar til nynorsk og talet på grammatiske feil og avvik i eksamensoppgåver.

Denne granskinga tek også føre seg språkideologi. I Noreg har det blitt forska lite på språkideologiar i dag, men fleire har granska kva ideologiar som låg bak språkutviklinga i landet på 1800- og 1900-talet (til dømes Bucken-Knapp 2003). Desse har peika på at liberalismen lenge rådde i norsk språkpolitikk, men at andre faktorar og pressgrupper heile vegen har spelt ei stor rolle. Går ein utanfor den norske konteksten, er Irvine og Gal (2000) og Woolard mfl. (1998) døme på relevant språkideologisk teori. Bjørhusdal (2014) si gransking av norsk offentleg språkpolitikk frå 1885 til 2005 er relevant i denne oppgåva. Ho rommar både ideologi, politikk, byråkrati og språklege rettar. Særleg har eg vendt meg til ho for ein analyse av sistnemnde.

I 2014 vart rapporten *Hvor parallelt?* publisert. Han tek som nemnt føre seg parallellspråklegheit ved universiteta i Norden, der engelsk er parallellspråket til dei nordiske. Han rommar både språkpolitikk og språkpraksis, og konkluderer mellom anna med at det språkpolitiske ansvaret i praksis er overlate til dei enkelte fagmiljøa, og at det manglar retningslinjer for parallellspråklegheit (Kristoffersen mfl. 2014). Sjølv om rapporten ikkje tek føre seg bokmål og nynorsk, ser ein at han har overføringsverdi til også denne parallellspråklegheita. Kvart år må Universitetet i Oslo rapportere til Språkrådet for krava stilte i mållova. Denne rapporten rommar ikkje krava i *forskrift om målform i eksamensoppgåver*, og han seier ingenting om kvalitet. Likevel er *Rapport om målbruk i offentleg teneste* relevant i denne granskinga då han seier noko om stoda til nynorsken ved UiO. Også forskning på fleirspråklegheit i arbeidslivet er relevant i denne granskinga, og her er Duchêne (2008) sentral. Han peikar på korleis fleirspråklegheit kan vere ein verdi på arbeidsplassen, men også at dette avheng av makt og økonomiske og ideologiske interesser.

Når eg vel å gjere ei gransking som rommar både grammatiske feil, system, haldningar og ideologiar, er det fordi det er interessant å sjå korleis desse samverkar. Storparten av granskingane nemnde over studerer ikkje ein slik samverknad. Denne granskinga vil dimed kunne seie noko om forholdet mellom studieobjekta i dei ulike granskingane, spesielt gjeld dette grammatiske feil og haldningar.

1.6 Språk eller målform

Det er mange faktorar som spelar inn når ein skal avgjere kva som vert rekna som eit språk. Ifølgje Røyneland (2008: 16) har «[...] politiske, geografiske, historiske, sosiologiske og kulturelle forhold langt meir å seie enn det reint lingvistiske». At slike forhold spelar inn, ser ein også i den kjende utsegna til Max Weinreich: «Eit språk er ein dialekt med ein hær og ein marine.» Det er likevel ikkje irrelevant med ein lingvistisk definisjon: «Språk er eit system av einingar på ulike nivå og av reglar for korleis dei skal nyttast.» (Almenning mfl. 2002: 13) I denne oppgåva har nynorsken ein sentral plass, og ifølgje Rolf Theil (2015) bør nynorsk og bokmål bli rekna som ulike språk dersom dansk og bokmål vert det. Denne påstanden har eit lingvistisk utgangspunkt, men ut frå det vi no har sett, er ikkje det tilsetreккеleg. For å gå nærare inn på spørsmålet om nynorsk er eit eige språk, kan ein nytte Heinz Kloss (1967) sitt skilje mellom avstandsspråk og utbyggingsspråk. Avstandsspråka vert definerte ut frå lingvistisk avstand til andre språk, medan utbyggingsspråk vert definerte ut frå sosiopolitiske forhold (Røyneland 2008: 18). Dei skandinaviske språka er utbyggingsspråk i høve til kvarandre. Dei er ulike standardiserte språk, men inngår i det same geografiske dialektkontinuumet, ei rekkje gjensidig forståelege varietetar. Innanfor eit dialektkontinuum er spørsmålet om kva som er ulike språk, politisk. Dette ser ein i spørsmålet om nynorsk og bokmål er *språk* eller (mål)*former* av same språket.

Nemninga *målform* vart fyrst nytta av offentlege styresmakter. Språkrådet hevdar at «[e]i målform er ein skriftnormal, eit skriftspråk», og at nemninga i nynorsk «[...] òg brukast meir generelt om stil, språkleg utforming, språkform: ‘ei klår målform’» (Språkrådet 2010). Organisasjonen Norsk Målungdom nyttar ikkje denne nemninga. Han omtalar nynorsk og bokmål som *språk*. Dette kan ein sjå som eit politisk val. I ei fråsegn frå 2010 (Vedlegg 4) står det at nemninga *målform* «[...] er ei leivning av samnorskpolitikken, og ho høyrer ikkje heime i dagens språkpolitiske landskap». Vidare står det at nynorsk og bokmål er eigne språk, ikkje berre to former av same språket. Det vert mellom anna vist til språka sine opphav og til skriftradisjonar. Ei slik grunngjeving byggjer på faktiske forhold, og fleire har argumentert på same måten. Grepstad (2006: 8) hevdar at:

Nynorsk er meir enn språk. Nynorsk er både ein skriftkode og ein variant av norsk, og ein heil skriftkultur som har fått sitt kulturelle særpreg gjennom 150 års bruk og utvikling. Nynorsk og bokmål kan best forståast som to ulike skriftkulturar innanfor den språkdeltede norske kulturen.

Dette sitatet er ikkje skriva som eit innlegg i ein nemningsdebatt, men påstandar som denne gjev grunnlag for å argumentere for at nynorsk og bokmål er ulike språk. Sitatet er henta frå *Viljen til språk*, og vidare i passasjen nyttar Grepstad termen *målformer*, før han så omtalar nynorsk som *språk*. Vi ser her at Grepstad nyttar termene *språk* og *målform* om kvarandre. Dette syner kor kompleks dette spørsmålet er, og at nemninga *målform* er sterkt innarbeidd. Riksmålsforbundet, som politisk er ein motpart til Norsk Målungdom, nyttar nemningane *målform* og *skriftspråkvariant* (Riksmålsforbundet 2015). Også her kan ein sjå valet av term som politisk.

For å vende attende til teorien om avstands- og utbyggingsspråk kan vi sjå til Vikør (1997: 52). Han hevdar at: «Nynorsk er [...] eit utbyggingsspråk i forhold til bokmål, ikkje på den måten at han har opphav i bokmålet, men slik han har levd og lever under bokmålet sin dominans [...]». I dette ligg det eit syn på at nynorsken er skild frå bokmålet, at dei er to ulike utbyggingsspråk. I *Mål og meining* er det slått fast at «[d]et overordna målet for språkpolitikken byggjer på den erkjenninga at norsk er kløyvd i to skriftspråk» (Stortingsmelding 35 2008). Dette samsvarer med Vikør sitt syn, og ein kan tolke det som ei fastslåing av at nynorsk og bokmål er *språk*, ikkje *målformer*. At termen «nynorsk språk» vert brukt i meldinga, understrekar dette. Her skil nemningsbruken seg frå storparten andre offentlege dokument, der *målform* er gjennomgåande (til dømes *lov om offentleg målbruk*).

I denne granskinga vel eg å nytte nemninga *språk* når eg omtalar bokmål og nynorsk. Årsaka til dette er samansett. Eg ser på bokmål og nynorsk som utbyggingsspråk på linje med dansk og svensk. Det er like fullt eit politisk element i valet, då utbyggingsspråk er definerte ut frå sosiopolitiske forhold. Ei anna årsak er at nemninga *målform* er for snever. Språkrådet hevdar at ei *målform* er ein skriftnormal, men nynorsken er så mykje meir enn det (jamfør Grepstad). I valet ligg også ei semje i Janson (1997) sitt syn på at eit språk eksisterer når dei som snakkar det, vil at det skal vere eit språk. Bjørhusdal (2014) er døme på andre forskarar som har gjort det same valet. Når ein vel termen *språk*, banar det også veg for å nytte teoriar om fleirspråklegheit. Ifølgje Vulchanova mfl. (2012) gjev det å kunne bokmål og nynorsk tospråksvinstar. Det vil seie at ein kan nytte teoriar om fleirspråklegheit når ein omtalar bokmål og nynorsk og språkbrukarane som meistrar begge språka. I denne granskinga er det teoriar om fleirspråklegheit på arbeidsplassen som står sentralt (Duchêne 2008).

1.7 Struktur på oppgåva

Denne oppgåva er delt inn i sju kapittel. I innleiingskapittelet presenterer eg emne, problemstilling, studieobjekt, tidlegare forskning og ei drøfting av termane språk og målform. I kapittel to vert relevant teori presentert, og denne ligg som grunnlag for resten av oppgåva. Metoden nytta i granskinga vert presentert og drøfta i kapittel tre. Sjølve gjennomføringa av granskinga vert greidd ut om i kapittel fire. Kapittel fem og seks kan reknast som hovudkapittel i oppgåva. I kapittel fem vert forskingsspørsmål éin svart på, tal på feil og mogleg årsaker til desse vert presenterte, før fakulteta vert samanlikna. Forskingsspørsmål to og tre utgjer grunnlaget for kapittel seks. Her vert intervjudata presenterte og analyserte, og i dette kapittelet finn storparten av drøftinga stad. I det siste kapittelet i oppgåva vert funna oppsummerte, det vert konkludert, og betydning og innvendingar vert drøfta, før det heilt til slutt vert peika på behov for vidare forskning.

2 Teori

For å kunne svare på forskingsspørsmåla i denne granskinga må ein ha eit teoretisk rammeverk. Ein må definere sentrale omgrep og sjå granskinga i ein større teoretisk samanheng. Dette kapittelet presenterer teoriar som utgjer eit slikt rammeverk. Sentralt står grammatiske feil og stilideal, språkideologi, språkhaldningar og forholdet mellom språk og makt.

2.1 Grammatiske feil og stilideal

2.1.1 Typiske feil

Språkvaskar og omsetjar Aud Søyland laga i 2002 ei utgreiing på oppdrag frå Språkrådet om kva punkt i nynorsknorma språkbrukarane har problem med. I denne utgreiinga kjem det fram at nokre grammatiske feil går att hjå mange språkbrukarar. Det vert peika på trekk ved nynorsken som skil seg frå bokmålet, og som mange, dels grunna dette, ikkje meistrar. Denne oversikta er eit godt verktøy når ein studerer grammatiske feil. I utgreiinga deler Søyland feila inn etter grammatiske kategoriar og drøftar kvifor ulike feil oppstår. Det er interessant å sjå om feila som vert avdekte i eksamensoppgåver ved UiO, også er å finne i Søyland si oversikt. Store delar av utgreiinga tek føre seg materiale frå KAL-prosjektet 2000 (*Kvalitets sikring av læringsutbyttet i norsk skriftleg*), og er ein gjennomgang og av feil i eksamenssvar frå tiandeklassingar med nynorsk som hovudmål. Med feil meiner Søyland (2002) skrivemåtar som ikkje samsvarer med gjeldande nynorsk rettskriving, og det er også slik feil vert definert i mi gransking. KAL-materialet er stort, og Søyland har gjort eit grundig arbeid, men ein må merke seg at det er elevar med nynorsk som hovudmål som har skrive eksamenssvara. Dette er viktig fordi hovudmålet kan påverke kva feil ein gjer, og fordi hovudmålet til dei som har laga eksamensoppgåvene i denne granskinga, i stor grad er bokmål. Likevel meiner eg at det er mogleg å nytte KAL-materialet, då eg har funne stort samsvar mellom registrerte feil i det og i materialet i eiga gransking. Søyland viser ofte til påverknad frå bokmål som årsak til feil, og denne påverknaden vil truleg vere aktuell i også i granskinga av eksamensoppgåver ved UiO.

2.1.2 Korleis kan bokmålet påverke?

Påverknaden frå bokmål er også studert av Tormod Stauri (2002). I artikkelen «Korleis klarer vi å utvikle kvalitet i skrivinga til studentane?» presenterer han to hovudtypar grammatiske avvik der nynorsken går i retning bokmålet. Den fyrste typen, type A, er direkte overføring, der bokmålsord vert tekne opp i nynorsken. Type B er ei blanding av dei to målformene, kalla hybride ordformer, og denne typen har han delt inn i tre undertypar. Undertype 1 er eit bokmålsleksem med nynorsk bøying, undertype 2 er eit nynorskleksem med bokmålsbøying medan undertype 3 er ei blanding av formene, ein type han hevdar kan minne om svensk. Stauri si inndeling er oversiktleg, og ho kan vere eit godt hjelpemiddel når ein prøver å forstå kva feil som er gjorde i ein tekst, og om påverknad frå bokmål kan vere ei årsak til at feilen har oppstått. Då storparten av dei som har forfatta eller omsett eksamensoppgåvene eg studerer, har bokmål som hovudmål, er det naturleg å sjå på ein slik påverknad. Eg vil difor i gjennomgangen av grammatiske feil og avvik vise til denne inndelinga.

2.1.3 Det nynorske stilidealet

Stauri (2002) tek føre seg rettskrivingsmåtar som ikkje samsvarer med gjeldande nynorsk rettskriving, det ein kan kalle faktiske feil. Forskingsspørsmål éin i denne granskinga spør ikkje berre kva feil som finst i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO, men også kva avvik som finst. Ordet avvik knyter eg her til å vere ulik, å skilje seg frå det vanlege. Det ein eventuelt skil seg frå, er det eg har valt å kalle det nynorske stilidealet. I kategoriseringa har eg valt å ha med to slike avvik: s-genitiv og passiv. Dette er grammatiske trekk som er brukte i nynorsk, men som mange grammatikkar anbefaler å unngå. Språkrådet hevdar at «[s]jølv om passiv i nynorsk er fullt mogleg [...] bør du tenkja på at uttrykksmåten ofte vil bli like god eller betre om du nyttar aktiv og dermed klårgjer kven som handlar» (Språkrådet 2012). Å nytte passiv er dimes å halde seg innanfor korrekt rettskriving, men det er ikkje rekna som «god nynorsk». Bruk av s-genitiv er i mindre grad enn passivbruk brot med stilidealet, men bruken av s-genitiv er like fullt mindre i nynorsk enn i bokmål, og det er vanleg med andre formuleringar. Brot med det nynorske stilidealet kan seie noko om nynorskkompetansen til den som skriv. Dersom ein omset ein tekst ord for ord, vil stilen i teksten vere den same. Nokre omsetjingsprogram og -byrå vil omsetje på denne måten.

2.2 Språkideologi

Gjennom forskings spørsmål tre ynskjer eg å studere i kva grad språkhaldningar og underliggjande språkideologiar kan vere med på å forklare grammatiske feil og avvik i eksamensoppgåver ved Universitetet i Oslo. Språkhaldningar og språkideologi står i ein nær samanheng til kvarandre: «[...] language attitudes can be viewed as being influenced by powerful ideological positions.» (Garrett 2010: 34) Av denne utsegna går det indirekte fram at dei to ligg på ulike nivå. Språkideologiar er kollektive oppfatningar, medan haldningar ligg hjå enkeltindividet. Haldningane til individet kan vere knytte til og påverka av ulike ideologiar. Det finst mange definsjonar av språkideologiar. Irvin (1989: 255) definerer ideologiar som «[...] the cultural system of ideas about social and linguistic relationship, together with their loading of moral and political interest». Denne definisjonen rommar det politiske aspektet som er relevant i granskinga av språkideologiar ved UiO. Språk er politikk, og ulike ideologiar kan liggje bak ulike syn på den norsk språksituasjonen, forholdet mellom nynorsk og bokmål og regelverket UiO må følgje. Språkideologiar er relaterte til maktrelasjonar og det kulturelle hegemoniet (Gal 1998), og vi skal sjå at makt og hegemoni spelar inn ved UiO. Ideologiar kan vere bevisste, men også underbevisste: «[...] ideology is not necessarily conscious, deliberate, or systematically organized thought, or even thought at all; it is behavioral, practical, prereflective, or structural.» (Woolard 1998: 6) Dette har dei til felles med haldningar, og det påverkar korleis ein kan gå fram for å avdekkje dei. Garrett hevdar at ideologiar «[...] comprises a patterned but naturalised set of assumptions and values about how the world works, a set which is associated with a particular social or cultural group.» (2010: 34). Ut frå dette kan ein hevde at vi i denne granskinga må sjå kva syn informantane har på korleis verda fungerer, og kva assosiasjonar informantane har til nynorsk og nynorskbrukaren.

2.2.1 Éin nasjon, eitt folk, eitt språk

Den herderske ideologien om éin nasjon, eitt språk, eitt folk oppstod under nasjonalromantikken (Torp & Vikør 1993). Ideologien spreidde seg mellom anna til Danmark-Noreg, og målreisingsrørsler og sjølvstendekrav var blant resultata. I Noreg løfta mellom andre Garborg (1877) fram denne ideologien, som seinare har blitt kalla lingvistisk nasjonalisme (Irvine & Gal 2000: 70). Universitetet i Oslo er ingen nasjonalstat, men ideologien har overføringsverdi til andre territorium. Språkideologiar er førestillingar om ein

sosial og lingvistisk samanheng. Her er det ei gruppe menneske i eit geografisk område som deler eit felles språk. Bokmålet står sterkt i Oslo og ved UiO, og storparten av menneska som arbeider ved instutusjonen, deler dette språket. Dette gjer det relevant å sjå etter spor av ideologien i intervjumaterialet.

2.2.2 Ideologiar i norsk språkhistorie

Språkideologiar inneheld politiske interesser, og gjennom mellom anna normering og språklovgjeving har desse påverka språksituasjonen i Noreg. Gjennom å studere den politiske sida av språkhistoria får ein innsyn i ideologiar som har verka inn. Desse dannar eit grunnlag for situasjonen i dag, og dei kan hjelpe oss til å forstå kva språkideologiar som er å finne ved Universitetet i Oslo.

Ideologien om éin nasjon, eitt folk, eitt språk var ei av drivkreftene bak framveksten av landsmålet. Noreg fekk eit eige språk, og i 1885 vart dette likestilt med den fornorska dansken. Dette er grunnlaget for all seinare språkpolitikk i landet. Når ein studerer forholdet mellom det som i 1929 vart bokmål og nynorsk, frå då og fram til i dag, må ein sjå på det politiske landskapet. I 1885 var det to parti i Noreg: Høgre og Venstre. Desse har tradisjonelt stått på kvar si side i målsaka. Høgre var eit liberalkonservativt parti, og med den liberalistiske ideologien som utgangspunkt var partiet mot språkstyring og for «Den frie Sprogutvikling». På den andre sida stod Venstre, eit parti som mellom anna kjempa for eit eige norsk skriftspråk. Då jamstillingsvedtaket vart gjort, røysta heile Høgre mot, medan venstrerepresentantane, sett vekk frå éin, røysta for (Mjeldheim 1984: 391). Mjeldheim hevdar at Venstre kjempa målsaka fordi ho «[...] stetta ein trong hos dei til ideologisk profilering» og markerte ein avstand til Høgre (1984: 391). Skiljet mellom dei to i språkspørsmålet var også knytt til skiljet mellom by og land, og språkpolitikken var sjeldan rein språkpolitikk. Overordna ideologiar og kampen om folkerøystene la føringar.

Rundt år 1900 kom Det norske arbeidarpartiet (DNA) inn i norsk politikk. DNA følgde i byrjinga marxistiske linjer i språkspørsmålet. Det vil seie at partiet meinte at språkkonflikt ville undergrave klassekonflikt, og dei heldt seg difor lingvistisk nøytrale. På slutten av 30-talet gjekk dei bort frå dette og byrja arbeidet med det dei håpa skulle bli eitt felles norsk språk, kjent som samnorsk. Ein ser ein ideologisk tanke bak dette arbeidet: «Through linguistic planning, the government fully intended to reduce the linguistic privilege that the Norwegian upper-class maintained in imposing their written language on the nation as

‘proper’ and ‘official’.» (Bucken-Knapp 2003: 81) Sentralt i arbeidet stod Halvdan Koht, som meinte at bokmålet som språket til den øvre klassen var med på å ivareta ein klassekultur i Noreg. Eit geografiske skilje spelte inn også her, då DNA nytta samnorsken til å syne det rurale Noreg at partiet ville ta omsyn til bekymringane deira (Bucken-Knapp 2003: 75). Ein ser at språkspørsmålet ikkje i seg sjølv er drivkrafta, men at det vert eit verkemiddel i ein politisk kamp. Seinare gjekk ein vekk frå samnorsktanken, eit skifte som Bucken-Knapp (2003) hevdar kan forklarast ved eit skifte i ideologien til partiet og i den politiske konkurransen, saman med sterke interessegrupper.

Dette historiske tilbakeblikket syner at ulike ideologiar, politiske og økonomiske, ligg til grunn for språkleg utvikling. Ein må difor sjå språkideologiane i samband med andre ideologiar og andre drivkrefter som har fått og får språklege konsekvensar. I denne granskinga vil vi sjå at språkideologiar og andre ideologiar spelar ei rolle, men at til dømes økonomiske krefter og maktrelasjonar også er viktige.

Som det går fram av det historiske risset, vart aldri språkpolitikken i Noreg legitimert med at han var bra for nynorsken. Funn gjorde av Eli Bjørhusdal (2014) stadfestar dette. Ho har studert dei ulike språkrettane på det norsk opplæringsfeltet². Ho hevdar at det finst ulike typar rettar: territorielle, personlege og universelle. Retten til eksamen på eiga målform er ein rett til enkeltindividet, men då han gjeld alle – uavhengig av målform – er han universell. Bjørhusdal skriv: «Norske opplæringsmakter opererer altså ikkje med *særbehandlande* eller *differensierte* ordningar.» Språkpolitikken skulle ikkje primært vere bra for nynorsken eller nynorskbrukaren, han skulle snarare gagne rettferd, like vilkår og demokrati (Bjørhusdal 2014). Det er dette som ligg bak at ein har universelle rettar. Bjørhusdal sine funn er relevante når vi studerer korleis tilsette ved UiO ser på rettane til nynorskstudenten, og korleis desse rettane vert ivaretekne ved utdanningsinstitusjonen.

2 Bjørhusdal studerer opplæringa i grunnskule og vidaregåande skule, men funna hennar er også relevante for høgare utdanning.

2.3 Språkhaldningar

Peter Garrett, ein av dei fremste forskarane på språkhaldningar, definerer haldning slik:

[...] an attitude is an evaluative orientation to a social object of some sort, whether it is a language, or a new government policy, etc. And, as a 'disposition', an attitude can be seen as having a degree of stability that allows it to be identified. (Garrett 2010: 20)

Han hevdar at haldningar er ei slags orientering til eit objekt, og i vår samanheng er objektet språk. Ein kan dimed hevde at i omgrepet språkhaldning ligg ei orientering mot eit språk, ei form for evaluering av det. At evaluering av eit objekt er ein del av haldningar, kjem også fram i ein annan definisjon: «A disposition to react favourably or unfavourably to a class of objects.» (Sarnoff 1970: 279) Denne definisjonen framhevar det evaluerande ved haldningar, det at ein vurderer haldningsobjektet og kan reagere deretter. I denne granskinga er det også relevant korleis haldningar vert konstruerte. Ifølgje Garrett (2010) kan ein tileigne seg og lære haldningar gjennom egne erfaringar (*instrumental learning*) og gjennom å observere andre i det sosiale miljøet ein er ein del av (*observational learning*). I dette tilfellet er det interessant å sjå om UiO dannar eit slags haldningsmiljø der tilsette over tid tileignar seg bestemte haldningar.

Språk er nært knytt til språkbrukaren. Meningane ein har om eit språk, er nært knytte til meiningar om språkbrukaren. Det er dimed vanskeleg å skilje språkhaldningar frå haldningar til dei som brukar det aktuelle språket (Garret 2010: 16). Garrett (2010: 33) hevdar at:

[...] language varieties and styles can trigger beliefs about a speaker and their social group membership, often influenced by language ideologies, leading to stereotypic assumptions about shared characteristics of those group members.

Dersom ein høyrer eller ser språktrekk, kan ein kople inn oppfatningar om brukaren av dette språktrekket. Dette fører til stereotype tankar om han eller ho. Både haldningar og ideologiar er relevant her. Denne granskinga er spesiell då dei som har skrive nynorsken ho tek utgangspunkt i, i mange tilfelle ikkje er nynorskbrukarar. Likevel er koplinga til stereotypiar og tankar om språkbrukaren relevant. Vi ser mellom anna dette i synet på nynorsk som kultur (6.2.2).

2.3.1 Tre hovudkomponentar og forholdet mellom haldning og handling

Garrett (2010) hevdar at det er tre hovudkomponentar som er relevante når ein studerer haldningar: kognisjon, affekt og åtferd. Fyrstnemnde handlar om at haldningar inneheld og er bygde opp av meiningar om verda, og at det er meining knytt til ulike objekt og assosiasjonar mellom objekt. Affekt gjeld kjensler til haldningsobjektet. Ein kan ha ulik grad av positive og negative kjensler knytte til objektet. Den tredje komponenten, åtferd, viser til forholdet mellom haldning og handling. Haldningar kan påverke handling, og handlinga er også knytt til det kognitive og affektive. I seinare tid har det oppstått ein skepsis til at dei tre komponentane kognisjon, affekt og åtferd er haldningar i seg sjølv, ein trur snarare at dei utløyser haldning (Garrett 2010: 23). Det er ein tydeleg samanheng mellom haldning og handling, men kva som påverkar kva og korleis, er vanskeleg å slå fast endeleg.

Ein kan også oppleve konflikt mellom ulike haldningar (Garrett 2010: 26). Ein har ulike haldningar til ulike haldningsobjekt, og ikkje alle desse haldningane går overeins. Avhengig av situasjonen vil den eine haldninga då gjerne dominere over den andre. Med andre ord kan konkurrerande haldningar føre til alternative handlingar (Erwin 2001: 70). Det er også andre faktorar enn haldningar som påverkar korleis vi handlar. Desse kan gripe inn mellom intendert og faktisk handling (Garrett 2010: 27), og endrar dimed handlinga ein kunne forvente ut frå haldninga. Det er også slik at handlingane må vere under vår kontroll, og denne kontrollen kan bli påverka av både ytre og indre faktorar. Døme på ytre faktorar er tid, fasilitetar og å vere avhengig av andre medan døme på indre faktorar er kunnskap, dugleik og evna til tilstrekkeleg planlegging (Garrett 2010: 28). Fleire av desse faktorane, spesielt tid og dugleik, spelar inn i arbeidet med eksamensoppgåver ved Universitetet i Oslo.

2.3.2 Bevisste og underbevisste haldningar

Mange forskarar meiner det finst ulike typar haldningar, og at det går eit skilje mellom det som ofte vert omtala som bevisste og underbevisste, også kalla opne og skjulte/private (til dømes Kristiansen 2011, Garrett 2010). Kvar skiljet mellom dei går, er ikkje alltid like klart, og dei ulike typane vert oftast omtala i samband med drøfting av metodar for å avdekkje haldningar. Tore Kristiansen (2011) har framheva dei underbevisste haldningane som dei mest nyttige å undersøkje dersom ein skal finne ein samanheng mellom haldningar og språkutvikling. Han har studert språkbruk i København, og konkluderer med at «[...]

developments in language use accord very badly with consciously offered attitudes, but very well with subconsciously offered attitudes» (Kristiansen 2009: 189). Vidare meiner han at ein for å få tilgang til dei underbevisste haldningane må nytte indirekte metodar. Ein kan difor påstå at skiljet mellom bevisste og underbevisste haldningar også dreier som om eit skilje mellom forskingsmetodar. Dette er noko Kristiansen seier når han påstår at Labov refererer til aspekt ved datainnsamlingsteknikkar og ikkje sjølv dataa når han nyttar omgrepet unconscious attitudes (Kristiansen 2011: 271).

Nokre er kritiske til skiljet mellom bevisste og underbevisste haldningar. Marie Maegaard hevdar at haldningar vert konstruerte forskjellig i forskjellige samanhengar, og at ein ikkje kan omtale nokre haldningar som meir ekte enn andre (Maegaard 2009: 173). Her peikar ho på at dei underbevisste ofte vert framheva som meir autentiske enn dei bevisste. Denne meininga påverkar då også hennar syn på korleis ein kan avdekkje haldningar. Kristiansen nytta i København masketestar, ein metode som undersøker private/underbevisste haldningar. Maegaard er samd i at funna frå prosjektet i Danmark syner at den typen haldningar som vert avdekte i prosjektet, kan knytast til språkforandringane ein har observert, og at den typen haldningar dimed er viktige for den typen undersøking (Maegaard 2009: 173). Samstundes meiner ho at andre metodar, også dei meir direkte, kan vere nyttige og gje interessante resultat. Det ser ein også i denne granskinga, der ein gjennom halvstrukturerte intervju har fått tilgang til haldningar.

Ein annan som er kritisk til det bastante skiljet mellom bevisste og underbevisste haldningar, er Dennis R. Preston. Han meiner det er ein interaksjon mellom bevisste og underbevisste haldningar, at haldningar må seiast å vere ei blanding av dei to typane (Preston 2009: 107). Han hevdar at underbevisste haldningar kjem av seg sjølv, og at dei difor kan opptre saman med dei bevisste. Preston (2009) trekkjer også fram omgrepa eksplisitte og implisitte responsar, som ulike responsar ein har i møte med eit haldningsobjekt. Den implisitte responsen vert danna automatisk, medan den eksplisitte oppstår i ein meir kontrollert prosess. Dette går overeins med synet på at bevisste og underbevisste haldningar opptre samstundes. I analysen av intervjumaterialet skal vi sjå at informantane gjev uttrykk for haldningar både eksplisitt og implisitt.

Ein kan, uavhengig av synet på skiljet mellom bevisste og underbevisste, slå fast at haldningar har ein effekt på språkbruk. Kristiansen (2011: 272) hevdar at «[...] values are talked about as decisive for variation and change, quite independently of whether consciousness/awareness is

said to be involved or not». Her les eg verdiar som haldningar, og eg meiner at språkleg variasjon og endring her også rommar språkbruk generelt. Når ein veit at haldningar påverkar språkbruk, er det interessant å studere korleis og i kor stor grad. Det er mellom anna dette som vert gjort i denne granskinga.

2.3.3 Haldningar og læring

Haldningar kan også påverke evna til å lære. Forsking gjord i Wales slo fast at positive haldningar til språket kunne føre til betre prestasjon i det, og omvendt (Baker 1992 i Garrett 2010: 21). Det er også gjort liknande funn i forskning på nynorsk som sidemål. Andersson (2007) hevdar at unge som har ei negativ innstilling til nynorsk, gjer det dårlegare i nynorsk som sidemål enn dei som har ei meir positiv innstilling. Andersson hevdar at «[e]in vert generelt sett sjeldan god i noko ein sterkt misliker» (2007: 28). Dette finn ein støtte for i teorien. Erwin (2001: 26) hevdar at positive opplevingar kan føre til at ein utviklar positive haldningar. Som i forholdet mellom haldning og handling kan også dette gå begge vegar. Læring er ein kompleks prosess, og motivasjon spelar inn i denne prosessen. I denne granskinga vert evna til å skrive nynorsk studert, og det er difor relevant å sjå på haldningar i tilknytning til motivasjon for både å skrive nynorsk og å lære å skrive nynorsk.

2.4 Språk, kapital og makt

2.4.1 Fleirspråklege på arbeidsplassen

Universitetet i Oslo er ein utdanningsinstitusjon, men også ein arbeidsplass. Å merke seg dette er viktig for å forstå kva prosessar som går føre seg, og kva som spelar inn i desse prosessane. Tilsette ved arbeidsplassen har ulik språkleg bakgrunn og kompetanse. I denne granskinga er det den norske språkkompetansen, særleg nynorskkompetansen, som står sentralt. Det er omstridt om ein kan rekne personar med kompetanse i bokmål og nynorsk som fleirspråklege, men som synt tyder mykje på at dei som meistrarar begge målformene, har mange av dei same fordelane som fleirspråklege har (Vangsnes 2013, Vulkanova 2012, Bialystock 2001). I granskinga er det difor relevant å trekkje inn teoriar om fleirspråklegheit i arbeidslivet. Vi ser her primært til arbeid gjort av Alexandre Duchêne i Sveits.

Ifølgje Duchêne er det relevant å studere forholdet mellom språk som arbeidpraksis og fleirspråklegheit som arbeidsverktøy og -produkt (Duchêne 2008: 28). Han har studert eit telefoneneste for turistar, men funna han gjer, har overføringsverdi til UiO. Språk vert nytta i arbeidsdagen utan at ein treng vere bevisst dette, men med det same det vert nytta som verktøy, er det ein bevisst tanke som ligg bak. I denne granskinga er det bruken av språket nynorsk det er interessant å studere: Er bruken ein del av ein arbeidpraksis, eller har ein eit meir bevisst forhold til korleis å nytte språket? Duchêne hevdar at «[...] the institutional regulation of language practices intersects with issues of power, economic interests and the reproduction of essentialist ideologies of language» (Duchêne 2008: 29). Korleis eit språk vert nytta, er avhengig av makt, økonomiske interesser og ideologi, og alle desse aspekta kjem til syne når ein studerer UiO. Vidare hevdar han at «[...] the management of multilingualism is based on principles of cost-benefit ratio and workers' skills.» (Duchêne 2008: 29) Denne påstanden høver truleg betre for ei bedrift som den han nyttar som døme, enn på ein nasjonal utdanningsinstitusjon, men også ved sistnemnde spelar økonomi ei stor rolle. Fleirspråklegheit appellerer berre dersom interessene til maktinstitusjonane står på spel (Duchêne 2008: 48). Dei som sit med makta til å ta avgjersler og gjere prioriteringar ved UiO, må sjå verdien av fleirspråklegheita. Språkbrukaren er avhengig av dette for å få rom til å nytte språket sitt og få verdsett dugleikane. Sentralt står retten til å nytte språket sitt, til at kunnskapen til språkbrukaren vert nytta – eller utnytta – og om fleirspråklegheit er ei hindring eller det motsette. I ei globalisert verd er språk ei verdifull vare og ein konkurransefordel. Dette hevdar Deborah Cameron (2000), og ho meiner at språket må administrerast heller enn å bli overlate til seg sjølv. Vi skal sjå om dette vert gjort ved UiO.

2.4.2 Lingvistisk marknad

[...] linguistic relations are always relations of symbolic power [...] (Bucken-Knapp 2003)

Dette sitatet er henta frå sosiologen Pierre Bourdieu. Han er kjend for sine teoriar om kulturell og sosial kapital, teoriane som også rommar språk. I avsnittet over vart det slått fast at makt spelar ei stor rolle når det gjeld fleirspråkleg praksis. Bourdieu sine teoriar underbyggjer dette. Lingvistisk marknad og lingvistisk kapital er primært knytte til talespråket, men omgrepa og teoriane er også relevante i ei gransking av og om skriftspråk. Bourdieu hevdar at ulike ytringar har ulik verdi på den lingvistiske marknaden (1991: 18). Lingvistisk kapital, evna til å produsere riktige ytringar for marknaden, er også knytt til annan kapital. Kapital er

igjen knytt til makt, og i denne granskinga er maktspørsmålet relevant. Kven har makt til å bestemme over den lingvistiske marknaden som UiO utgjer? Kven avgjer kva språk og språkformer som har verdi? Bourdieu hevdar at «[...] the more formal the market is, the more practically congruent with the norms of the legitimate language, the more it is dominated by the dominant, i.e. by the holders of the legitimate competence, authorized to speak with authority» (1991: 18). Universitetet i Oslo er ein slik formell marknad. Bourdieu hevdar også at språkbrukaren tek omsyn til kva mottaking han kan forvente ut frå ytringa si (1991: 19). Normer og haldningar i den lingvistiske marknaden påverkar mottakinga. For å oppnå ei positiv mottaking kan språkbrukaren sensurere seg sjølv. Han kan også oppleve å bli sensurert av andre. Det er ein samanheng mellom den lingvistiske verdien til eit språk og haldningar til det. Eit språk med låg lingvistisk verdi på den aktuelle marknaden vert mindre brukt, noko som igjen kan føre til negative haldningar til det, (jamfør haldningar og handlingar i Garrett 2010: 23). Det er på grunnlag av dette naudsynt å sjå kva lingvistisk marknad UiO utgjer, og kva språk som har verdi på denne marknaden. Samstundes må ein ikkje gløyme det historiske bakteppet. Bucken-Knapp (2003) hevdar at Bourdieu sine teoriar i nokon grad ikkje høver til å skildre det norske tilfellet. Dei gruppene som Bourdieu vil hevde hadde låg lingvistisk kapital, måtte ikkje tileigne seg språket til den dominerande klassen. Den sistnemnde klassen derimot, måtte tilpasse seg (Bucken-Knapp 2003: 10). Dette syner at den norske språksituasjonen er spesiell på fleire måtar, og at det tradisjonelle synet på klassar og lingvistisk kapital ikkje alltid er gjeldande.

3 Metode

Dette prosjektet tek opp tre forskings spørsmål, som metodisk krev ulik handsaming. Det vert difor nytta to ulike metodar, og desse vert presenterte og problematiserte i dette kapittelet.

Kvalitative og kvantitative metodar vert ofte omtala kvar for seg, som noko heilt forskjellig og til tider også uforsonleg. Sigmund Grønmo (1996: 75) deler ikkje eit slikt syn. Han peikar heller på at kvalitative og kvantitative tilnærmingar står i eit komplementært forhold til kvarandre. Begge metodane eller datatypene har svakheiter som i stor grad vert vegne opp for av dei sterke sidene til den andre metoden (Grønmo 1996: 98). Kvantitativ metode gjev representativ oversikt over generelle forhold, men dataa «[...] gir ikke noe særlig godt grunnlag for forståelse av dynamiske forhold, prosesser og samhandlingsmønstre». Det gjer derimot kvalitative data, men dei har ei avgrensing i rekkjevidde. Ein kan altså seie at kvantitative data har ei avgrensing i tid og kvalitative i rom (Grønmo 1996: 93). Desse avgrensingane – og moglegheitene – talar for å kombinere kvantitative og kvalitative data om det same granskingsobjektet, her språket i eksamensoppgåver ved UiO. Ein kan kalle ein slik kombinasjon av metodar for metodetriangulering (Grønmo 1996: 98). David Silverman (2011) omtalar også triangulering som metode, men i motsetnad til Grønmo peikar han på ulemper ved framgangsmåten. Han meiner at ein ikkje må ha eit for positivt syn på triangulering, det er ikkje slik at metoden automatisk gjev eit meir fullverdig bilete. Han hevdar også at ein ved å triangulere kan risikere å ignorere kontekst. Dette er moment ein må å ha med seg inn i ein analyse, men det er viktig å merke seg at Silverman omtalar triangulering av ulike kvalitative metodar, ikkje av kvantitative og kvalitative data og metodar slik eg her gjer.

3.1 Kva grammatisk feil og avvik er å finne i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?

3.1.1 Val av metode

Val av metode må byggje på kva ein ynskjer å undersøkje, og for å svare på forskings spørsmål éin nyttar eg kvantitativ metode. Denne metoden høver når ein ynskjer å få oversikt over eit materiale. Om han vert utført korrekt, gjev han moglegheit for sterk reliabilitet, og ein får ei så nær som råd objektiv framstilling av den språklege kvaliteten i

eksamensoppgåvene. Materialet for granskinga er alle skuleeksamensoppgåver frå UiO våren 2014 som ligg føre på begge målformer. Eksamensoppgåvene vart samla inn ved at eg kontakta dei enkelte fakulteta og fekk oppgåvene tilsende på e-post eller sjølv henta papirutgåver av dei.

Eg har sett etter grammatiske feil og stilistiske avvik i eksamensoppgåvene, og deretter kategorisert desse ut frå type. Hovudkategoriane er *morfologiske feil*, *ordtilfang*, *syntaks*, *brot med stilideal* og *særskrivingsfeil*. Tala vert presenterte i kapittel fem, og eg har valt å presentere eitt og eitt fakultet. Tal for alle underkategoriane vert presenterte. Det er vanleg å dokumentere analyseresultat som byggjer på kvantitative data, ved hjelp av tabellar (Grønmo 1996: 97). Her har eg valt kake- og søylediagram, og ved hjelp av desse får ein eit godt bilete av grammatiske feil og avvik og forholdet mellom dei ulike typane. Tabellar samanfattar og forenkla informasjon og gjev ei oversiktleg framstilling av sentrale og allmenne trekk (Grønmo 1996: 98). Samstundes må ein unngå at informasjonen vert unyansert og forenkla. Fakulteta vert også sette opp mot kvarandre for å finne ut om det er stor skilnad mellom dei, for så å kunne peike på utfordringar dei har felles.

3.1.2 Analyse av funna

Funna gjorde i denne delen av prosjektet, er som nemnt presenterte i kapittel fem. Den kvantitative metoden gjev faktiske tal som seier noko om grammatiske feil og avvik i eksamensoppgåvene. I tillegg til ein presentasjon av desse tala vert moglege årsaker til kvifor dei aktuelle feila og avvika oppstår, presenterte. Her vil det bli vist til Søyland (2002) og Stauri (2002). Analysen i kapittel seks, som byggjer på intervjumaterialet, vil også kunne kaste lys over funna.

3.1.3 Metodekritikk

Som nemnt innleiingsvis er valet av metode avhengig av kva ein vil studere. Det vil ikkje seie at ein ikkje kan velje feil, eller at det alltid finst ein perfekt metode. Ein vesentleg del av kvantitativ analyse er å få oversikt over einingar i ulike kategoriar, medan dei manglande moglegheitene for å endre og revidere kategoriar i ettertid kan vere ei svakheit ved kvantitativ analyse (Grønmo 1996: 95). Kategoriseringsskjema kan bli rigide, og innhaldet i og meininga til kategoriane kan vere uklare (Grønmo 1996: 95). Dette gjer kategoriseringa potensielt

problematisk, men utfordringa kan ein møte med grundig forarbeid og ved ein gjennomiktig granskingsprosess. Ei drøfting av kategoriseringa er difor teken med i det neste kapitlet.

Dette prosjektet tek berre føre seg nynorskversjonen av eksamensoppgåvene. Her vil eg seie noko om dei negative sidene ved å berre sjå på denne. Kategorien *særskrivingsfeil* syner oss at det i eksamensoppgåvene også finst feil som ikkje er knytte til målform. Det er ein mogleg indikasjon på at det ikkje berre er i nynorsken utfordringa ligg. Særskriving er noko mange har problem med (Hoaas 2009), og er ei utfordring som går på tvers av målformene. Men vi kan ikkje på grunnlag av dette seie at det finst fellesutfordringar når det gjeld morfologi og ordtilfang generelt. Kategorien *bokmålsord*, ein underkategori til *ordtilfang*, står for mange av feila som er registrerte i datamaterialet, ein kategori som ikkje ville funnest dersom materialet var bokmålsversjonen av eksamensoppgåvene. Det er sjølvsagt mogleg å tenkje seg ein kategori for bruk av nynorske ord, men denne ville truleg ikkje ha like mange feilbelegg. Talet på bokmålsbrukarar ved UiO er høgare enn talet på nynorskbrukarar. Dette, saman med haldningar som vert avdekte i granskinga, indikerer at det er fleire feil og avvik i nynorskversjonen enn i bokmålsversjonen av eksamensoppgåvene. Ein kan likevel ikkje seie dette sikkert når ein ikkje har studert bokmålsversjonen. I nokre tilfelle er begge versjonane henta fram, og i dei tilfella er bokmålsversjonen grammatisk korrekt. Likevel er mangelen på bokmålsversjonar i datamaterialet ein mogleg kritikk av metoden. Ei undersøking av dette materialet ville gjeve eit godt grunnlag for samanlikning og tal som meir presist seier noko om stoda for språket i eksamensoppgåver ved UiO. Ein gjennomgang av bokmålsversjonen ville også gjeve meir innsikt i terminologiske utfordringar, utfordringar begge målformene potensielt kan ha i møte med til dømes engelsk fagterminologi. Dette er i nokon grad gjort då eg i møte med omgrep eg ikkje forstår, har gått til bokmålsversjonen av oppgåveteksten.

Kor mykje ein kan generalisere ut frå funna, er mellom anna knytt til storleiken på datamaterialet/belegget funna stammar frå. Når denne storleiken vert presentert, slik han vert i dette prosjektet, kan ein ut frå han vurdere kor mykje ein kan leggje i tala. Noko som i mindre grad kjem fram i diagramma, er variasjonen mellom dei ulike eksamenane. Det vert peika på at nokre institutt har færre feil enn andre, men enkeltoppgåver vert ikkje dregne fram. Dette er til dels kritikkverdig då eksamensoppgåver med sjeldan mange eller få feil, det vi kan kalle utkantverdiar, i stor grad kan påverke det samla talet. Desse tala vert atypiske for det samla datamaterialet og kan villeie forskaren. Samstundes kan desse utkantverdiane i det samla materialet vere representative for fakultetet dei stammar frå, og det er også slik at dei mest

ytterleggående eksamensoppgåvene på nokre av fakulteta kan representere eit gjennomsnitt på andre. Av desse årsakene, og fordi ingen av eksamensoppgåvene er særdeles ytterleggående, har eg valt å ha alle med i det samla oversynet.

Under 3.1.1 vart det hevda at ein ved hjelp av kake- og søylediagram får eit godt bilete av grammatiske feil og avvik og forholdet mellom dei ulike typane, men også at informasjonen kan bli unyansert og forenkla. Val av framstillingsmåte er aldri nøytral, og det er viktig å drøfte dei vala ein har gjort. I tillegg til at informasjonen kan bli unyansert og forenkla i tabellar og diagram, kan valet av diagramtype gjere at tala som kjem fram, vert potensielt misvisande. I denne granskinga kan dette vere tilfellet med kake- og søylediagramma, då dei byggjer på sekktetal, altså samla tal for eitt fakultet, ikkje tal for éin og éin eksamen. Sekktetala er problematiske sidan det er så stor variasjon i lengda på oppgåvene, og sidan nokre tal kan ha blitt blåste opp av enkelte ekstreme verdiar. Grønmo hevdar at «[d]et kan bli stor avstand og forskjell mellom de enkelte primærkildenes egenskaper og de analyseresultater som formidles» (1996: 98), noko som heilt tydeleg er eit potensielt problem med kake- og søylediagramma presenterte i denne granskinga. Det er mogleg at det ville vore betre om diagramma bygde på frekvenstal, tal feil per tal ord i ein tekst. Men heller ikkje dette ville gjeve eit fullgodt bilete av stoda. Lengda på oppgåva ville også påverka desse tala, og då det er mange eksamensoppgåver som ikkje inneheld feil, ville ein uansett fått ein del 0-verdiar som ville sagt lite om den faktiske stoda. Ein ser her alternative måtar å framstille tal på i granskinga, men ingen framstillingsmåte vil gje eit fullgodt bilete. Det er metodisk vanskeleg å presentere tal når ein står overfor ei slik utfordring som varierende lengde på eksamensoppgåver er, og truleg finst det ingen metode som vil gje eit nøyaktig bilete. Fordelen med diagramma er at dei gjev eit oversiktleg bilete over kva grammatiske utfordringar som finst ved dei ulike fakulteta. At ein også har oversyn over feil og avvik i dei enkelte eksamenane og samla tal på type og belegg, gjer granskinga transparent, og det gjev rom for å sjå på tal uavhengig av diagramma. Det totale oversynet er å finne i vedlegg 5.

Kvantitativ analyse er dårleg eigna til å vidareutvikle teoretiske resonnement, og kvantitative data «[...] gir ikke noe særlig godt grunnlag for forståelse av dynamiske forhold, prosesser og samhandlingsmønstre» (Grønmo 1996: 93). I dette prosjektet vil eg i tillegg til å få ei oversikt og grammatiske data utvikle eit slikt resonnement og forstå forhold og prosessar, og eg treng dimed noko meir enn kvantitative data og ein kvantitative analyse. Dette fører oss over på dei to andre forskingsspørsmåla i denne granskinga. Desse vert omtala under eitt.

3.2 Kva system og praksis har UiO når det vert laga eksamensoppgåver?

I kva grad kan språkhaldningar og underliggjande språkideologiar vere med på å forklare grammatiske feil og avvik i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?

[...] researching language attitudes is always challenging, and so it is important to take a wide view and understand that any particular method will only be partially convincing. Research methods can only partially achieve the usual demands of reliability and validity. (Garrett 2010:59)

Peter Garrett peikar i sitatet over på utfordringa ved å undersøkje språkhaldningar, og han hevdar at ein metode berre delvis kan oppfylle krava om reliabilitet og validitet. Det er vanskeleg å avdekkje språkhaldningar, og ein må vere kritisk til måten ein går fram på. Samstundes hevdar Garret at «[...] as a ‘disposition’, an attitude can be seen as having a degree of stability that allows it to be identified» (2010: 20). Dette tilseier at det er mogleg å avdekkje språkhaldningar, og då ideologiar har mykje til felles med haldningar, vil det også vere mogleg å avdekkje desse. Haldningar ligg hjå den enkelte, medan ideologiar er på eit meir kollektivt nivå. I denne granskinga er det lagt størst vekt på språkhaldningar. I dette kapittelet vert metoden for å avdekkje haldningar og ideologiar presentert. Denne metoden avdekkjer også kva system og praksis som finst ved UiO når det vert laga eksamensoppgåver.

3.2.1 Val av metode

For å svare på om språkhaldningar og underliggjande språkideologiar kan vere med på å forklare feil og avvika i eksamensoppgåver ved Universitetet i Oslo, og for å avdekkje kva system som finst for å lage eksamensoppgåver, har eg valt å nytte kvalitativ metode.

Silverman (2011: 16) hevdar at det er vanskeleg å telje haldningar, mellom anna fordi det finst ulike haldningar, og fordi haldningar og handlingar ikkje alltid går overeins. Det same gjeld språkideologiar. Ei kvantitativ undersøking vil ikkje kunne gå i djupna på haldnings- og ideologispørsmålet. Dette stemmer overeins med Grønmo sitt syn på svakheita ved metoden. Den kvalitative metoden er derimot eigna, også til å svare på kva system som finst for å lage eksamensoppgåver. For å svare på dette må ein få tilgang til informasjon som i mange tilfelle

ikkje finst skriftleg, og som ein difor lettast får tak i ved å intervjuje aktuelle personar, altså gjennom kvalitativ metode. Grønmo og Silverman sine argumentasjonar for og mot kvalitativ og kvantitativ metode, saman med argumentasjonen alt presentert for triangulering og behovet for å intervjuje personar, ligg bak metodevalet.

Kvalitativ metode vert delt inn i ulike metodetypar (sjå mellom anna Silverman 2011). I denne granskinga vel eg metoden intervju, nærare bestemt halvstrukturert intervju. Intervju er ein direkte metode, mellom anna nytta for å få tilgang til haldningar (Garrett 2010: 159). Garrett hevdar at ein spør folk direkte om språkevaluering og -preferansar når ein nyttar direkte metode (2010: 39). Metoden nytta i denne granskinga er ikkje direkte i den forstand, heller ikkje ved at informanten veit at det er haldningar og ideologiar forskaren ser etter. Metoden har likevel trekk frå den direkte metoden då informanten sjølv vel kva han vil dele i intervjusituasjonen. I ein masketest, som er eit godt døme på ein indirekte metode, veit ikkje informanten kva han gjev informasjon om. Denne granskinga er ein mellomting mellom direkte og indirekte metode. Om ein hevdar at direkte metode gjev tilgang til bevisste haldningar og indirekte metode til underbevisste, kan ein då lure på kva haldningar denne granskinga gjev tilgang til. Truleg vil vi sjå både bevisste og underbevisste haldningar, uttrykt både eksplisitt og implisitt. I analysen må ein vere bevisst dette då informantane mellom anna kan forme svara sine etter kva dei trur er passande. Kanskje understøttar dette Meagaard (2009) og Preston (2009) sitt syn på at det ikkje finst så markante skiljelinjer mellom bevisste og underbevisste haldningar.

Ein må altså vere merksam på om informantane svarer slik dei trur er passande eller forventa av spørsmålsstillaren og samfunnet elles. Denne faren presenterer Garrett (2010: 44) slik: «[...] the respondents tell you about the attitudes that they think they ought to have, rather than the ones they actually do have.» At ein ikkje fullt og heilt kan stole på svara ein får, tek også Silverman (2011: 14) opp. Han hevdar at

Even if we ask questions in a reliable way, what people say in answer to interview questions may not have a stable relationship to how they behave in naturally occurring situations. In this sense, interview respons may be artefactual.

Det er likevel mogleg å motverke dette, ved til dømes å garantere anonymitet. Informantane som har laga eller omsett eksamensoppgåver, vert garantert anonymitet i informasjonskrivet. Men i dette tilfellet vert nok tilbøyelegheita til å gje «rette svar» i størst grad motverka av forholdet mellom informanten og meg som forskar, eller rettare sagt student. Mange av

informantane er professorar og studiedekantar, og det er lite truleg at dei vil la seg intimidere av ein student, sjølv om eg i dette tilfellet har rolla som forskar. Spørsmålet om validitet er også sentralt her. Garrett hevdar at det er vanskeleg å undersøkje haldningar, og ein må difor, før ein spør kva haldningar ein måler, spørje om det faktisk er haldningar ein måler. Spørsmålet om validitet er ekstra utfordrande når det er haldningar ein er på jakt etter.

Haldningar og ideologi kan kome indirekte fram gjennom til dømes prioriteringar av tid og pengar, kva system for kvalitetssikring av språket som finst – her ser ein ein mogleg samanheng mellom forskingsspørsmål to og tre – og manglande motivasjon for å lære nynorsk. Ein må også spørje seg om haldningane ein avdekkjer, ligg hjå den enkelte forfattaren/omsetjaren av oppgåveteksten, hjå studiedekananane eller om ein finn dei høgare opp i systemet. Svaret på spørsmålet kjem eg attende til i analysen av intervjuet. Som nemnt ligg ideologiar på eit meir kollektivt nivå, men ein ser dei likevel hjå enkeltpersonar.

3.2.2 Intervjutype

I denne delen av prosjektet vart det gjennomført intervju med to ulike informantgrupper. Utgangspunktet for begge var ein intervjuguide med både opne og lukka spørsmål. Dei lukka spørsmåla skulle primært gje svar på konkrete spørsmål, og svara på desse ville danne grunnlaget for å svare på forskingsspørsmål to. Gjennom dei opne spørsmåla ynskte eg å få tilgang til haldningar og underliggjande ideologiar. I analysen vil vi sjå at også dei lukka spørsmåla gjev tilgang til informasjon som kan seie noko om haldningar. I kvalitativ forskning er målet «[...] usually to gather an ‘autentic’ understanding of people’s experiences [...]» (Silverman 2011: 44). For å få tilgang til denne meiner Silverman at ein må stille opne spørsmål. Dette er noko av årsaka til at eg ville gjere nettopp det. Opne spørsmål kan, om dei vert stilte på ein god måte, gje betre innsikt i synsmåtar, tolkingar, opplevingar og meiningar, dei kan gje svar med meir djupne og kompleksitet (Silverman 2011: 167). Når intervjuobjektet sine eigne erfaringar og oppfatningar kan kome fram, vert også validiteten fremma. Utfordringa er å ikkje kome med subjektive tolkingar av svara. Om dette skjer, vil ikkje seinare forskning kunne kome til same resultat, og reliabiliteten vert svak (Silverman 2011: 360). Alle intervjuet i granskinga var halvstrukturerte. Dette gav moglegheit for å stille relevante oppfølgingsspørsmål, samstundes som like spørsmål gav moglegheit for å samanlikne svara informantane gav. Spørsmåla dreidde seg om kva opplæring personen hadde fått i nynorsk, om han/ho er klar over rettane til studentane, og om korleis systemet for å lage

eksamensoppgåver er (sjå vedlegg 1 og 2). Intervjua vart tekne opp, og nokre delar vart transkriberte. Det er viktig å transkribere alle svar på dei spørsmåla ein tek med i analysen, noko eg kjem nærare inn på under 3.2.6. I transkripsjonen vert det nytta vanleg ortografi. Pausar er markerte som korte (.) eller lange (...), og avbrotne ord er markerte med -. Transkripsjonen er gjort på bokmål eller nynorsk ut frå kva språk informanten nyttar. Lydopptaket og den transkriberte teksten vert datamateriale på linje med eksamensoppgåvene. Opptaka sikrar tilgang til dei eksakte utsegnene i ettertid, og dimed er sjansen mindre for å feilaktig rekonstruere det som vart sagt.

For ikkje å påverke svara informantane kom med, fekk dei vite minst mogleg på førehand. I e-posten dei fekk og i det vedlagde informasjonsskrivet, stod det at prosjektet tek opp temaet språket i eksamensoppgåver ved UiO. Utanom dette vart det ikkje informert meir om innhald og tema. Unntaka er to tilfelle der intervjuobjektet ville ha meir informasjon for å vere villige til å stille. Det var utfordrande å formulere denne informasjonen då eg ville unngå å nytte orda «haldning», «ideologi» og «nynorsk». Når eitt av måla med intervjuet var å undersøkje kva haldningar personane har, og kva ideologiar som ligg bak desse, var det viktig å ikkje nytte desse orda på førehand eller i intervjusituasjonen. Det kunne gjort intervjuobjektet meir sjølvbevisst, og dimed påverka kva som vart sagt. At ein må vere forsiktig med val av ord ein nyttar i intervjusituasjonen, er også noko Garrett (2010) peikar på.

3.2.3 Informantar

Ein kan gå fram på ulike måtar når ein vel informantar, men der er to hovudmåtar. Ein kan anten velje desse tilfeldig (*random sample*), eller på grunnlag av ulike kriterium bestemte av forskaren (*judgement sample*) (Wray & Bloomer 2006: 154). Ut frå intervjumaterialet i denne granskinga skal ein kunne seie noko om system, haldningar og ideologiar. For å få representative svar, er det viktig med breidde. Det er difor gjennomført intervju med to ulike informantgrupper, og alle informantane er valde ut basert på *judgement sample*. Det har vore viktig å få intervjumateriale frå både dei som har laga/omsett gode oppgåver, og dei som har laga/omsett mindre gode oppgåver. Dette la grunnlaget for utvalet av informantar i den fyrste informantgruppa. Dette var altså personar som hadde laga eller omsett oppgåver til skuleeksamen våren 2014, og talet på potensielle informantar var dimed avgrensa av talet på eksamensoppgåver. I alt omfattar undersøkinga 152 ulike eksamensoppgåver og dimed maks

152 potensielle informantar i den fyrste gruppa, då same personen kan ha laga/omsett fleire oppgåver.

Det kan vere problematisk å velje det ein kan kalle utkantinformatane som utgangspunkt for intervju. Desse personane står bak oppgåver som har utkantverdiar, og ein kan hevde at oppgåvene, og då også personane bak oppgåvene, ikkje er representative. Det er dimed ein risiko knytt til å velje utkantinformatar, men valet av dei gjev ei breidde i materialet.

Gjennom å velje desse informantane kan ein avdekkje ein interessant skilnad mellom dei, og ein får lettare tilgang til informasjon som kan seie noko om kvifor dei i ulik grad lukkast med å lage nynorskversjon av eksamensoppgåver. Det er også interessant å sjå om det er mogleg å avdekkje motstridande haldningar mellom dei. I dette ligg det ein påstand om at ein har betre haldningar til det ein lukkast i, ein påstand som byggjer på at positive opplevingar kan føre til at ein utviklar positive haldningar (Erwin 2001: 26), og at forskning har slått fast at positive haldningar til eit språk kan føre til betre prestasjonar i språket (Baker 1992 i Garrett 2010: 21). Når eg vel utkantinformatar, er det også ein potensiell risiko for å berre få tilgang til haldningar som er ytterpunkt på det vi kan sjå på som ein skala av positive og negative haldningar til nynorsk. Men som nemnt tidlegare er det slik at det ved nokre fakultet ikkje finst oppgåver som stikk seg ut i eine eller andre enden av skalaen. Det vil seie at eg også får intervju personar bak oppgåver som ligg midt på skalaen, noko som gjer det samla informantutvalet meir representativt, truleg også når det kjem til haldningsaspektet.

Informantgruppe to er mindre samansett, då ho utelukkande består av studiedekanar. Desse er valde for å få tilgang til informasjon om kva system som finst ved dei ulike fakulteta, og for å undersøkje kva haldningar og ideologiar ein finn hjå tilsette i leiande stillingar.

3.2.4 Presentasjon og analyse

Når ein analyserer og presenter funn frå intervju, er det vanleg å sitere informantar. Sitata bidreg til å beskrive fenomen ein skal analysere, og forskaren tek sikte på ei så heilskapleg skildring som mogleg (Grønmo 1996: 97). Sitat skal gjengje informantane, primærkjeldene, sine egne formuleringar, noko som gjer skildringa detaljert og nyansert (Grønmo 1996: 97). For å oppnå ei heilskapleg skildring må ein ha ei breidde av døme, og desse døma må vere så representative som råd. Soleis kan ein unngå det Silverman (2011) kallar «the problem of anecdotalism»: å velje ut det ein vil presentere. Dette problemet oppstår dersom ein til dømes unngår mindre tydelege eller motstridande funn, om ein utelukkande vel ut sitat som støttar

eigen konklusjon. Dette heng saman med validitet, då ein ved å velje ut svar som til dømes svarer til eigne forventingar eller til andre svar, svekkjer denne. Grønmo omtalar ei liknande utfordring:

[...] en streng prioritering og begrensning (kan) med hensyn til utvelgelsen av sitater være problematisk, fordi utvelgelsen kan bli for sterkt preget av forskerens personlige oppfatninger og sosiokulturelle bakgrunn. (Grønmo 1996: 97)

For å få ei fullstendig og relevant framstilling må eg som forskar ha oversikt over heile tekstmengda sitata vert henta frå (Grønmo 1996: 91). Det gjer det lettare å velje ei breidde av døme. Eg har valt å transkribere alle svar på alle spørsmåla, og ekstrahere slik at eg får innsikt i system, ideologiar og haldningar. Dette gjev ei breidde i svarmaterialet. Svara dei ulike informantane gjev, vert samanlikna, og den implisitte meininga i den eksplisitte utsegna vert henta ut. Eg granskar mønstera eg ser, og utsegner som bryt med desse. Kontrastar og spenningar spelar ei viktig rolle, jamfør Leiulfsrud og Hvinden 1996. I analysen vil det kome tydeleg fram kva spørsmål informanten svarer på, slik at svara ikkje framstår som abstrakte utsegner, men snarare som svar på konkrete spørsmål (Silverman 2011:20). Tolkinga av datamaterialet vil også vere påverka av inntrykk frå sjølve intervjuet (Grønmo 1996: 91). Det er kva som vert sagt, som kjem med på opptaket og som seinare vert transkribert, men opplevinga av stemninga i intervjusituasjonen er det forskaren som har det sterkaste inntrykket av.

3.2.5 Gjennomføring av intervju

Intervjua vart gjennomførte over ein periode på tre månadar. Storparten av intervjua vart gjennomført i den fyrste månaden, men grunna vanskar med å få tak i nokre av informantane vart dei siste intervjua gjennomført tre månader etter det fyrste. Intervjua fann alle stad i lokala til Universitetet i Oslo, og det vart brukt ein lydopptakar under intervjua. På førehand vart det sendt ut eit informasjonsskriv, og dette vart underskrive før intervjua tok til, og skanna inn i ettertid slik at dei skulle vere lagra digitalt. I skrivet stod det at «Prosjektet er eit mastergradstudium ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, som tek opp temaet språket i eksamensoppgåver ved UiO», og at prosjektet er godkjent av Personvernombodet for forskning. Intervjua var på om kring 15 minutt, og det oppstod aldri tekniske problem.

3.2.6 Metodekritikk

Metoden eg her har valt, byggjer på kva eg ynskje å undersøkje, men som Garrett (2010) hevdar, er det ingen metodar som er tilstrekkelege når ein vil måle språkhaldningar. Ein må difor vere kritisk til eigen framgangsmåte. I dette tilfellet er det primært tre faktorar som gjev grunnlag for å kritisere metoden brukt. Den fyrste er spørsmålet om validitet, om ein gjennom bruken av metoden måler det ein ynskjer å måle. Det er vanskeleg å måle haldningar og ideologiar, og i analysen av intervjua var det lettare å seie noko om prosessen med å lage eksamensoppgåver enn om haldningar og ideologiar knytte til nynorsk. Likevel meiner eg at eg har tilstrekkeleg grunnlag for å også seie noko om dette, og om språkhaldningar og -ideologiar påverkar den språklege kvaliteten i eksamensoppgåver.

Dette fører oss over på den andre faktoren eg her vil trekkje fram, nemleg den direkte metoden si avgrensing. I teorikapittelet vart forholdet mellom bevisste og underbevisste haldningar drøfta, og dette vart sett i samanheng med direkte og indirekte metode. Vi såg at metoden nytta i denne granskinga ligg ein stad mellom desse to. Vi peika på fordelene med opne spørsmål. Desse opnar for å få meir autentiske svar, og tilgang til meir underbevisste haldningar. Dei lukka spørsmåla gjev ikkje svar med same autentisitet, noko som kan bety mindre hald i forskinga og dimed også mindre sjanse for å generalisere. Intervjumaterialet viser at eg til saman har fått mange inngåande svar, noko som også går fram av analysen. Dette kan tyde på at intervjuguidane hadde tilstrekkeleg med opne spørsmål. Dei lukka spørsmåla høver godt for å få svar på forskings spørsmål to, og gjennom å studere system kan ein også seie noko om haldningar og ideologiar.

Den tredje faktoren, moglegheita for å generalisere ut frå funna som er gjorde i materialet, kan bli svekt av for mange lukka spørsmål. Men det er primært andre faktorar som påverkar generaliseringsgraden. I kritikken av den kvantitative metoden brukt i dette prosjektet såg ein at storleiken på materialet er avgjerande. Det kan også gjelde her. Ved å ha fleire informantar kunne ein også laga ei oversikt over svara, ein kunne nytta kvantitativ analyse på svar frå den kvalitative dataen. Fleire informantar kunne gjeve eit meir nyansert bilete, og ein kunne også fått større belegg for informasjonen og haldningane ein avdekkjer i intervjuet. Sigmund Grønmo hevdar at:

Kvalitative analyser har (...) klare begrensninger når det gjelder å vurdere hvorvidt de hypoteser og teorier som utvikles, er holdbare i mer omfattende sammenhenger. Disse begrensningene henger sammen med materialets manglende tilknytning til større grupper eller

større områder. Et vesentlig problem med kvalitative data er med andre ord deres begrensede rekkevidde og gyldighet – ikke først og fremst i tid, men i rom. (1996: 93)

Dette understrekar at det er problematisk å generalisere også ut frå funna som er gjorde i denne delen av granskinga. Samstundes er informantane i informantgruppe 1 valde ut på ein måte som sikrar breidde, då dei representerer gode og mindre gode eksamensoppgåver. Studiedekanane tilfører også nyanse, då dei sit med andre kunnskapar, oppfatningar og erfaringar. Samla gjer dette at ein har breidde, sjølv med eit relativt lågt informanttal. Vi vil også sjå at ein har kunne studere delar av materialet med eit kvantitativt blikk. Særleg gjeld dette eit par av dei lukka spørsmåla, som spørsmålet om informanten meistrar nynorsk, og om han/ho har fått tilbod om nynorskurs.

3.3 Oppsummering

Dette prosjektet tek opp tre forskingsspørsmål, og som vi har sett, krev desse ulike innsamling og handsaming. For å svare på det fyrste spørsmålet har eg nytta kvantitativ metode, medan forskingsspørsmål to og tre best kunne svarast på gjennom kvalitativ metode. I dette kapitlet er dei to metodane presenterte, og framgangsmåten i granskinga er detaljert skildra. Det er peika på at det er vanskeleg å avdekkje språkhaldningar, og at ei mogleg svakheit med prosjektet er moglegheita for å generalisere. For at ein skal kunne gjere det må forskingsprosjektet oppfylle krava om reliabilitet og validitet, og alt som er gjort, må kunne etterprøvast. I kvantitativ forskning er ofte storleiken på datamaterialet avgjerande for om ein kan generalisere, medan det i kvalitativ forskning i stor grad autentisiteten som avgjer. Metoden eg no har presentert, ligg til grunn for funna, og det er desse vi no skal ta føre oss.

4 Datamateriale og informantar

Datamaterialet i denne granskinga er alle skuleeksamensoppgåver frå UiO våren 2014 som låg føre på begge målformer. I dette kapittelet går vi nærare inn på korleis dette datamaterialet vert handsama. Dei ulike grammatiske kategoriane vert presenterte, vi peikar på eit behov for å samanlikne med bokmålsversjonen, og vi drøftar kva den høge frekvensen av presens i materialet har å seie. Deretter vert informantane som har gjeve innsikt i produksjonsprosessen av dette datamaterialet, presenterte.

4.1 Kategorisering

For å få oversikt over typar må feila og avvika i eksamensoppgåvene plasserast i kategoriar. Som vi såg i førre kapittel, kan kategorisering vere problematisk. Kategoriseringsskjema kan bli rigide, og innhaldet i og meininga til kategoriane kan vere uklare (Grønmo 1996: 95). Sjølv i grammatikken er det ikkje alltid tydelege skiljelinjer, og det er difor viktig å greie ut om kategoriane. I dette prosjektet er feil og avvik delte inn i hovudkategoriane *morfologiske feil*, *ordtilfang*, *syntaks*, *slurvefeil*, *brot med stilideal* og *særskrivingsfeil*, der tre av desse har egne underkategoriar. Eg vil no presentere dei ulike kategoriane og seie kort kva ord som høyrer inn under kva kategori.

Den fyrste hovudkategorien er *morfologiske feil*. Denne inneheld *bøyingsfeil substantiv* og *bøyingsfeil verb*, og i kva form av substantivet/verbet det er registrert feil. Eg har valt å registrere feila så detaljert som mogleg fordi det er interessant å sjå om nokre former av substantiva/verba skil seg ut, og prøve å forklare kvifor. Vidare rommar hovudkategorien underkategoriane *feil kjønn*, *suffiks*, *prefiks*, *as for ast* og *ast utan hjelpeverb*. Desse treng nærare forklaring. Den fyrstnemnde kategorien rommar substantiv som har feil artikkel. Feilen er plassert utanfor *bøyingsfeil substantiv*, då eit substantiv kan vere korrekt bøygd ut frå den aktuelle artikkelen, men ha feil artikkel. Det kan vere eit teikn på at den som har produsert denne feilen, kjenner til substantivbøying i nynorsk, men at han/ho ikkje veit kva kjønn dei ulike substantiva har. *Feil kjønn og bøyingsfeil substantiv* er kategoriar som glir over i kvarandre, men feila registrerte i *feil kjønn* er bruk av feil artikkel, medan resten av feila er kategoriserte som *bøyingsfeil*. Samstundes bør ein merke seg at mange feil i denne kategorien kan ha oppstått fordi forfattern/omsetjaren gjer den same feilen som omtala over, at han/ho har gjeve substantivet eit anna kjønn enn det faktisk har. Det kan også hende at

problemet ligg i manglande kjennskap til bøyingsparadigmet for dei ulike genusa. Når artikkelen ikkje er med, kan ein ikkje vite dette sikkert, og feilen bør difor plasserast i *bøyingsfeil substantiv*.

I underkategoriane *suffiks* og *prefiks* finn ein ord som ikkje høyrer heime i det nynorske ordtilfanget grunna nettopp feil suffiks og prefiks. Døme på dette er ord som har *-lig* der det skal vere *-leg*, og *an-* og *be-* der det i nynorsk ikkje er naudsynt med eit prefiks. Fleire ord kunne her vore kategoriserte som *bokmålsord*, som til dømes ordet *antal*, men sidan det er prefikset som skil ordet frå det som er lov i nynorsk, er feilen plassert under *prefiks*. Ved å ha med desse underkategoriane vert granskinga meir detaljert. Det vert også lettare å sjå korleis bokmålet kan påverke. Dei siste underkategoriane i *morfologiske feil* er begge knytte til bøyingsmorfemet *-ast*. I den fyrste av dei to finn ein verb som manglar den obligatoriske *t-en*, eit døme på dette er at det er skrive *møtes* og ikkje *møtest*. Dette er ein morfologisk feil, og her skil bokmål og nynorsk seg frå kvarandre ved at ein i bokmål ikkje har ein slik utlyds-*t*. Kategorien *ast utan hjelpeverb* inneheld ord med endingsmorfemet *-ast*, der eit påbode modalt hjelpeverb ikkje er med. I bokmål finn ein konstruksjonen utan hjelpeverb, men den er ikkje brukt i nynorsk (Språkrådet 2012). I nokre tilfelle vil eitt ord bli registrert med fleire feil. Dette i tilfelle der det er skrive *-as* for *-ast* og det manglar eit hjelpeverb framføre. Dette er to separate feil, og ordet fører dimed til registrering i to kategoriar. I tillegg til desse to vil bruken av *-ast* i dei tilfella det er passiv bli registrert i *brot med stilideal*. Denne kategorien kjem vi attende til.

Hovudkategorien *ordtilfang* har seks underkategoriar. Den fyrste av dei, *bokmålsord*, inneheld ord som er oppslagsord i bokmålsordboka, men ikkje i nynorskordboka³. I denne kategorien har eg også valt å plassere artiklane når desse er skrivne med bokmålsortografi, *en* og *et*. Underkategorien *ord som var lov før* inneheld, som namnet tilseier, ord som ikkje lenger er ein del av den nynorske norma, men som var det før endringa i 2012. Døme på slike ord er *bare*, *gjøre*, *noen* og *noe* (Språkrådet 2011: 166). Desse orda vert registrerte i ein eigen kategori fordi eg meiner det er mindre graverande å nytte desse. Her vil eg vise til dei to siste elementa i språkforskar Einar Haugen sin modell for språkplanlegging (1966). Desse er *implementation* og *elaboration*, og omhandlar impementering og spreining av ei norm i eit samfunn (Jahr 2014: 10). Dette er prosessar som tek tid, og det er dimed fornuftig å ha ein

³ Eg har brukt ordboka til UiO og Språkrådet (dokpro) som hovudoppslagsverk (<http://www.nob-ordbok.uio.no/>). Eg har slått opp i andre ordbøker ved behov, til dømes dersom det mangla eit oppslagord.

eigen kategori for ord som vart tekne ut av nynorsknorma to år før eksamensoppgåvene vart laga. Samstundes vil eg presisere at storparten av orda i denne kategorien tidlegare var klammeformer, og at dei difor ikkje var tillatne i eksamensoppgåver før 2012 heller.

Den neste kategorien under *ordtilfang er feil bruk av ordet*. Han rommar ord som tilhøyrrer det nynorske ordtilfanget, men som i det aktuelle tilfellet er nytta feil. Det er resten av setninga ordet opptrer i, som syner lesaren at det er gjort ein feil. Eit døme på dette er bruk av ordet *tilhøve* der konteksten tilseier at det er ordet *høve* forfattern/omsetjaren var ute etter. I materialet er det også belegg på at ordet *høve* er nytta i tydinga *døme*. Dette er også ein feil som høyrer heim i denne kategorien. Kategorien *stavefeil* inneheld ord som ikkje er korrekt stava, men der feilen gjev uttrykk for å ikkje vere eit utslag av slurv. Døme på slike feil er *påføljande*, *røyre*, *tjenester* og *atferd*. I mange av tilfella er det sett inn ein ekstra bokstav, ofte ein j. Det kan vere vanskeleg å skilje mellom underkategoriane *bokmålsord* og *stavefeil*. Her må ein gjere eit val når ein skal kategorisere feilen, og eg har valt å plassere feil som kan reknast som stavefeil, under *bokmålsord* dersom ordet som vert danna, står i bokmålsordlista. Eit døme på dette er ordet *pek*. Det er berre éin bokstav som skil orda på dei to skriftspråka frå kvarande, men sidan ordet står i bokmålsordlista, vert det rekna som *bokmålsord* og ikkje *stavefeil*. Den neste siste underkategorien her er *ord som ikkje eksisterer*, ord ein ikkje finn i nokon av ordbøkene. I nokre tilfelle er dette ord der bokmålsordet og nynorskordet har smelta saman til eit nytt ord, som i *førekommar*. Desse orda kunne vore plasserte i andre kategoriar, men då det ikkje er snakk om reine morfologiske feil, er dei plasserte her. Den siste kategorien rommar bruk av feil spørjepronomen, og har fått namnet *feil spørjepronomen*.

Den tredje hovudkategorien er *syntaks*. Denne kategorien rommar alle feila som har med setningsstruktur å gjere. Han er med då dette er ein av hovudkomponentane i grammatikken, men det er registrert få feil i kategorien, noko som truleg kan forklarast ved at bokmål og nynorsk har nokså lik syntaks. Den fjerde hovudkategorien, *slurvefeil*, har ikkje opphav i grammatiske komponentar, men er med då mange feil ikkje har ei grammatisk forklaring, men snarare er eit resultat av ringt arbeid og mangel på korrekturlesing. Feila som vert plasserte i denne kategorien, er feil som ikkje passar inn i dei andre kategoriane, som er tydelege tastefeil, eller som på anna vis står fram som slurvefeil. Det er naturleg å tru at denne kategorien også eigentleg rommar nokre av feila som er plasserte i kategorien *bokmålsord*, då desse kan stamme frå slurv i omsetjingsarbeidet ved at orda er oversette i prosessen. Dette kan

ein ikkje vite, og det er dimed mest korrekt å kategorisere alle ord som kvalifiserer som bokmålsord, i kategorien *bokmålsord*.

Hovudkategorien *brot med stilideal* rommar dei grammatiske avvika i materialet. I forskingsspørsmål éin er desse kalla avvik, medan dei i kapittel fem er omtala som brot. Begge orda er dekkjande då det ikkje er snakk om grammatiske feil, men snarare brot med eller avvik frå stilidealet. Underkategoriane er *-ast* og *s-genitiv*, fyrstenemnde er passivbruk, medan den siste er, som namnet tilseier, bruk av s-genitiv. Dette er begge grammatiske trekk som er tillatne å bruke i nynorsk, men som ikkje følgjer det ein kan kalle «det nynorske stilidealet» og som mange grammatikkar anbefaler at ein unngår. Språkrådet hevdar at «[s]jølv om passiv i nynorsk er fullt mogleg [...] bør du tenkja på at uttrykksmåten ofte vil bli like god eller betre om du nyttar aktiv og dermed klårgjer kven som handlar» (Språkrådet 2012). Å nytte passiv er dimed å halde seg innanfor korrekt rettskriving, men då det ikkje er rekna som «god nynorsk», er det relevant å ha det med i ei kartlegging av språkleg kvalitet. Bruk av s-genitiv er i mindre grad enn passivbruk brot med stilideal, men då bruken av s-genitiv er mindre i nynorsk enn i bokmål, og andre formuleringar er vanlege, er det grammatiske trekket med i denne kartlegginga. I nokre tilfelle er s-genitiv meir vanleg brukt enn i andre, men i dette prosjektet er all bruk tald opp. Bruken av passiv og s-genitiv kan seie noko om nynorskkompetansen til den som står bak nynorskversjonen av eksamensoppgåvene ved UiO. Ein vert ikkje kvitt slike stilbrot ved å slå opp på enkeltord i ei ordliste, og truleg heller ikkje ved hjelp av enkle omsetjingsprogram, det krev kjennskap til det nynorske skriftspråket.

Til slutt i oversynet over grammatiske feil og avvik finn ein kategorien *særskrivingsfeil*. Feila som er registrerte i denne kategorien, kan ikkje koplast direkte til nynorskkompetanse, men kategorien er med i oversynet fordi han syner at dei grammatiske utfordringane ikkje berre er knytte til nynorsken.

Nokre feil og avvik kan som nemnt høyre inn under fleire kategoriar. Éin og same feil kan ikkje teljast fleire gonger, men nokre ord inneheld meir enn éin feil, og vert dimed registrerte meir enn éin gong. Nokre feil og avvik er det vanskeleg å plassere, men desse er anten presenterte her eller dei vil bli problematiserte i kapitelet over grammatiske funn. Eit døme som ikkje er nemnt over, er ordet «finnes». Det kan kvalifisere både som bokmålsord og bøyingsfeil, men i slike tilfelle må ein bestemme seg for ein av kategoriane og grunngje kvifor. I dette tilfellet er feilen plassert i kategorien *bokmålsord*. Årsaka er at verbet *å finnast* i

presens heiter *finst*, noko som tydeleg skil seg frå *finnes*. *Finnes* er korrekt bøying i bokmål, og feilen vert kategorisert som *bokmålsord*. Ein må samstundes merke seg at det ikkje finst ein fasit på kategorisering av ord som dette.

4.2 Behov for å samanlikne med bokmålsversjonen

I nokre tilfelle er det i gjennomgangen av den språklege kvaliteten behov for å samanlikne nynorskversjonen av den aktuelle eksamensoppgåva med bokmålsversjonen. Dette behovet melde seg når noko i oppgåveteksten var uforståeleg, til dømes eit ord, eller når eg meinte ein feil var ein slurvefeil, og eg var interessert i å sjå om denne feilen også var å finne i bokmålsversjonen. For å gjere ei slik samanlikning trong eg bokmålsversjonen også, noko eg i dei fleste tilfella ikkje hadde. Ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultetet var det fleire behov for å samanlikne oppgåveversjonar, så etter å ha skrive ned kva oppgåver det gjaldt, sende eg ein e-post til administrasjonen og fekk tilsendt dei aktuelle oppgåvene på bokmål. Administrasjonen ved Det humanistiske fakultetet hadde gjeve ut både bokmåls- og nynorskversjon av eksamensoppgåvene, så her var det ikkje behov for å kontakte fakultetet på nytt. Også i eitt tilfelle ved Det juridiske fakultetet var det behov for samanlikning, men her låg bokmålsversjonen av oppgåvene ute på nettet slik at det ikkje var behov for å få den tilsend. I kapittel fem vert funna baserte på desse samanlikningane presenterte.

4.3 Frekvens av presens

I kapittel fem vert det mellom anna presentert kor mange feil som vert gjort i kategorien *bøyingsfeil verb*. Som vi skal sjå, skil presens seg ut i statistikken ved å ha stordelen av desse feila. Eg ynskte å finne ut kvifor. Er det fordi presens er vanskeleg, eller er presens berre oftare brukt i eksamensoppgåver? Studerer ein datamaterialet, får ein inntrykk av at presens er meir frekvent. For å vere sikker på dette sende eg materialet til Tekstlaboratoriet ved UiO. Materialet gjekk gjennom deira grammatiske taggar, og det vart i stor grad stadfesta at presens er mest frekvent. Tabell 1 syner det samla talet på verb og kor mange av desse som er i presens. Datamaterialet frå Det humanistiske fakultetet og Det matematisk-naturvitskaplege fakultetet har ikkje vore gjennom taggaren, då materialet berre fanst som skanna dokument og taggaren ikkje kunne lese slike.

	Medisin (12)	SV (30)	TF (4)	UV (15)	JUS (25)
N	2699	1592	41	299	1761
Verb i presens	1692	902	19	151	192
Prosentdel	62,69	56,66	46,34	50,5	10,9

Tabell 1: Oversikt over presens i materialet. *N* = det samla talet på verb.

Tabellen syner at det er flest verb i presens ved alle fakulteta, sett vekk frå Det juridiske fakultetet. Her står storparten av verba i preteritum, noko ein kan forklare ved at ein i mange av eksamensoppgåvene greier ut om noko som har funne stad, og at det dimed er mykje bruk av fortidsformer. Noko anna som er påfallande med tabellen, er den store skilnaden i kor store tala på verb er mellom fakulteta. Storleiken på datamaterialet spelar inn her, men dette forklarar ikkje kvifor Det medisinske fakultetet er registrert med fleire verb enn noko anna fakultet. Truleg spelar lengda på eksamensoppgåvene inn her. Det kunne også vore interessant å telje frekvensen av ulike kjønn i substantiv, då det også her truleg er ein skilnad i kva type substantiv som opptrer oftast. Dette er likevel ikkje gjort, då ein slik skilnad ikkje kjem tydeleg fram i datamaterialet.

4.4 Informantane

I kapittel tre såg vi at det er to typar informantar i denne granskinga, og at begge er valde ut på grunnlag av *judgement sample*. Informantane i den fyrste gruppa vart valde ut frå kriteria

- a. eksamenen inneheld mange feil fordelte på mange kategoriar, eller
- b. eksamenen inneheld få feil fordelte på få kategoriar

Det skulle dimed vere to informantar per fakultet, éin per kriterium, uansett korleis fakultetet samla scorar på språkleg kvalitet. Etter å ha valt ut kva eksamensoppgåver som skulle ligge til grunn, måtte eg finne ut kven som hadde skrive den aktuelle eksamensteksten, og om han/ho ikkje hadde omsett teksten til nynorsk, måtte eg vite kven som hadde gjort dette. Der fagsidene oppgav emneansvarleg våren 2014, vart denne direkte kontakta, medan

administrasjonen på det aktuelle instituttet vart kontakta dersom denne informasjonen ikkje var tilgjengeleg. Ved fleire høve svarte personen bak oppgåva at han/ho ikkje hadde omsett ho, men eg kunne kontakte ein konkret person eller administrasjonen for å få svar. Når riktig person var kontakta, vart det avtalt tid og stad for intervju. Nokre av dei som vart kontakta, takka nei til intervju, og eg gjekk då vidare til ein annan eksamen og ein annan person. Ved Det juridiske fakultetet kunne administrasjonen svare på kven som hadde omsett eksamenen då dei ikkje hadde eit system for å lagre slik informasjon, og dei ikkje hadde tid til å prøve å finne ut kven omsetjaren var. Det resulterte i ein mangel på informantar som hadde laga eller omsett oppgåver. For å bøte på dette kontakta eg Kåre Lilleholt, professor ved fakultetet, og eg nytta han som informant. Det er viktig å merke seg at han truleg ikkje er ein representativ informant då han mellom anna har leia nynorskseksjonen i Språkrådet. Likevel vurderte eg det som betre å ha med han enn ingen fagleg eller administrativt tilsett, spesielt for å få ei røyst i tillegg til studiedekanen som kunne seie noko om system. Det medisinske fakultetet svarte at dei nytta eit omsetjingsbyrå, og det var dimed ingen å intervju. Eg lukkast ikkje i å få tak i ein andre informant frå Det utdanningsvitenskaplege fakultetet og Det teologiske fakultetet, så det er berre éin informant frå kvart av desse fakulteta. Då dei også har det lågaste talet på eksamensoppgåver, 4 og 15, meiner eg det er tilstrekkeleg. Dette gjorde at det i granskinga var 8 informantar som oppfyller krava til informantgruppe 1, med Kåre Lilleholt som tilleggsinformant. Av desse er 3 av type a og 5 av type b. I analysekapittelet har eg ikkje teke særleg omsyn til denne todelinga. Eg viser til ho dersom kompetansen til informanten er relevant, men ikkje elles. Inndelinga er likevel viktig då ho sikrar ei breidde av informantar.

Den neste informantgruppa vart vald ut på grunnlag av eitt kriterium: Informanten skulle vere den øvste studieansvarlege ved sitt fakultet. Då det er sju fakultet med i denne undersøkinga, vart det sju informantar. Årsaka til valet av desse personane er ynske om å avdekkje kva system som finst ved dei ulike fakulteta, og å undersøkje kva haldningar og ideologiar ein finn hjå tilsette høgare oppe ved UiO. Alle stilte opp til intervju. Tabell 2 syner ei oversikt over alle informantane.

Fakultet	Informanttype 1		Informanttype 2
	a	b	
Det medisinske fakultetet	0	0	1
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet	1	1	1
Det samfunnsvitenskaplege fakultetet	1	1	1
Det teologiske fakultetet	0	1	1
Det utdanningsvitenskaplege fakultetet	0	1	1
Det juridiske fakultetet	0	0 (1)	1
Det humanistiske fakultetet	1	1	1

Tabell 2: oversikt over informantar

4.5 Oppsummering

Korleis grammatisk feil og avvik har blitt kategoriserte, har teke opp ein stor del av dette kapitlet. Årsaka til dette er behovet for ein gjennomsiiktig granskingingsprosess.

Frekvensen av presens i datamaterialet er teken med for at funna som vert presenterte i neste kapittel, ikkje skal villeie ein til å tru at presens er vanskelegare enn andre verbtider.

Datamaterialet er eksamensoppgåver, men for å få innsikt i korleis desse vert laga og kva ideologiar og haldningar som spelar inn i prosessen, har det vore naudsynt å intervju informantar. Desse informantane, og korleis eg har gått fram for å finne dei, er presenterte til slutt i kapitlet.

5 Kva grammatiske feil og avvik er å finne i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?

Dette kapittelet omhandlar forskingsspørsmål éin: *Kva grammatiske feil og avvik er å finne i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?* Eitt og eitt fakultetet vert presentert med funna som er gjorde ved det aktuelle fakultetet. Deretter kjem ei samanlikning av fakulteta før eg avslutningsvis vil peike på funn og utfordringar som er felles for dei ulike fakulteta. Fakulteta vert omtala med forkorting.

Type og belegg

For kvart fakultet og for kvar grammatiske kategori vert det presentert ei rekkje tal. Det vert presentert prosenttal og faktiske tal. Prosenttala er av to typar: Kor stor prosentdel feil den aktuelle underkategorien står for i den kategorien som vert handsama, og kor stor prosentdel av datamaterialet som har den aktuelle feilen. Faktiske tal seier kor mange feiltypar som er registrerte, og kor stort feilbelegget er. Det er det samla belegget som ligg til grunn for diagramma i kapittelet. I alle diagramma er det éin desimal. Dette er gjort for at tala skal vere nøyaktige, men i den springande teksten er tala runda av for å gjere teksten meir leseleg. Er desimalen fem, er dette med i den springande teksten for å vise at ein her ligg midt mellom to tal.

Varierende tal og lengde på eksamensoppgåvene

Talet på eksamensoppgåver, og lengda på desse, varierer frå fakultet til fakultet. Begge momenta påverkar kor mange belegg ein har frå dei ulike fakulteta, noko som igjen påverkar om ein kan stole på tala som kjem fram av undersøkinga. Eit døme på varierende lengde finn ein på Det juridiske fakultetet (JUS). Fem av tjuetve eksamensoppgåver ved fakultetet er på berre éi setning, medan andre er på to sider. At lengda varierer, ser ein også i talet på verb registrert i materialet. Det medisinske fakultetet (Medisin) har spesielt mange verb, noko som er ein indikasjon på at eksamensoppgåvene ved fakultetet er lange. Dette vert stadfesta når ein ser over datamaterialet. Kor mange feil og kor mange belegg for den aktuelle feilen ein finn i ein tekst, er gjerne påverka av lengda. Dette fordi ein som ikkje meistrar nynorsk, truleg vil

gjere fleire feil i ein lang enn i ein kort tekst. Slike skilnader kjem tydelegast fram i det samla talet over feil, fordi ei lengre eksamensoppgåve gjev fleire belegg.

Talet på eksamensoppgåver påverkar som nemnt kor stor lit ein kan feste til funna gjort i denne undersøkinga, og saman med lengda på eksamensoppgåvene påverkar dette også kva fakultet ein kan samanlikne. For at ei samanlikning skal vere mogleg, må det vere samsvar i talet på belegg. Kva fakultet ein ut frå dette har grunnlag for å samanlikne, kjem vi attende til i 5.2.

5.1 Funn

5.1.1 Det medisinske fakultetet

Funn

Datamaterialet frå Det medisinske fakultetet (Medisin) består av 12 eksamensoppgåver. Dette er eit relativt lågt tal, men samstundes er storparten av oppgåvene lange, noko som gjev meir tekst å gå ut frå. Eksamensoppgåvene ved dette fakultetet er omsette av eit omsetjingsbyrå, og byrået hevdar at det er personar og ikkje dataprogram som står for omsetjinga (Universitas 20. mai). I diagram 1 *Medisin* ser vi fordelinga av type feil i oppgåvene frå Medisin.




Diagram 1 *Medisin*: fordeling av type feil

I kategoriane *morfologiske feil*, *ordtilfang*, *syntaks* og *slurvefeil* er det samla registrert 63 feil. 82 prosent av desse feila hører inn under *morfologiske feil*, 16 prosent av feila er av typen

ordtilfang, medan 2 prosent er *slurvefeil*. Det er ingen feil i kategorien *syntaks*. Kategorien *brot med stilidealet* er ikkje med i diagram 1 ved nokon av fakulteta då slike brot ikkje er kategoriserte som feil. Heller ikkje *særskrivingsfeil* er med då desse feila ikkje kan bli direkte kopla til nynorskkompetanse. Det er like fullt interessante å studere funna i desse to kategoriane, så dette vert gjort mot slutten av gjennomgangen for kvart fakultet. Det nynorske stilidealet er elles omtala i teorikapittelet.

Morfologiske feil

Som vi såg i diagram 1 *Med*, er ein stor prosentdel av feila ved dette fakultetet morfologiske. I alt er det påvist slike feil i 23 prosent av datamaterialet. *Morfologiske feil* er ein stor samlekategori, og det er naudsynt å sjå nærare på kva han rommar. I kategorien er det registrert 6 feiltypar, med eit samla belegg på 51 feil. Diagram 2 *Medisin* syner korleis feila er fordelte på dei ulike underkategoriane.




Diagram 2 *Medisin*: fordeling av type feil i kategorien morfologiske feil

Som vi ser av diagrammet, er det kategoriar som skil seg ut. *Bøyingsfeil substantiv* står for 65 prosent av feila, medan *bøyingsfeil verb* står for 22 prosent. Orda i desse kategoriane er frekvente, så det er difor ikkje overraskande at dei har størstedelen av feila. *Ast utan hjelpeverb* står for 6 prosent av feila, *suffiks* for 4 prosent medan *as for ast* og *prefiks* dekkjer 2 prosent kvar. Det er verdt å merke seg at det ikkje er funne feil i kategorien *Feil kjønn*. Det er *bøyingsfeil substantiv* i 58 prosent av datamaterialet og *bøyingsfeil verb* i 42 prosent. Kategoriane *ast utan hjelpeverb*, *suffiks*, *as for ast* og *prefiks* er alle registrerte i 3 prosent av datamaterialet. Døme på morfologiske feil, i underkategorien *suffiks*, er *-ning* for *-ing*. I *Typar*

feil i nynorsk peikar Søyland på utfordringa med -ning og -ing. Feilen går att i KAL-materialet, og Søyland (2002: 11) hevdar at «[s]uffikset -ning er mykje brukt i bokmål, og smittar nok til ein viss grad over på nynorsk. Dessutan er det ein del vakling i talemåla når det gjeld uttalen av desse orda». Dette kan også ha medverka til at feilen er å finne i eksamensoppgåver.

Substantiv

Kategorien *bøyingsfeil substantiv* står som vi ser for 65 prosent av dei morfologiske feila ved fakultetet. Det er registrert feil i 7 av 12 typar, og det samla talet på feil er 33. Av desse er 8 hankjønnssubstantiv, 23 høkjønnssubstantiv og 2 inkjekjønnssubstantiv. Diagram 3 *Medisin* gjev eit oversyn over i kva form feila opptrer. Diagrammet tek utgangspunkt i det samla talet på feil i dei ulike kjønna. Dette talet utgjer då 100 prosent.




Diagram 3 *Medisin*: fordeling av type feil i kategorien bøyingsfeil substantiv

Som vi ser over, er det registrert flest feil i femininum. Halvparten av eksamensoppgåvene har feil av denne typen. Diagram 3 *Medisin* viser at 87 prosent av desse feila er i ubestemt fleirtal, medan dei resterande 13 er i bestemt eintal. Det er bøyingsfeil i inkjekjønns i 17 prosent av oppgåvene, med éin feil i bestemt og éin feil i ubestemt fleirtal. Feil bøyings av hankjønnssubstantiv er å finne i 17 prosent av datamaterialet, og som diagram 3 *Med* viser, er 62,5 prosent av desse i ubestemt fleirtal, 25 prosent er i bestemt eintal og 12,5 prosent i bestemt fleirtal. Det er ikkje registrert feil i ubestemt eintal. Dette kan skuldast at lekset i nokre tilfelle er likt på bokmål og nynorsk.

Ein feil som går att ved Medisin, er *smertar*. Den høge frekvensen av denne feilen er mykje av årsaka til at ein stor del av feila tilhøyrrer ubestemt fleirtal femininum. To feil i ubestemt maskulinum er *nerver* for *nervar* og *skader* for *skadar*, men desse orda er ikkje brukte i like stor del av datamaterialet som ordet *smertar*. Kva som er årsaka til at desse feila vert gjorde, kan ein ikkje seie ut frå materialet. Samstundes kan ein sjå på feilen i *smertar* som overgeneralisering av regelen om at nokre substantiv har endinga -ar på nynorsk, medan dei to andre feila kan vere grunna i at det er slik desse orda vert bøygde på bokmål. Søyland (2002:19) hevdar at «[n]år ord blir bøygde feil i fleirtal, er det nok ofte ei overføring frå bokmål, utan at skribenten tenkjer på kva kjønn ordet har i eintal», noko som kan vere ei forklaring på kvifor ein får endinga -ar i desse hokjønnssubstantiva. Ei alternativ forklaring på bruken av *smertar* kan vere at dette er korrekt skrivemåte for verbet *å smerte* i presens. Endinga -ar i bestemt fleirtal av *smerte* kan altså stamme frå verbet, eller det kan vere verbet ein vil fram til. Ut frå samanhengen ordet opptre i i eksamensoppgåvene, har eg avvist det siste. Det er tydeleg at det er substantivet ein viser til, men at ordet *smertar* finst i presens av verbet *å smerte*, kan ha påverka. Omsetjingsbyrået hevdar som nemnt at det er personar som omset, men dersom dei også nyttar eit dataprogram som ser etter feilskrivne ord, vil ikkje *smertar* bli registrert. Ein inkjekjønnsfeil som går att, er *alternativer* for *alternativ*. I nynorsk er det ikkje ending i ubestemt fleirtal av inkjekjønn, noko som skil seg frå bokmål og som kan vere årsaka til feilen som her er gjord. Søyland viser til mange slike feil i sin gjennomgang av KAL-materialet frå 2000 (2002: 9).

Verb

Kategorien *bøyingsfeil verb* står for 22 prosent av alle dei morfologiske feila ved Medisin, og det er slike feil i 42 prosent av datamaterialet. Desse feila er delte inn i 15 typar, og ved dette fakultetet er det registrert feil i 4 av desse. Det samla talet på feil er 10, og av desse er det 2 feil i sterke verb, 8 i svake og ingen i uregelrette. Diagram 4 *Medisin* viser fordelinga.




Diagram 4 Medisin: fordeling av type feil i kategorien bøyingsfeil verb

Som det går fram av diagrammet, er det flest feil i presens. I sterke verb er det berre feil av denne typen medan han dekkjer 75 prosent av feila i svake verb. 12,5 prosent av feila gjorde i svake verb, er i preteritum, og dei resterande 12,5 prosentane er i presens perfektum. Døme på feil i kategorien *bøyingsfeil verb* er *svimer* for *svimar* og *tilkalte* for *tilkalla*. Her er leksemet felles for bokmål og nynorsk, men verba har her fått bokmålsbøyinga. Om vi nyttar Stauri (2002: 48-49) sin modell, kan difor verba vere av type A, direkte overføring frå bokmål, eller type B1, leksemet er nynorsk, bøyinga er bokmål. Det er i tillegg registrert 1 feil i perfektum partisipp: *nedsenkte* for *nedsenka/nedsøkkte*.

Ordtilfang

Kategorien *ordtilfang* rommar 16 prosent av alle feila i diagram 1 Med, og 25 prosent av alle eksamensoppgåvene ved Medisin har feil av denne typen. Det er registrert feil i 3 av 6 typar, og det samla talet på feil er 10. I diagram 5 Medisin ser vi korleis desse er fordelte på dei ulike feiltypane.




Diagram 5 Medisin: fordeling av type feil i kategorien ordtilfang

Som det går fram av diagrammet, står kategorien bokmålsord for 50 % av dei morfologiske feila ved fakultetet, stavefeil står for 40 prosent, medan feil spørjepronomen står for 10 prosent. Det er ingen registrerte feil i kategoriane ord som var lov før, feil bruk av ordet og ord som ikkje eksisterer. Det er registrert bokmålsord i 25 prosent av datamaterialet, stavefeil i 25 prosent og feil spørjepronomen i 3,5 prosent. Døme på feil i kategorien bokmålsord er følsom, som ifølgje Stauri sin modell er ei direkte overføring frå bokmål (2002: 48). Feilen *Avlosning* er det også fleire av i materialet, og han inneheld feil i både *suffiks (-ning)* og *stavefeil (Avlosning)*.


Særskrivning

Medisin skil seg ut frå dei andre fakulteta ved å ha ein stor prosentdel særskrivingsfeil. Det er i alt 21 feil, fordelt på 58 prosent av datamaterialet. Dette talet er, som vi vil sjå, mykje høgare enn tala ved dei andre fakulteta. Storparten av feila er i konstruksjonar der det manglar bindestrek mellom ei forkorting og eit ord, som *CT undersøking*. Språkvitar Kristin Andvik Hoaas fann i si undersøking av feil gjorde av skuleelevar at det oftare vert gjort feil når den eine delen av det samskrivne ordet ikkje er eit vanleg ord (Hoaas 2009). Ho hevdar at mange då ikkje skjønar kvar ordgrensa går (Hoaas 2009). Dette kan vere ei mogleg forklaring også her, både om det er ein person eller eit program som står bak feilen. Det Matematisk-naturvitskaplege fakultetet har nest flest særskrivingsfeil med 16 prosent av datamaterialet, eit tal som også er monaleg høgare enn talet ved dei andre fakulteta. At desse to fakulteta har noko til felles her, kan truleg henge saman med at det medisinske fagområdet byggjer på

matematisk og naturvitskapleg kunnskap, og at noko av fagterminologien og bruken av forkortingar er felles for dei to.

Brot med stilidealet

Kategorien *brot med stilidealet* skil seg frå dei andre kategoriane ved at han ikkje rommar grammatiske feil, men brot med, eller avvik frå, det ein kan kalle «det nynorske stilidealet». Kategorien har to underkategoriar, og i metodekapittelet vart desse to presenterte, saman med ei grunning for kvifor dei er med i undersøkinga. Det er viktig å merke seg at det her altså er snakk om avvik, ikkje feil. Dei to underkategoriane er *ast* og *s-genitiv*. Ved Medisin er det registrert 31 brot, fordelt på 75 prosent av datamaterialet. Diagram 6 *Medisin* syner fordelinga



mellom dei to underkategoriane.

Diagram 6 Medisin: fordeling av type brot i kategorien brot med stilideal

Som det kjem fram av diagrammet, er 93,5 prosent av brota bruk av passivendinga *–ast*, medan 6,5 prosent er bruk av *s-genitiv*. Det er registrert brot i kategorien *ast* i 75 prosent av materialet og *s-genitiv* i 3,5 prosent. Eit døme på bruk av *s-genitiv* er *pasientens tilstand*, eit uttrykk mykje brukt på det medisinske fagområdet. Det høge talet på avvik i kategorien *brot med stilideal* ved Medisin kan vere eit teikn på at teksten er omsett ord for ord. Ei slik direkte omsetjing kan vere med på å forklare dei mange brota med «det nynorske stilidealet».

Andre feil og avvik

Nokre feil kjem ikkje fram av tabellar eller diagram i denne oppgåva, og vil difor bli nemnde etter gjennomgangen av alle kategoriane. Desse feila er feil som er så sjeldne i materialet at dei ikkje har fått ein eigen kategori, men som eg vel å trekkje fram dersom dei ved nokre fakultet er meir frekvente. Det kan også vere snakk om feil det er vanskeleg å kategorisere og forstå. Ved Medisin er det bruken av determinativ som det her er verdt å trekkje fram. Ved eitt høve er determinativet *inga* brukt for *inkje*, og ved eit anna høve er *nokre* brukt for *noko*. Den sistnemnde feilen er å finne på Søyland si liste over typiske feil i *Typar feil i nynorsk* (2002: 22).

Eg vil også trekkje inn nokre av spørsmålsformuleringane brukte i eksamensoppgåvene. Som vi ser i diagram 5 *Medisin*, utgjer feil spørjepronomen 10 prosent av feila i kategorien *ordtilfang*, men i tillegg til desse feila finst det spørsmål som er dårleg formulerte. Her er nokre døme: «Kva slags av legemidla under ...», «Kva for gjennomsnittleg hjartefrekvens ...», «Kva for blodtrykksmål er optimal ...» Ingen av desse formuleringane inneheld feil spørjepronomen, men språket er ikkje godt. Dette kan vere ein indikasjon på at det for nokon er vanskeleg å formulere spørsmål på nynorsk, og at spørjeorda og spesielt bruken av «kva for» ikkje kjem naturleg. Det dårlege språket kan også skuldast eit automatisk omsetjingsprogram som omset ord for ord, og det kan tyde på manglande kvalitetssikring av språket i ettertid av omsetjinga.

5.1.2 Det matematisk-naturvitskaplege fakultetet

Funn

Datamaterialet frå Det matematisk-naturvitskaplege fakultetet (MatNat) er 38 eksamensoppgåver. Diagram 1 *MatNat* syner fordelinga av feil mellom kategoriane *morfologiske feil*, *ordtilfang*, *syntaks* og *slurvefeil*. Dette diagrammet byggjer på eit beleggtal på 521 feil, og det er registrert feil i alle kategoriane.




Diagram 1 MatNat: fordeling av type feil

Morfologiske feil står for 54 prosent av feila, *ordtilfang* for 43, *slurvefeil* for 2,5 prosent og *syntaks* for 1 prosent. Det er morfologiske feil i 95 prosent av datamaterialet, feil i *ordtilfang* i 87 prosent, *slurvefeil* i 18 prosent og *feil syntaks* i 5 prosent. Døme på feil i kategorien *slurv* er «figure» for «figur». Kategorien rommar feil som ikkje passar inn i dei andre kategoriane, som er tydelege tastefeil, eller som på anna vis står fram som slurvefeil. «Figure» kunne vore kategorisert som *bøyingsfeil substantiv*, men då det er lite som logisk forklarar å leggje til ein *e* i slutten av ordet, og *E* og *R* står ved sida av kvarandre på tastaturet, meiner eg det er meir fornuftig å plassere feilen i kategorien *slurvefeil*.

Morfologiske feil

Dei morfologiske feila står, som vi såg i diagram 1 *MatNat*, for ein stor del av dei samla feila ved *MatNat*. I alt er det registrert 279 slike feil, og som einaste fakultet har *MatNat* feil i alle dei sju morfologiske underkategoriane. Diagram 2 *MatNat* syner fordelinga mellom dei.




Diagram 2 MatNat: fordeling av type feil i kategorien morfologiske feil

Vi ser at det er registrert flest feil i *bøyingsfeil substantiv*, med 34 prosent av det totale talet på morfologiske feil. 29 prosent av feila er *bøyingsfeil verb*, 8,5 prosent er i kategorien *feil kjønn* medan *as for ast* og *ast utan hjelpeverb* begge har 11 prosent av feila. Kategorien *prefiks* står for 3,5 prosent og *suffiks* for dei resterande 3. Det er *bøyingsfeil substantiv* i 76 prosent av datamaterialet, *bøyingsfeil verb* i 68,5 prosent, *feil kjønn* i 50 prosent, *as for ast* og *ast utan hjelpeverb* er begge registrert i 37 prosent, *prefiks* i 13 prosent og *suffiks* i 21 prosent. Ein gjennomgåande feil i kategorien *feil kjønn* er *ein oppgåve*. Døme på feil i kategorien *prefiks* er *antal* og *begrep*, noko ein etter Stauri sin modell kan plassere som feil av type A, direkte overføring frå bokmål (Stauri 2002: 48). *Nyttas* og *erstattas* er døme på feil i kategorien *as for ast*. Årsaka til at t-en ikkje kjem med når verbet står i passiv, er truleg ei overføring frå bokmål der verba i denne forma endar på *-es* og ikkje *-est*. Uttalar ein orda, er t-en oftast stum, noko som også kan vere ei forklaring på at den mange stader ikkje vert skriven.

Substantiv

Det er registrert feil i kategorien *bøyingsfeil substantiv* i 76 prosent av datamaterialet ved MatNat. Det er eit samla belegg på 97 feil, 39 i maskulinum, 27 i femininum og 31 i nøytrum. Diagram 3 MatNat syner korleis desse feila er fordelte på type.




Diagram 3 MatNat: fordeling av type feil i kategorien bøyingsfeil substantiv

Det er registrert feil i 10 av 12 underkategoriar. Av feil gjorde i inkjerkjønnsst substantiv, er det klart flest feil i ubestemt fleirtal, med 68 prosent, etterfølgt av bestemt fleirtal med 32 prosent. Av hokjønnsst substantiva er det like mange feil i alle formene, medan feila gjorde i hankjønner er fordelte med 41 prosent på ubestemt fleirtal, 26 prosent på ubestemt eintal, 20,5 prosent på bestemt fleirtal og 13 prosent på bestemte eintal. Døme på feilbøygde substantiv er *dele* for *delar*, *koder* for *kodar* og *muskler* for *musklar*. Dei to sistnemnde samsvarer med bokmålsk leksem og bøyning, noko som tilseier at dei kan vere ei direkte overføring frå bokmål. Samstundes deler bokmålet dette leksemet med nynorsken, så feila kvalifiserer også som det Stauri kallar hybride ordformer med nynorsk leksem og bokmålsbøyning (2002: 49).

Verb

I datamaterialet for MatNat er det registrert 69 feil i kategorien *bøyingsfeil verb*, fordelt på 11 ulike kategoriar. 18 av feila er i sterke verb, 43 i svake og 8 i uregelrette. Det er feilbøygde verb i 68,5 prosent av datamaterialet. Diagram 4 MatNat viser fordelinga.




Diagram 4 MatNat: fordeling av type feil i kategorien bøyingsfeil verb

Det vi ser i Diagram 4 Mat Nat, er at ein svært stor del av feila er gjorde i presens. Heile 94 prosent av feila i sterke verb er i dette tempuset, 75 prosent av feila i uregelrette verb og 74 prosent av feila i svake verb. I sterke verb er det også gjort feil i presens perfektum, til saman er 6 prosent av feila i denne verbtypen gjorde i dette tempuset. I svake verb er 9 prosent i imperativ, 7 prosent i infinitiv, 7 prosent i presens perfektum og 2 prosent i preteritum. I uregelrette verb er det i tillegg til feil i presens registrert feil i presens perfektum og preteritum. Dei utgjer begge 12,5 prosent av alle feila gjorde i uregelrette verb. Døme på bøyingsfeil ved MatNat er *utled* for *utlei*. Dette er eit svakt verb i imperativ, og det er mykje grunna dette verbet at denne gruppa har 9 prosent av feila i svake verb. Dette er ikkje eit direkte fagspesifikt ord, men det er lite nytta i dagleg tale og skrift, noko som kan ha ført til at den nynorske forma er lite kjend. I tillegg til feila synte i diagrammet over, er det registrert 9 feil i perfektum partisipp. Eit døme på feil her er «[...] har vore selte [...]» for «[...] har vore selde [...]».

Ordtilfang

I kategorien *ordtilfang* er det registrert feil i 87 prosent av datamaterialet, det samla talet på feil er 226. Diagram 5 MatNat viser fordelinga av desse feila.




Diagram 5 MatNat: fordeling av type feil i kategorien ordtilfang

MatNat er også her einaste fakultet som har feil i alle underkategoriane. Som det går fram av diagram 5 MatNat, er 56 prosent av alle ordtilfangsfeila i kategorien *bokmålsord*. 25 prosent er feil i *stavefeil*, 9 prosent er *ord som ikkje eksisterer*, 2 prosent er i kategorien *feil bruk av ordet*, 3,5 prosent er i *feil spørjepronomen* og dei gjenverande 4 prosentane er feil i kategorien *ord som var lov før*. I alt inneheld 68 prosent av oppgåvene bokmålsord, 63 prosent har stavefeil, 29 prosent har feil i *ord som ikkje eksisterer*, 18 prosent har *ord som var lov før*, 10,5 prosent har *feil bruk av ordet* og 8 prosent har bruk av feil spørjepronomen.

Bokmålsorda *de* og *se* går att. I kategorien *ord som ikkje finst* finn ein mellom anna ordet *antakingar*. Det er determinativa *noe* og *noen*, saman med *bare*, som her fører til feil i kategorien *ord som var lov før*. Om han/ho som har skrive nynorskversjonen av oppgåvene, er klar over at dette har vore lov og framleis trur det var lov, eller om det er snakk om ein omsetjingsglipp, er ikkje mogleg å svare på ut frå datamaterialet.

Det er ved dette fakultetet vi finn den grovaste feilbruken av eit ord. I ei oppgåve på 1000-nivå står det at «På kontinentet er det einsemd om at [...]». Ut frå konteksten er det tydeleg at det er ordet *semje* eller *einigheit* som skal stå her, ikkje *einsemd*. Ei samanlikning med bokmålsversjonen stadfestar dette, då det der står *enighet*.

Særskrivning

Det er registrert særskrivingsfeil i 16 prosent av datamaterialet ved MatNat og det samla talet på feil er 18. Mange av desse er mangel på bindestrek mellom ei forkorting og eit ord, som i

til dømes *kontroll DNA* og *PCR reaksjon*, noko vi også såg ved Medisin. Andre feil er deling av ord som skal stå saman, som i *kloroplast genet*.

Brot med stilideal

Det er registrert avvik i kategorien *brot med stilideal* i 63 prosent av datamaterialet. Samla er det 81 brot. Diagram 6 *MatNat* syner fordelinga mellom dei to underkategoriane.




Diagram 6 *MatNat*: fordeling av type brot i kategorien brot med stilideal

Som vi ser, er 89 prosent av alle brota i kategorien *ast* og 11 prosent er i *s-genetiv*. Det er registrert brot i kategorien *ast* i 58 prosent av alle eksamensoppgåvene og i kategorien *s-genetiv* i 18 prosent av oppgåvene. Døme frå denne kategorien er *oppgåvas*.

Ei samanlikning med bokmålsversjonen

Datamaterialet i denne oppgåva er nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO, men i nokre tilfelle var det som sagt naudsynt å også studere bokmålsversjonen. Fyrste eksamensoppgåve med behov for begge versjonane var for eit fag på 1000-nivå. Setninga «Består av oppgåve 1-4, der alle svar skal førast inn på eit eige ark som lever si inn ved eksamenstidens slutt» gav ikkje meining, då «[...] som lever si inn [...]» er ein konstruksjon som ikkje fungerer. I bokmålsversjonen stod det «[...] som levers inn [...]». Verbet i konstruksjonen manglar bokstaven *e*. Det er ikkje urimeleg å då spørje om feilen i nynorskversjonen kan vere ein følgjefeil av feilen i bokmålsversjonen, men sidan det er uvisst om nynorskversjonen er ei direkte omsetjing av bokmålsversjonen, kan ein ikkje svare på dette. Mangelen på bøyingsending er heller ikkje det einaste problemet i nynorskversjonen, og det er dimed ikkje tilstrekkeleg å hevde at det er ein følgjefeil. Ordet «si», eit

eigedomspronomen, passar ikkje inn i setninga. I bokmålsversjonen er det ein passivkonstruksjon her, *levers inn*. Ei mogleg tolking er at denne konstruksjonen for nokre kan minne om s-genetiv, og at han/ho som har gjort denne feilen veit at s-genetiv og passiv ikkje er å føretrekkje på nynorsk, og at han/ho trur ein i dette tilfellet vil bli kvitt det om s-en vert erstatta med ordet *si*. Dette er ei tolking ein ikkje må legge for mykje i. For å få svar på kva som faktisk ligg bak feilen, må ein gå til opphavspersonen.

I ei eksamensoppgåve på 3000-nivå var det teiknsetjinga som skapte behovet for samanlikning. Den eine deloppgåva var formulert slik: «Skildre kort komponenten til *EGF-*signalisering frå binding av den sin *ligand til verknad i kjernen. Indiker tre punkt der inhibitorar er brukte for å blokkere denne *signaliseringsveien i *kreftceller.» Det er *-teiknet, som til saman er brukt åtte gonger i eksamenssettet, som gjev behov for samanlikning. Teiknet har ingen grammatisk funksjon, og i bokmålsversjonen av eksamenen er det ikkje å finne. Orda *-teiknet står framføre er heilt like i dei to versjonane. Fleire av desse, som *effektorer*, *navngi* og *signalveiene*, er ord ein ikkje finn i nynorsk eller ord ein finn i begge målformene, men som her har ei bøyingsending som berre er korrekt i bokmål. Dette gjer at ein sit att med eit inntrykk av at han/ho som har skrive denne versjonen av eksamenen, var usikker på desse orda, og markerte dei med ein plan om å spørje nokon til råds. Her må det ha svikta i eit ledd undervegs og eksamenen har blitt trykt opp med *-teiknet, bokmålsord og bøyingsfeil. Det er også i mange omsettingsprogram vanleg å markere ikkje-omsette ord med * i teksten, så dette kan ha verka inn. Det er uansett tydeleg at denne eksamensoppgåva ikkje har blitt kvalitetsikra.

Avvika over er store, men det er også nyttig å samanlikne dei to versjonane når avvika er små. Eit døme på dette er frå ein eksamen på 2000-nivå der ordet *innavl* var stava feil. Denne stavefeilen er å finne i begge versjonane og går difor ikkje på nynorskkompetansen spesielt, men han er med i statistikken då ein stavefeil er ein stavefeil. Feilen viser oss at det kan vere grammatiske og leksikalske feil i bokmålsversjonane også, noko vi tok opp i kapittel tre.

Andre feil

I ei eksamensoppgåve på 2000-nivå er tala *13.*, *14.* og *15.* skrivne *13de*, *14de* og *15de*. Denne skrivemåten skil seg frå den gjeldande rettskriving for ordenstal. Slike tal skal vere skrivne med bokstavar eller med punktum etter sifferet (Fjeld 2002: 83). Feilen som er gjord i oppgåva, har ikkje noko med målforma å gjere, men han er relevant å trekkje inn då han,

saman med statistikken over særskrivingsfeil, syner oss at fakulteta også har utfordringar med teiknsetjing.

5.1.3 Det samfunnsvitskaplege fakultetet

Funn

Datamaterialet frå Det samfunnsvitskaplege fakultetet (SV) består av 30 eksamensoppgåver. I diagram 1 SV ser vi fordelinga av feil mellom dei fire kategoriane *morfologiske feil*, *ordtilfang*, *syntaks* og *slurvefeil*. Det er registrert feil i 3 av 4 kategoriar, og til saman er det eit belegg på 66 feil.




Diagram 1 SV: fordeling av type feil

Som diagram 1 SV viser, er 70 prosent av feila morfologiske, 27 prosent høyrer inn under kategorien *ordtilfang*, og 3 prosent er slurvefeil. Det er ingen registrerte feil i *syntaks*. Det er morfologiske feil i 60 prosent av datamaterialet, feil i *ordtilfang* i 37 prosent og slurvefeil i 7 prosent. Ein av slurvefeilane ved fakultetet er på setningsnivå. I innleiinga står det at «Oppgavesettet har av 2 sider inkludert denne». *Har* og *av* går ikkje saman, og eg har valt å kategorisere *av* som slurvefeil. Dette gjer eg fordi det i bokmålsversjonen står «Oppgavesettet består av [...]», noko som kan tyde på at ordet *består* har blitt erstatta av *har*, og at ordet *av* har blitt oversett. Dette kan vere eit teikn på at eksamensoppgåva ikkje har blitt språkleg kvalitetssikra.

Morfologiske feil

Ved SV er det morfologiske feil i 60 prosent av eksamensoppgåvene. Det er feil i 5 kategoriar, og det samla belegget er 46 feil. Desse feila er i diagram 2 SV delte inn etter underkategoriar.




Diagram 2 SV: fordeling av type feil i kategorien morfologiske feil

Vi ser av diagrammet at 45 prosent av dei morfologiske feila er *bøyingfeil substantiv*, 32 prosent er *bøyingfeil verb*, medan 15 prosent er *feil kjønn*. Kategorien *ast utan hjelpeverb* står for 6 prosent, medan *as for ast* står for 2 prosent. Det er ingen feil i kategoriane *suffiks* og *prefiks*. Det er registrert *bøyingfeil substantiv* i 23 prosent av datamaterialet, *bøyingfeil verb* i 13 prosent, *feil kjønn* i 20 prosent, *ast utan hjelpeverb* i 10 prosent og *as for ast* i 3 prosent. Døme på feil i kategorien *feil kjønn* er *en oppgåve*, døme på feil av typen *as for ast* er *leveras*. I *en oppgåve* er artikkelen, grunna den manglande i-en, registrert som *bokmålsord*, så denne vesle konstruksjonen inneheld to feil. Bruken av *en* for *ein* er ifølgje Stauri sin modell ei direkte overføring frå bokmål (2002: 48).

Substantiv

Som det går fram av diagram 2 SV, er *bøyingfeil substantiv* den morfologiske kategorien med størst prosentdel feil ved fakultetet. Det er i alt 21 feil i denne kategorien, 15 i maskulinum, 2 i femininum og 4 i nøytrum. 13 % av oppgåvene har feil bøying i maskulinum, 13 % har feil i nøytrum og 7 % i femininum. Det er i alt 8 feiltypar, diagram 3 SV syner korleis feila er fordelte på desse.




Diagram 3 SV: fordeling av type feil i kategorien bøyingsfeil substantiv

Som det går fram av diagrammet, står ubestemt fleirtal for 50 prosent av feila i både nøytrum og femininum. Bestemt eintal står for dei resterande feila i femininum. I nøytrum står 25 prosent av feila i ubestemt eintal og 25 prosent i bestemt fleirtal. Ubestemt fleirtal står for 53 prosent av feila i hankjønn, bestemt fleirtal står for 40 prosent og bestemt eintal for 7 prosent. Døme på feil i bøying av substantiv er *dilemmaer* for *dilemma*. Som tidlegare nemnt er det ikkje ending i ubestemt fleirtal av nøytrum i nynorsk, noko som skil seg frå bokmål. Dette er ei mogleg forklaring for kvifor ordet *dilemma* her har fått ending.

Verb

Kategorien *bøyingsfeil verb* står for 31 prosent av alle dei morfologiske feila ved SV, og det er slike feil i 13 prosent av datamaterialet. Det er registrert 5 feiltypar og det samla talet på feil er 11. Av desse feila er det 7 i sterke verb, 3 i svake og 1 i uregelrette. Diagram 4 *Med* viser fordelinga.




Diagram 4 SV: fordeling av type feil i kategorien bøyingsfeil verb

Som ein ser, er det også ved dette fakultetet registrert flest feil i presens, noko som heng saman med frekvensen av denne tempusforma i datamaterialet. Av feil i sterke verb er 71 prosent i presens og 29 prosent i presens perfektum. I svake verb er 67 prosent av feila i presens og 33 prosent i presens perfektum. Det er som nemnt berre éin feil i uregelrette verb, og diagrammet syner oss at denne feilen er gjort i presens. Døme på feil gjorde i *bøyingsfeil verb* er *finnast* for *finst*. Denne bøyingsmåten finn ein også i KAL-materielet. Søyland peikar på at «[m]ange elevar synest å ha problem med bøyinga av st-verb», og *finnast* er nemnt som døme på eit verb som ofte vert feil i presens (Søyland 2002: 14). Ein annan feil i datamaterialet frå SV er *han legger* for *han legg*. Dette er ei feilbøying av eit sterkt verb i presens, og det vert her bøygd som eit svakt verb. Den same feilen finn ein i KAL-materialet. Søyland grunngjev han med påverknad frå bokmål, noko ho mellom anna kan gjere fordi elevane frå Vestlandet, som er stødige i nynorsk, ikkje har slike feil. Ho viser også til ei smitteeffekt frå presens av e-verb (Søyland 2002: 13). I tillegg til feila synte i diagrammet over er det registrert 3 feil i perfektum partisipp. Eit døme på dette er *normalfordel* for *normalfordelte*.

Ordtilfang

Ved SV er det ordtilfangsfeil i 37 prosent av datamaterialet. Det er registrert 3 feiltypar med eit samla belegg på 18 feil. Diagram 5 SV viser den prosentvise fordelinga.




Diagram 5 SV: fordeling av type feil i kategorien ordtilfang

Som ein ser av diagrammet, står *bokmålsord* for 56 prosent av alle feila i kategorien, *stavefeil* står for 39 prosent og *ord som var lov før* for 6 prosent. Døme på bokmålsord er *pek* og *en*. Døme på stavefeil er *regn* for *rekn*. Det er registrert *bokmålsord* i 23 prosent av datamaterialet, *stavefeil* i 13 prosent og *ord som var lov før* i 3 prosent. *Gjør* er eit døme på ord i sistnemnde kategori.

Særskriving

Det er ikkje registret særskrivingsfeil i datamaterialet for dette fakultet.

Brot med stilideal

Også ved SV er det utstrekt bruk av passiv og s-genetiv, samla er det 50 brot i kategorien. Diagram 6 SV viser fordelinga av brot mellom dei to underkategoriane.




Diagram 6 SV: fordeling av type brot i kategorien brot med stilideal

Som det går fram av diagrammet, er 80 prosent av brota bruk av passiv medan 20 prosent er s-genetiv. I 57 prosent av datamaterialet er det registrert brot i kategorien *ast*, medan det er registret s-genetiv i 20 prosent av materialet. Det er mellom anna skrive *skal svarast på* og ikkje til dømes *du skal svare på*. Det er viktig å hugse at dette ikkje er grammatisk feil.

Andre feil og avvik

Klassen determinativ er som nemnt ikkje med i oversikta over feil, men då det i ei av eksamensoppgåvene ved SV er feil i denne klassen, nemner eg han her. Feilen det er snakk om, er bruk av *noko* framføre femininum, som då etter grammatiske reglar skal vere *noka*.

5.1.4 Det teologiske fakultetet

Datamaterialet frå Det teologiske fakultetet (TF) er 4 eksamensoppgåver, og alle oppgåvene er på godt under éi side. Dette er få samanlikna med mange av eksamensoppgåvene ved dei andre fakulteta, og dei er svært korte. Feila som vert registrerte, gjer difor store utslag i statistikken. Tala frå fakultetet kan av desse grunnane ikkje nyttast til å generalisere. TF er likevel med i prosjektet sidan eg ynskjer å sjå kva system og haldningar som finst ved fakultetet. Grunna at det i mange kategoriar ikkje er registrert feil, er det her tilstrekkeleg å skrive om funna.

Det er ikkje registrert feil i kategoriane *morfologiske feil*, *ordtilfang*, *syntaks* eller *slurvefeil*. Det er registrert 4 brot med stilidealet ved TF, 3 er bruk av passiv medan 1 er bruk av s-genetiv. I faktiske tal tilsvarer dette 3 brot i *ast* og 1 brot i *s-genetiv*. Formuleringa *skal svarast*

på trekkjer her opp talet på brot i kategorien *ast*, men eg vil understreke at dette ikkje er ein grammatisk feil.

Det er ikkje registrert feil som ikkje høyrer heime i kategoriane omtala over, men den eine eksamensoppgåva har etter nynorskordet *rett* skrive *rettighet* i parantes. Dette er interessant å merke seg, men kvifor det er gjort, får ein ikkje svar på ut frå datamaterialet. Kanskje synest han/ho som skreiv dette, at ordet var rart, og ville forsikre seg om at studenten forstod det?

5.1.5 Det utdanningsvitskaplege fakultetet

Funn

Datamaterialet frå Det utdanningsvitskaplege fakultetet (UV) består av 15 eksamensoppgåver. Dette er, som i tilfellet med Medisin, eit relativt lågt tal. Ved UV er oppgåvene i tillegg gjennomgåande korte, så ein bør vere forsiktig med å leggje for mykje i tala.

Diagram 1 UV syner fordelinga av feil i kategoriane *morfologiske feil*, *ordtilfang*, *syntaks* og *slurvefeil*. Av desse 4 kategoriane er det registrert feil i 3, med eit samla belegg på 48 feil.




Diagram 1 UV: fordeling av type feil

Ut frå diagrammet ser vi at 60 prosent av desse tilhøyrer kategorien *ordtilfang*, 37,5 prosent er morfologiske feil, medan 2 prosent er slurvefeil. Det er ikkje registrert feil i kategorien *syntaks*.

Morfologiske feil

Det er registrert 5 typar morfologiske feil ved UV, og det er slike feil i 60 prosent av datamaterialet. Det er eit belegg på 18 feil, og diagram 2 UV syner korleis desse feila er fordelte på ulike kategoriar.




Diagram 2 UV: fordeling av type feil i kategorien morfologiske feil

Studerer vi diagrammet, ser vi at 44 prosent av alle dei morfologiske feila er i kategorien *bøyingsfeil substantiv*, og det er slike feil i 20 prosent av datamaterialet. Kategorien *suffiks* står for 22 prosent av dei morfologiske feila, og det er suffiksfeil i 20 prosent av materialet. Kategorien *bøyingsfeil verb* har 17 prosent av feila, *prefiks* står for 11 prosent, medan 6 prosent av feila høyrer inn under *feil kjønn*. Det er her feil i høvesvis 13, 13 og 7 prosent av materialet. Det er ikkje registrert feil i dei tre resterande underkategoriane. Døme på suffiksfeil er *-lig* for *-leg*, døme på *feil kjønn* er artikkelen *Ein*, som viser til ordet *oppgåve*. At hokjønnssubstantiv får hankjønnsbøying eller artikkelen *ein*, kom også fram av KAL-materialet. Dette vert forklart ved at det er ei overføring frå bokmål, der felleskjønn står stadig sterkare (Søyland 2002: 7).

Substantiv

I kategorien *bøyingsfeil substantiv* er det registrert 3 ulike typar feil, med eit belegg på 8. Desse er fordelte på kjønn, der hankjønnssubstantiv står for 7 feil, hokjønnssubstantiv for 0 og inkjekjønnssubstantiv for 1. Diagram 3 UV syner fordelinga etter type feil.




Diagram 3 UV: fordeling av type feil i kategorien bøyingsfeil substantiv

Som vi kan lese ut av diagrammet, er feilen i inkjekjønn gjort i ubestemt fleirtal. Feilen er *mønstre for mønster*. I bokmålet er både *mønster* og *mønstre* godkjent rettskriving, medan det i nynorsk berre er *mønster* som er korrekt. Under diagram 3 SV gjekk vi nærare inn på utfordringa med fleirtalsforma av inkjekjønnssubstantiv. I hankjønn er feila fordelt med 57 prosent i ubestemt fleirtal og 43 prosent i bestemt eintal. Døme på feil av sistnemnde type er *elever* for *elevar*. Som tidlegare vist til hevdar Søyland (2002: 19) at «[n]år ord blir bøygd feil i fleirtal, er det nok ofte ei overføring frå bokmål, utan at skribenten tenkjer på kva kjønn ordet har i eintal».

Verb

Hjå UV er det registrert feil i 2 av dei 15 verbtypene. Det er til saman 3 feil i kategorien *bøyingsfeil verb*, 2 er i svake verb og 1 er i uregelrette. Det er feilbøygd verb i 13 prosent av datamaterialet. Diagram 4 UV viser i kva type og tempus feila er gjort.




Diagram 4 UV: fordeling av type feil i kategorien bøyingsfeil verb

Alle feila er i presens. To av dei, *utgreiar* og *karakteriserar*, er e-verb som vert bøyde som a-verb. At denne feilen vert gjord i nynorsk, ser ein også i skulen: «Det er mange døme på at e-verb blir bøyde som a-verb, både i presens og preteritum. Av 269 elevar er det 110 (41 %) som gjer denne feilen, ein eller fleire gonger.» (Søyland 2002: 12)

Ordtilfang

Ved UV er det registrert feil i kategorien *ordtilfang* i 60 prosent av datamaterialet. Det er registrert 4 typar feil, med eit belegg på 29. Diagram 5 UV viser korleis feila er fordelte på dei ulike underkategoriane.




Diagram 5 UV: fordeling av type feil i kategorien ordtilfang

Som diagrammet viser, står kategorien *bokmålsord* for 55 prosent av alle feila i ordtilfang. Det er slike feil i 47 prosent av datamaterialet, og døme på dei er *følsom* og *kun*. Som *følsom*

er også *kun* av typen direkte overføring frå bokmål (Stauri 2002: 48). 21 prosent av feila er stavefeil, feil som *atferd* og *undersøkjinga*. Det er slike feil i 27 prosent av datamaterialet. Kategorien *ord som var lov før* står for 21 prosent av feila, dette er ord som «gjør», og desse er å finne i 20 prosent av materialet. *Feil bruk av ordet* står for dei resterande 3 prosent. I datamaterialet tilsvarer det 1 feil, det er feil i 7 prosent, og det er ordet *tilhøve* som her er brukt feil.

Særskriving

I datamaterialet på 15 eksamensoppgåver er det registrert 1 særskrivingsfeil, noko som vil seie at det er slike feil i 7 prosent av materialet. Feilen er registrert to gonger i same oppgåve.

Brot med stilideal

UV skil seg frå dei andre fakulteta ved å ha ein større prosentdel brot i *s-genitiv* enn i *ast*. Det er registrert 2 typar brot på stilidealet, og det samla talet på brot er 6. Det er brot i 40 prosent av oppgåvene ved fakultetet. Diagram 6 UV viser fordelinga mellom dei to typane.




Diagram 6 UV: fordeling av type brot i kategorien brot med stilideal

Som det kjem fram av diagrammet, er 83 prosent av brota bruk av *s-genitiv* medan 17 prosent er passivbruk. Det er registrert *s-genitiv* i 33 prosent av datamaterialet og passivbruk i 7 prosent. Døme på *s-genitiv* ved fakultetet er *barns* og *elevs*. Kvifor UV skil seg frå dei andre i fordelinga mellom desse to underkategoriane, er uvisst. At eksamensoppgåvene gjennomgåande er korte, kan vere ei forklaring på kvifor det er lite passiv. Ved andre fakultet trekkjer innleiinga opp prosentdelen passiv, men her er det ikkje registrert feil med *-ast* i innleiingane. Samstundes tek fleire av oppgåvene ved fakultetet føre seg *elear* og *born*, ord

ein lett knyter saman med andre ved hjelp av s-genitiv. Dette kan vere med på å forklare kvifor UV her skil seg frå dei andre fakulteta.

Andre feil

I to eksamensoppgåver på 4000-nivå er det registrert feil bruk av determinativ. Det er i innleiinga skrive «Inga hjelpemiddel», så her er determinativet bøygd i feil kjønn. Det er også i éi eksamensoppgåve nytta omgrepet «Sosial ulikhet». Omrepet står i hermeteikn og har difor ikkje blitt karakterisert som feil. Det er mogleg at omgrepet er sett på som eit slags faguttrykk, og at ein difor vil halde på den opphavlege ordlyden.

5.1.6 Det juridiske fakultetet

Funn

Datamaterialet frå Det juridiske fakultetet (JUS) består av 25 eksamenar. Diagram 1 JUS syner korleis feila i kategoriane *morfologiske feil*, *ordtilfang*, *syntaks* og *slurvefeil* er fordelte. I alt er det feil i 3 av 4 kategoriar, og diagrammet byggjer på eit belegg på 34 feil.




Diagram 1 JUS: fordeling av type feil

Som diagrammet syner, utgjer kategorien *morfologiske feil* 59 prosent av feila, *ordtilfang* står for 32 prosent, medan 9 prosent av feila er registrerte i kategorien *slurvefeil*. Døme på feil i sistnemnde kategori er *vare for var*. Denne ekstra e-en kan vere eit resultat av ein tastefeil. Det som er mest interessant ved desse feila, er at dei ikkje har blitt oppdaga i ei kvalitetsikring

av språket i oppgåvene. Dei kan også vere ein indikasjon på at ei slik kvalitetssikring ikkje har funne stad.

Morfologiske feil

Det er registrert morfologiske feil i 24 prosent av datamaterialet ved JUS, og det samla talet på feil er 20. Det er registrert feil i 6 av 7 underkategoriar. Diagram 2 *JUS* syner kva type feil det her er snakk om, og kva storleiksforhold det er mellom dei.




Diagram 2 *JUS*: fordeling av type feil i kategorien morfologiske feil

Som diagrammet syner, er det registrert flest feil, 35 prosent, i *bøyingsfeil substantiv*. *Bøyingsfeil verb* har 25 prosent av feila, *as for ast* og *prefiks* står for 15 prosent kvar, medan *feil kjønn* og *suffiks* begge har 5 prosent av dei morfologiske feila. Det er *bøyingsfeil substantiv* i 12 prosent av materialet, *bøyingsfeil verb* i 16 prosent, *as for ast* og *prefiks* har begge feil i 8 prosent, medan det er registrert feil i *feil kjønn* og *suffiks* i 4 prosent av materialet. Eit døme frå kategorien *as for ast* er *syntes* for *syntest*. I bokmål har ein ikkje denne t-en, og Søyland viser i *Typiske feil i nynorsk* at mange elevar har problem med å bøye st-verb som *synast* (2002: 14). Frå kategorien *prefiks* kan ein trekkje fram ordet *andel*. Dette vil eg ut frå Stauri sin modell kategorisere som direkte overføring frå bokmål (2002: 48).

Substantiv

Ved dette fakultetet er det registrert *bøyingsfeil substantiv* i 12 prosent av oppgåvene, og det samla talet på feil er 7. 5 av desse er i hankjønn, 2 er i inkjekjønn og ingen er i hokjønn. I diagram 3 *JUS* ser ein i kva form feila opptrer.




Diagram 3 JUS: fordeling av type feil i kategorien bøyingsfeil substantiv

I inkjekjønn er 50 prosent av feila i ubestemt fleirtal og 50 prosent er i bestemt eintal, 1 feil i kvar form. I hankjønn er alle feila i bestemt eintal. Eit døme på bøyingsfeil substantiv er *diskusjonsfora* for *diskusjonsforum*. Dette ordet er ubestemt fleirtal, og på bokmål kan ein skrive *fora* eller *forumer*. I nynorsk er ubestemt fleirtal lik ubestemt eintal, noko som skil det nynorske bøyingsmønsteret frå mønsteret i bokmål. Ordet er også å finne på Søyland si liste over vanlege framandord som ofte får feil bøyning (2002: 20). Bøyingsforma *fora* gjekk ut av norma då det kom ny rettskriving i 2012 (Språkrådet 2011: 124). Det vil seie at det er mogleg at feilen heng att frå den førre norma, at opphavsmannen ikkje er klar over endringa. Då det er bøyinga som har endra seg og ikkje sjølv ordet som har gått ut av bruk, plasserer eg feilen i *bøyingsfeil substantiv* og ikkje i ordtilfangskategorien *ord som var lov før*. Samstundes vil eg understreke at feilen grunna dette er mindre alvorleg enn mange andre feil i same underkategori.

Verb

Bøyingsfeil verb utgjer 32 prosent av dei morfologiske feila ved JUS, og det er slike feil i 16 prosent av datamaterialet. Det er registrert 5 feil, 2 i sterke verb og 3 i svake verb, og det er 3 feiltypar. Diagram 4 JUS syner verbtype og tempus.




Diagram 4 JUS: fordeling av type feil i kategorien bøyingsfeil verb

Ut frå diagrammet ser vi at 100 prosent av bøyingsfeila i sterke verb er gjorde i preteritum. Dei svake verba er bøyde feil i preteritum og presens, med høvesvis 67 og 33 prosent av belegget på 3 feil. Døme på feil er *forlot* i presens av *å forlate*. Her er verbet skrivne slik preteritumsforma er på bokmål. Det er vanskeleg å forstå kvifor det er gjort slik.

Ordtilfang

I 28 prosent av datamaterialet frå dette fakultetet er det feil i kategorien *ordtilfang*, og det er registrert 11 feil i kategorien. Det er feil i 3 av 6 typar. Diagram 5 JUS viser fordelinga mellom desse.




Diagram 5 JUS: fordeling av type feil i kategorien ordtilfang

Som vi ser, er 36 prosent stavefeil, 36 prosent er bruk av bokmålsord, og 27 prosent høyrer til under *ord som ikkje eksisterer*. Det er registrert *stavefeil* i 16 prosent av datamaterialet, *bokmålsord* i 12 prosent, og 4 prosent har feil i kategorien *ord som ikkje eksisterer*, noko som tilsvarer éi oppgåve. Døme på stavefeil er bruken *meglar* for *meklar* og *tjenester* for *tenester*. At substantiv får ein ekstra j, ser ein fleire stader i datamaterialet, ved fleire fakultet. Slike feil trekkjer også Søyland fram i. Ho plasserer dei i gruppa «Leksemet er ei blanding av bokmål og nynorsk» (2002: 26).

Særskriving

Det er ikkje registrert særskrivingsfeil ved JUS.

Brot med stilidealet

I kategorien *brot med stilideal* er det registrert 40 brot. 48 prosent av datamaterialet har funn i kategorien. Diagram 6 JUS syner fordelinga mellom *ast* og *s-genitiv*.




Diagram 6 JUS: fordeling av type brot i kategorien brot med stilideal

Underkategorien *s-genitiv* står for 60 prosent av dei stilistiske brota, noko som er den nest høgste prosentdelen *s-genitiv* ved alle fakulteta. Det er brukt *s-genitiv* i 28 prosent av datamaterialet, medan det er brukt *ast* i 40 prosent. Døme på *s-genitiv* i datamaterialet er *bevisets stilling*. Fyrstnemnde er ein fagterm mykje brukt i jussen, noko som fører oss over på det fagspesifikke ved språket. I *Juridisk ordliste* står dette om *s-genitiv*: «Bruk av *s-genitiv* er mindre vanleg i nynorsk enn i bokmål. Det er likevel ikkje slik at ein alltid skal unngå *s-genitiv*. Til ein viss mon er det her eit spørsmål om stilkjensle.» (Utgård 2002: 9) Det nynorske stilidealet vert stadig brote ved fakultet, men det nynorske jussidealet vert det

kanskje ikkje? Når ideal på eit fagområde møter språkideal, er det ofte noko som må vike. Ein høgfrekvent bruk av særnamn i fleire av eksamensoppgåvene påverkar det samla talet på registrerte brot i kategorien *s-genitiv*. Her er det viktig å merke seg at mange meiner s-genitiv i særnamn er i tråd med det nynorske stilidealet (sjå til dømes Språkrådet sine råd), og at talet på brot ville vore mindre dersom ein ikkje talde med s-genitiv i særnamn.

Behov for å samanlikne med bokmålsversjonen

I datamaterialet frå JUS var det ved eitt høve naudsynt å samanlikne nynorsk- og bokmålsversjonen av ei oppgåve. I nynorskversjonen av oppgåva, som er på 3000-nivå, står teksten «tidenes kule/kupp», og desse tre orda står i raud farge. I bokmålsversjonen er dette erstatta med teksten «tidenes kupp», og orda står i svart som resten av teksten. Dette minner om *-teiknet som var brukt i ei av oppgåvene ved MatNat, og forklaringa bak er truleg noko av den same. Kanskje har den som skreiv oppgåva, vore usikker på om *kupp* på nynorsk heiter *kule* og ville undersøkje dette, noko som då ikkje vart gjort. Det er umogleg å vite dette sikkert ut frå datamaterialet, og det har ikkje lukkast meg å få eit intervju med personen som omsette den aktuelle eksamensoppgåva.

5.1.7 Det humanistiske fakultetet

Funn

Funna frå Det humanistiske fakultetet (HF) er baserte på eit datamateriale på 28 eksamensoppgåver. Fakultetet har fleire språkfag, noko som innskrenkar talet på eksamenar som er med i dette prosjektet. Eksamenane frå språkfaga er berre med dersom dei inneheld meir tekst på norsk enn på eit framandspråk. Diagram 1 HF syner ei fordeling av feil på dei fire kategoriane *morfologiske feil*, *ordtilfang*, *syntaks* og *slurvefeil*.




Diagram 1 HF: fordeling av type feil

Som det går fram av diagrammet over, er det ikkje registrert funn i kategoriane *syntaks* og *slurvefeil*. Feila diagrammet rommar, 82 til saman, er dimed fordelte på to kategoriar, der *morfologiske feil* utgjer 55 prosent, og *ordtilfang* utgjer 45 prosent.

Morfologiske feil

Ved HF er det registrert morfologiske feil i 50 prosent av eksamensoppgåvene. Det er eit belegg på 45 feil, fordelt på 6 ulike typar. Diagram 2 HF syner ei fordeling av feila på dei ulike morfologiske kategoriane.




Diagram 2 HF: fordeling av type feil i kategorien morfologiske feil

Den største prosentdelen feil er å finne i kategorien *bøyingsfeil substantiv*. Han står for 47 prosent av alle dei morfologiske feila ved fakultetet, noko som i prosentdel av datamaterialet

utgjør 36. 18 prosent av feila er gjorde i kategorien *bøyingsfeil verb*, 11 prosent i *suffiks*, 7 prosent i *feil kjønn*, 13 prosent i *as for ast* og 4 prosent i kategorien *prefiks*. Det er ikkje registrert feil i *ast utan hjelpeverb*. Det er *bøyingsfeil verb* i 18 prosent av datamaterialet, suffiksfeil i 14 prosent, *feil kjønn* er registrert i 11 prosent, og feil i *as for ast* er å finne i 14 prosent av datamaterialet. I kategorien *suffiks* er det feil som *-ning* for *-ing* og *-lige* for *-lege*. Som vist til tidlegare kan slike feil skuldast overføringsverdien frå bokmål og påverknaden frå talemål. Feilen *ein oppgåve*, som høyrer inn under *feil kjønn*, er som tidlegare nemnt ein gjengangar ved fleire fakultet. Det kan her vere snakk om ei overføring frå bokmål (Søyland 2002: 7). I kategorien *as for ast* er *synes* frekvent.

Substantiv

Dei fleste morfologiske feila er, som vi såg over, feil i bøyning av substantiv. Det er slike feil i 36 prosent av datamaterialet, og det er feil i 7 av 12 underkategoriar. Det samla talet på feil er 21, med fordelinga 3 i hankjønn, 6 i hokjønn og 12 i inkjekjønn. Diagram 3 HF gjev eit oversyn over dei ulike feiltypane.




Diagram 3 HF: fordeling av type feil i kategorien bøyingsfeil substantiv

Som diagram 3 HF syner, er 92 prosent av feila gjorde i inkjekjønn i ubestemt fleirtal, dei 8 resterande prosentane er i bestemt fleirtal. Også i hokjønn er det flest feila i ubestemt fleirtal, 50 prosent, medan 33 prosent er i bestemt fleirtal og 17 prosent i bestemt eintal. I hankjønn dekkjer ubestemt fleirtal 67 prosent av feila, dei resterande 33 prosentane er i bestemt fleirtal. Det er ikkje registrert feil i ubestemt eintal. *Dømer*, *mønstre* og *områder* er feil ein finn i ubestemt fleirtal inkjekjønn. Dette er alle feil av typen hybride ordformer med nynorsk leksem og bokmålsbøyning, og *områder* står på lista frå KAL-prosjektet som syner

inkjekjønnsord i fleirtal som elevar ofte bøyer feil (Søyland 2002: 9). Dei som har laga desse eksamensoppgåvene, er altså ikkje åleine om å gjere feil av denne typen. I hokjønn er det registrert feil som *formar og kronar* medan ein i hankjønn finn ordet *deler*. Som nemnt under diagram 3 *Med* har ikkje substantiv i ubestemt fleirtal av nøytrum ending på nynorsk, noko som skil seg frå bokmål, og som kan vere årsaka til feila gjorde i inkjekjønn.

Verb

I datamaterialet for HF er det registrert 8 feilbøygde verb, og det er slike i 18 prosent av datamaterialet. Feila er alle i svake verb, og det er 3 feiltypar. Diagram 4 *HF* syner type og tempus.




Diagram 4 *HF*: fordeling av type feil i kategorien bøyingsfeil verb

Som diagrammet syner, er 50 prosent av bøyingsfeila gjorde i infinitiv, 25 prosent er gjorde i presens, og 25 prosent er gjorde i preteritum. Alle er som nemnt svake verb, og som ved UV er det også her e-verb som vert bøygd som a-verb, som til dømes *visar* for *viser*. Ein annan feil er at å *kjenneteikne* i preteritum er bøygd *kjenneteiknet*. Her fell endinga saman med ei av endingane som er lov i bokmål, så feilen høyrer difor, etter Stauri sin modell, heime i gruppe B2, ord som er sett saman av nynorskleksem og bokmålsbøying (2002: 49).

Ordtilfang

I diagram 1 HF utgjorde *Ordtilfang* 51 prosent av feila. Av 28 oppgåver er det slike feil i 14, altså i 50 prosent av det samla datamaterialet. Diagram 5 HF syner kva type feil det her er snakk om. Det er eit samla belegg på 37 feil.




Diagram 5 HF: fordeling av type feil i kategorien ordtilfang

Som vi ser, er det registrert feil i 3 av dei 6 underkategoriane. 49 prosent er bokmålsord. 43 prosent er stavefeil, og 8 prosent høyrer inn under kategorien *ord som var lov før*. Det er registrert feil i kategorien *bokmålsord* i 36 prosent av datamaterialet, og *tror* er eit døme på dette. *Stavefeil*, som *nevn* for *nemn*, er å finne i 32 prosent av materialet, medan det er brukt *ord som var lov før*, som *bare* og *gjøre*, i 11 prosent av det same materialet. Også i KAL-materialet finn vi verb med feil i konsonantismen, og *nevne* for *nemne* står som døme på feil elevar ofte gjer (Søyland 2002: 16).

Særskriving

Tala for HF viser at det er særskrivingsfeil i 11 prosent av datamaterialet. Det utgjør 2 eksamensoppgåver, begge har 1 feil kvar.

Brot med stilidealet

Ved HF er det brot med det nynorske stilidealet i 57 prosent av datamaterialet. Det er registrert 27 brot. Diagram 6 HF syner fordelinga på dei to kategoriane.




Diagram 6 HF: fordeling av type brot i kategorien brot med stilideal

Som ein ser i diagram 6 HF, er 81,5 prosent av brota registrerte i kategorien *ast*. Det vil seie at 18,5 prosent er *s-genetiv*. 50 prosent av datamaterialet inneheld passivendinga *-ast*, medan det er bruk av *s-genetiv* i 14 prosent av oppgåvene. Eit døme på passivbruk ved fakultet er *bestås*. Her manglar det også *a* og *t*, og ordet er difor også registrert i kategorien *as for ast*.

Andre feil og avvik

Det er ikkje uvanleg at ei eksamensoppgåve ved HF har tekstvedlegg, då fleire fag ved fakultetet omhandlar tekst. Det som er interessant i denne samanhengen, er at desse tekstane ofte berre ligg føre på bokmål. Dette er verken feil eller avvik, då det i *forskrift om målform i eksamensoppgåver* står: «Vedlegg til eksamensoppgåver treng ikkje liggje føre i begge målformer» (Lovdata 1987). Det er likevel verdt å merke seg.

5.2 Samanlikne fakulteta

Vi har no sett på kvart einskilde fakultet og fått ei oversikt over kva type feil og avvik som finst ved dei ulike fakulteta. I denne delen set vi fakulteta opp mot kvarandre. Som nemnt innleiingsvis påverkar talet og lengda på oppgåver storleiken på belegget og dimed i kva grad ein kan store på tala. Det påverkar også kva for fakultet ein bør samanlikne. Der belegget er om lag jamnstort, kan ein setje fakulteta opp mot kvarandre. Ut frå talet på eksamensoppgåver vil det vere mest relevant å samanlikne Medisin med UV, JUSS med HF, og MatNat med SV. TF har eit for lite belegg til å vere med i noka samanlikning. Det er ikkje så svart-kvitt som det her kan verke som, då belegget også er avhengig av lengda på oppgåvene, noko som vart diskutert i byrjinga av kapittelet.

Tabell 3 viser ei oversikt over feil og avvik gjorde i hovudkategoriane og viktige underkategoriar. Han er delt inn etter fakultet, med tal på feilbelegg i kolonnen til venstre og prosentdel av oppgåvene som har feil i kolonnen til høgre. Øvst i tabellen står det kor mange eksamensoppgåver det er ved kvart fakultet.

	Medisin (12)		MatNat (38)		SV (30)		TF (4)		UV (15)		JUS (25)		HF (28)	
Morfologiske feil	51	66,7	279	94,7	46	47,4	0	0,0	18	60,0	20	0,2	45	57,1
Bøyingsfeil substantiv	33	58,3	97	79,0	21	23,3	0	0,0	8	20,0	7	12,0	21	39,3
Bøyingsfeil verb	11	41,7	78	73,7	14	13,3	0	0,0	3	13,3	5	20,0	8	21,4
Ordtilfang	10	25	226	86,8	18	36,7	0	0,0	29	60,0	11	28,0	37	50,0
Bokmålsord	5	25,0	125	65,8	10	26,7	0	0,0	16	46,7	4	12,0	18	39,3
Ord som var lov før	0	0,0	10	5,3	1	0,0	0	0,0	6	6,7	0	0,0	3	3,6
Feil bruk av ordet	0	3,5	4	10,5	0	0,0	0	0,0	1	6,7	0	0,0	0	0,0
Stavefeil	4	16,7	57	57,9	7	13,3	0	0,0	6	13,3	4	16,0	16	32,0
Ord som ikkje eksisterer	0	0,0	21	29,0	0	0,0	1	25,0	0	0,0	3	4,0	0	0,0
Feil spørjepronomen	1	3,5	8	7,9	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0
Syntaks	0	0,0	3	5,3	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0
Slurvefeil	1	3,5	13	18,4	2	6,7	0	0,0	1	13,3	3	12,0	0	0,0
Brot med stilideal	31	75,0	81	65,8	50	63,3	4	100,0	6	40,0	40	48,0	27	57,1
ast	29	75,0	72	57,9	40	56,7	3	75,0	1	6,7	16	40,0	22	50,0
s-genetiv	2	3,5	9	18,4	10	20,0	1	25,0	5	13,3	24	28,0	5	14,3
Særskrivingsfeil	21	58,3	18	15,8	0	0,0	2	0,0	2	6,7	0	0,0	2	10,7
Totalt tal på feil	114		620		116		6		56		74		111	

Tabell 3: samla belegg og prosentdel av eksamensoppgåver som har registrerte feil og brot i dei ulike kategoriane

Som tabellen viser, er prosentdelen feil og avvik/brot høgst ved MatNat i 12 av 16 kategoriar. Fakultetet har det største talet på eksamensoppgåver, og mange av desse er lange, men også om ein tek omsyn til dette, er talet på feil og brot store. SV har berre åtte færre eksamensoppgåver enn MatNat, men som ein ser av tabellen, er tala for dette fakultetet mykje lågare enn dei for MatNat. Dette er dels grunna kortare eksamensoppgåver, men det er ikkje ei tilstrekkeleg forklaring. Talet på morfologiske feil ved MatNat, 279, og talet på feil i ordtilfang, 226, er markante. Også talet i kategorien *slurvefeil* er høgt. I tillegg til dette har MatNat feil i alle kategoriane i tabellen, og det er det einaste som har registrert feil i kategorien *syntaks*.

Ser ein på *brot med stilideal*, er det TF som skil seg ut, noko som i stor grad er forklart i 5.1.4. Fakultetet har fire eksamensoppgåver, og med eitt brot i kvar oppgåve vert det brot i 100 prosent av datamaterialet. Ein kan ikkje generalisere ut frå desse tala. Meir relevant er det å

sjå på tal frå Medisin, som i kategoriane *brot med stilideal* og *særskrivingsfeil* har den største prosentdelen brot og feil. Fakultetet har særskrivingsfeil i 58 prosent av materialet. Det er registrert 21 slike feil, eit tal som er større enn talet for MatNat, eit fakultet som har tre gonger fleire eksamensoppgåver og om lag lik lengde på oppgåvene. Samanliknar ein Medisin med fakultetet som har om lag like stort belegg, UV, ser ein at at Medisins har både større prosentdel feil og eit større samla tal på feil i både *særskrivingsfeil* og *brot med stilideal*. Denne samanlikninga seier likevel lite då oppgåvene ved Medisin er mykje lengre enn dei ved UV.

Går ein likevel vidare i samanlikninga av dei to, ser ein at UV har ein større prosentdel feil og eit høgare tal feilbelegg i kategorien *ordtilfang*. Fakultetet har tre fleire eksamensoppgåver, men dei er som nemnt i gjennomsnitt mykje kortare enn eksamensoppgåvene frå Medisin. At det på trass av dette er så stor skilnad i registrerte feil, syner oss at UV har større utfordringar i denne kategorien enn Medisin har. Det er spesielt talet på bokmålsord som trekkjer opp belegget. Elles skil Medisin seg som nemnt ut i kategoriane *brot med stilideal* og *særskrivning*, kategoriar der UV gjer det betre.

Det juridiske fakultetet har med utgangspunkt i storleik på datamaterialet relativt få feil samanlikna med dei andre fakulteta i undersøkinga. Sett opp mot HF, eit fakultet med om lag like mange og like lange oppgåver, kjem JUS betre ut i alle kategoriar, sett vekk frå *slurvefeil* og bruk av s-genitiv. Sistnemnde er ikkje grammatisk feil, og veg difor ikkje like tungt. Noko som skil fakultetet frå dei andre fakulteta, er at det er det einaste der prosentdelen feil er større for bøyning av verb enn for substantiv.

Det er viktig å hugse at det også er store skilnader innan fakulteta. Dette kom tydelegast fram i datamaterialet for HF. Ein grunn til dette er at Institutt for lingvistiske og nordiske studium held til her. Før eg tok til med å studere eksamensoppgåvene, hadde eg ein hypotese som sa at det ikkje kom til å vere feil og truleg heller ikkje brot i oppgåvene frå dette instituttet. Det viste seg at det i dei fem oppgåvene med emnekode NOR og den eine RETKOM-oppgåva ikkje var ein einaste feil å finne, og at talet på avvik i kategorien *brot med stilideal* var to, eitt av kvar type. Dette stemte altså nokolunde med hypotesen, men også eksamenane med emnekode LING høyrer inn under dette instituttet. Då tre av fire av desse oppgåve hadde grammatiske feil, fall hypotesen. At det på nordiske studium er feilfrie oppgåver, er å vente, men det ville likevel vore interessant å vite kva som gjer at desse oppgåvene vert feilfrie. At

oppgåver med emnekode LING har grammatiske feil, kan tyde på det ikkje er felles kvalitetssikring på heile instituttet.

5.3 Kva har dei til felles?

Mange av eksamenane, innan eitt fakultet og på tvers av fakultet, har feil og avvik av same type. I dette kapitlet vil eg greie ut om desse og kva utfordringar ein her står overfor.

5.3.1 Slurvete omsetjing

Basert på type feil i datamaterialet ser det ut til at storparten av eksamensoppgåvene er skrivne på bokmål for så å bli omsette til nynorsk. Vidare er det mykje som tyder på at denne omsetjingsprosessen til tider har gått fort føre seg. Påstanden er basert på at fleire av eksamenane har ei nynorskform og ei bokmålsform av same ordet. Til dømes står det *oppgåve* og *oppgave* i same avsnitt, noko som kan tyde på at omsetjaren veit at det på nynorsk heiter *oppgåve*, men at han/ho i omsetjingsprosessen berre har oversett nokre førekomstar av ordet. Det er det ikkje mogleg å slå dette fast ut frå datamaterialet, men det er ikkje eit usannsynleg scenario. Prosentdelen bokmålsord er gjennomgåande høg ved alle fakulteta, og truleg kjem feila både av manglande dugleik og dårleg omsetjing. Å omsetje ein tekst krev også meir enn ei omsetjing av enkeltord, det krev mellom anna kjennskap til det nynorske stilidealet.

Dårleg omsetjing kunne blitt plukka opp dersom det fanst eit system for å kvalitessikre oppgåvene. Variasjonen i bruken av til dømes *oppgave* og *oppgåve* er lett å oppdage dersom ein les gjennom eksamensoppgåvene før dei vert trykte opp, og frekvensen av slik variasjon kan tyde på at ei slik gjennomlesing ikkje har funne stad. Det som ser ut som mangel på system for å oppdage feil og manglar, er også relevant for feil av andre typar, men då det i samanheng med slurv ikkje primært er kompetanse det gjeld, er det lettare å her slå fast at ein gjennomgang av oppgåvene ikkje har funne stad. Behovet for eit system som sikrar kvaliteten på språket i eksamensoppgåver ved UiO, er noko vi kjem attende til. I kapittel seks går vi nærare inn på system og kvalitetssikring.

5.3.2 Innleiinga

Storparten av eksamenane har ei innleiing som seier noko om rammene rundt eksamenen. Av datamaterialet ser ein at denne innleiinga ofte er felles for fleire fag, medan ho andre gonger

berre gjeld den enkelte eksamenen. Dette er relevant fordi det når det er feil i ei slik innleiing, vert feil i fleire eksamenar. Døme på dette finn vi ved SV, der to av eksamenane har identisk innleiing med identiske feil. Ein tredje eksamen har heilt lik ordlyd, men i denne teksten er feila fjerna. Dette kan tyde på at nokon har oppdaga desse feila og fjerna dei i eksamensteksten han/ho arbeidde med. Feilen som er mest frekvent i innleiingane, er *oppgave* for *oppgåve*, dette også fordi ordet er mykje brukt. Eit anna element som går att, er bruk av passiv, men dette vert ikkje rekna som feil. Det er likevel interessant om ein ser det i samanheng med korleis teksten vert omsett. Ei omsetjing ord for ord vil ikkje fjerne passiv, og teksten oppfyller dimed ikkje det nynorsk stilidealet.

I delar av datamaterialet er heile innleiinga skriven på bokmål. Kvifor det er slik, er det umogleg å slå fast ut frå materialet, men vi kan skissere nokre moglege forklaringar. Ei fyrste forklaring er at det i noko av datamaterialet er nynorsk- og bokmålsversjon i same eksamenssett, og fleire av desse setta har berre éi innleiing. I desse tilfella står bokmålsversjonen fyrst, og innleiinga er på bokmål. Denne forklaringa kan vidare vere knytt til forklaring to, som går ut på at innleiinga er oversett i omsetjingsprosessen. Ei tredje forklaring er at innleiinga ikkje vert sett på som ein integrert del av eksamenen, noko som vil seie at studenten ikkje har rett på å få ho på eiga målform. Dette strir i så tilfelle med gjeldande lovverk, då det i lova berre står at vedlegg ikkje treng liggje føre på begge målformer (Lovdata 1987).

5.3.3 Gjennomgåande grammatiske feil

Mange feil går att frå fakultet til fakultet, både morfologiske feil og feil i ordtilfanget. Konkrete døme på dette er bruken av suffikset *-lig(e)* der det på nynorsk skal vere *-leg(e)*. Her er det éin bokstav som skil dei to frå kvarandre, og det er bokmålsforma av ordet som då opptrer også i nynorskversjonen av eksamensoppgåvene. Også bruk av suffikset *-ning* for *-ing* er utbreidd. Begge suffiksa finst i nynorsk, men i mange ord som på bokmål har *-ning*, har nynorsk berre *-ing*. Ein annan feil er bruken av *-as* der det skal vere *-ast*. Eit døme på dette er *kopieras* for *kopierast* og *fins* og *finnas* for *finst* og *finnast*. At det er ein utbreidd bruk av passiv i datamaterialet, gjev fleire *ast*-endingar, og dimed også moglegheit for å gjere denne feilen. Moglege årsaker til at feila over oppstår, har eg omtala i presentasjonen av feil ved dei enkelte fakulteta.

Ei utfordring knytt til substantiv er å vite kva kjønn dei har. Fleire substantiv som i bokmål er hankjønn, er hokjønn på nynorsk. I datamaterialet ser ein denne utfordringa gjennom at substantiv har feil artikkel, ofte *ein* for *ei*, og gjennom at substantiv som er feminine, får maskulin bøyingsending. Denne feilen kan sjølvstendig også oppstå fordi han/ho som har skrive teksten, har manglande morfologisk kunnskap og dimed bøyer feil. Uansett vil det å gje eit substantiv feil kjønn få fleire morfologiske følgjer, så det er ei utfordring å ta på alvor. I KAL-prosjektet frå 2003 vart det mellom anna konkludert med at elevane i liten grad reflekterer over kva kjønn eit ord har, spesielt når det står i fleirtal (Søyland 2002: 9). Dette kan også vere tilfellet ved UiO, sidan mange substantiv får maskulin bøyning. I tillegg til at substantiv kan ha ulike kjønn i bokmål og nynorsk, kan den høgfrekvente bruken av maskulinum i dialekter i bystrøk på Austlandet vere ei mogleg forklaring. Ei anna utfordring er samsvar i val av kjønn der det er valfritt. I éin og same eksamen var både forma «klassa» og «klassen» brukt. Dette kvalifiserer ikkje som grammatiske feil, men det påverkar den språklege kvaliteten i teksten.

Også faste formuleringar kan skape utfordringar. Formuleringa «Gjer rede for» går att i materialet, og då ho inneheld eit bokmålsord, *rede*, trekkjer bruken av ho opp talet på feil i denne kategorien.

5.4 Oppsummering

Målet med dette kapittelet er å svare på forskingsspørsmål éin: *Kva grammatiske feil og avvik er å finne i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?* Ut frå det vi no har sett, er svaret at det finst feil og avvik av alle typar, men at nokre feiltypar er meir frekvente enn andre. Det viser seg at ein større del av eksamensoppgåvene har feil i kategorien *bøyingsfeil substantiv* enn i kategorien *bøyingsfeil verb*. Vidare er det mange registrerte feil i *ordtilfang*, og her er det kategorien *bokmålsord* som stikk seg fram, etterfølgt av *stavefeil*. Vi har også sett at skilnaden i belegg er stor, noko som gjev metodiske utfordringar. Tala som har kome fram for TF, kan ikkje nyttast, då belegget er for lite. Det varierende talet på belegg gjer det også vanskeleg å setje fakulteta opp mot kvarandre, og det er difor meir fruktbart å sjå på eitt og eitt fakultet. Likevel har eg valt å samanlikne noko, då ei slik samanlikning kan få fram interessante resultat. Samstundes har eg stadig mint meg sjølv og lesaren på at samanlikningsgrunnlaget ikkje er fullgodt.

Basert på både presentasjonen av dei enkelte fakulteta og samanlikningane, kan ein hevde at MatNat kjem dårlegast ut av denne undersøkinga. Fakultetet har morfologiske feil i 95 prosent av eksamensoppgåvene og bokmålsord i 66 prosent. Dette er høge tal, og då fakultetet har mange eksamensoppgåver og dei gjennomgåande er lange, er det tal vi kan stole på. Samstundes deler dei andre fakulteta i stor grad utfordringane til MatNat. Nokre grammatiske feil er å finne på tvers av fakulteta, omsetjingsarbeidet er gjennomgåande dårleg, og fleire innleiingar er på bokmål.

6 System, haldningar og ideologiar

I dette kapittelet skal eg svare på forskingsspørsmål to og tre: *Kva system og praksis har UiO når det vert laga eksamensoppgåver? I kva grad kan språkhaldningar og underliggjande språkideologiar vere med på å forklare grammatiske feil og avvik i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?* I kapittel fem vart funna presenterte etter fakultet, men i dette kapittelet er det meir formålstenleg å dele inn etter tema eller sentrale spørsmål, som alle kastar lys over dei overordna forskingsspørsmåla. Alle funna er baserte på intervjumaterialet, og eg vil vise til direkte sitat frå intervjuet. Det er også her interessant å samanlikne dei ulike fakulteta.

6.1 Kva system og praksis har UiO når det vert laga eksamensoppgåver?

Det andre forskingsspørsmålet i denne granskinga er konkret, men omfattande. For å få eit grundig svar vert eitt og eitt fakultetet presentert og samanlikna. Deretter vert spørsmål som direkte og indirekte er knytte til system, svart på. To av spørsmåla har blitt stilt til informantane: *Kvifor ender eksamensoppgåver opp med å innehalde feil?* og *Kva løysing ser tilsette ved UiO på situasjonen?* Dei andre underoverskriftene i denne delen har ikkje vore direkte spørsmål til informantane. Likevel har svar på desse spørsmåla kome fram gjennom andre spørsmål, og plassen dei spelar, har openberra seg. Desse underoverskriftene er *Øydelegg draumen om å vere eit internasjonalt universitet for norsk språk?*, *Kompetansen og korleis han vert utnytta* og *Kvar ligg ansvaret?*

6.1.1 System og praksis ved dei ulike fakulteta

Korleis eksamensoppgåver vert laga, varierer frå fakultet til fakultet, og også innan dei enkelte fakulteta. Informantane fortel om varierande praksisar, men den gjennomgåande trenden er at det i stor grad er opp til enkeltpersonar og enkeltinstitutt å lage oppgåver og, dels, kvalitetssikre desse. Vi skal no sjå kva system dei ulike fakulteta har, og kome med ei enkel samanlikning. Skildringa av system baserer seg primært på svar gjevne på spørsmålet

studiedekanane fekk om kva system som finst ved deira fakultet. Fakulteta vert presenterte i same rekkjefølgja som i kapittel fem.

Noko alle fakulteta har til felles, er usikkerheita kring kven som har omsett dei enkelte eksamensoppgåvene. For at eg skulle kome i kontakt med riktig informant, måtte eg vite nettopp dette, og det var i mange tilfelle vanskeleg å finne rett person. Som vi skal sjå, er det ved mange av fakulteta mangel på system for omsetjing og kvalitetssikring. Ein slik mangel på system gjer det vanskeleg å vite kven som har gjort kva. Ein kan difor hevde at vanskane eg møtte i arbeidet med å finne ut kven som hadde omsett dei aktuelle eksamensoppgåvene, er ein indikasjon på at det ved Universitetet i Oslo manglar eit system og ein tydeleg praksis for korleis ein skal omsetje eksamensoppgåver. Dette vert stadfesta av intervjumaterialet, noko vi skal sjå i dette kapittelet.

Det medisinske fakultetet

Ved Det medisinske fakultetet (Med) er det lærarane i dei ulike faga som lagar eksamensoppgåvene. Det vert også oppretta ein eksamenskommissjon for kvar eksamen, og prinsippet her er at alle fag som inngår i den aktuelle eksamenen, skal vere representerte. Skriftlege eksamenar vert lesne gjennom av to tidlegare studentar. Fakultetet har eit system for å kvalitetssikre både fagleg innhald og språk, men dette systemet inkluderer ikkje omsetjing til nynorsk. Medisin nyttar eit eksternt omsetjingsbyrå til denne jobben, og eg har ikkje funne at oppgåvene vert kvalitetssikra etter at dei kjem attende frå omsetjingsbyrået. Studiedekanan svarer dette på spørsmålet om kven som omset:

eg har vore prinsipielt (...) eg har sagt at eg ser gjerne på nynorsken (.) og fordi at fagspråk er annleis så viss du har ein som omset profesjonelt så blir det meiningslaust for å seie det sånn fordi det blir ikkje forståeleg for dei som skal (.) det kan bli unøyaktig i ein del ting i medisin (.) men eg veit (.) eg trur dei bruker folk utanfrå i omsetjing (.) så det er gjort men det (.) det veit eg ikkje eg kan ikkje seie det men eg trur det blir gjort utanfrå med det at dei sender det inn ein eller annan plass og får det omsett

Her peikar studiedekanan på faren for faglege misforståingar når ein nyttar omsetjingsbyrå, og etter at ho får innsyn i tal på feil og avvik, uttrykkjer ho at «[...] det er heilt forferdeleg at ein bruker og betaler for så dårleg kvalitet [...]». Det er tydeleg at fakultetet har arbeidd mykje med eksamensoppgåvene sine, men nynorskversjonen av eksamenane er altså ikkje ein del av dette. Studiedekanan trekkjer også fram utfordringa med at eksamensoppgåvene i medisin er svært omfattande. På grunnlag av dette vedtok fakultetet i mars eit fritak frå *forskrift om*

målform i eksamensoppgåver, då med grunnlag i paragraf 3 som mellom anna slår fast at ein kan gjere unntak dersom eksamensoppgåver er særleg omfattande (Lovdata 1987). Fritaket gjeld dei digitale eksamenane ved fakultetet. Dette har den konsekvensen at fakultetet no berre tilbyr desse på bokmål, noko vi kjem attende til. Oppsummert kan ein seie at Medisin har eit grundig system for å lage eksamensoppgåver, men at dette systemet ikkje rommar kvalitetssikring av nynorsk.

Det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet

Også ved MatNat er det faglærarar som lagar eksamensoppgåvene. Når det er fleire faglærarar involverte i undervisninga, er desse også involverte i utarbeidinga av eksamensoppgåvene. På spørsmålet om kven som omset, svarer studiedekanan at «det er så vidt meg bekjent faglærere som har sittet med det og fakultetet har ikke hatt noen tjeneste for det». Dersom det finst eit system her, er det altså at faglærarane sjølv omset. Det finst ingen rutine for at administrasjonen tilbyr dei vitenskapleg tilsette hjelp, men det kan skje ved dei ulike institutta: «[...] om det er enkeltpersoner som gjør det så er det mer lokale ordninger men det er ikke noe system for det». Dette syner at institutta og faglærarane er autonome. Dei andre informantane ved fakultetet kommenterer ikkje systemet direkte, men det går fram av intervjumaterialet at dei står nokså åleine i arbeidet med å produsere nynorskoppgåver. Informant 7, vitenskapleg tilsett ved MatNat, nyttar eit omsetjingsprogram som hjelpemiddel når han omset, og dette har han betalt for sjølv. På spørsmål om han har spurt om universitetet kan betale, svarer han: «ja og det gjør de normalt ikke eller jeg er ikke sikker på om det har skjedd én gang men de fleste åra så har jeg betalt det av egen lomme». Ein kan hevde at systemet ved fakultetet er at faglærar sjølv omset eksamensoppgåvene, og at det ikkje finst kvalitetssikring av språket.

Det samfunnsvitenskaplege fakultetet

Ved dette fakultetet varierer det frå institutt til institutt kva system og praksis som finst når det gjeld å lage eksamensoppgåver. Ofte er det emneansvarleg som utformar oppgåvene. Deretter finst det ulike former for kvalitetssikring som er utvikla ved dei enkelte institutta. På spørsmålet om kven som omset eksamensoppgåver, svarer studiedekanan at det varierer, i nokre tilfelle er det byrå, i andre tilfelle vert tilsette ved dei enkelte institutta nytta: «[...] det har vært nynorsktalende som har hjulpet til i forbindelse med oversettelser men ellers så er det som sagt byråer som kobles inn». Informant 2, administrativt tilsett ved fakultetet, kjem inn

på system når ho svarer på kvifor ho, og ikkje den aktuelle professoren, har omsett eksamensoppgåva til nynorsk:

her så er det vedtatt da (.) vi har en sånn hva skal man kalle det (.) en sånn arbeidsfordeling som har vært vedtatt for veldig veldig mange år siden ansvarsfordeling under eksamen sånn at det er klart for alle vitenskaplige og alle de i administrasjonen om hva deres oppgaver er da (.) og for de vitenskaplige så er de ansvarlige for engelsk oversettelse og vi er ansvarlige for den nynorske så det er sånn det er fordelt der pluss mye annet men det har hvertfall (.) så vidt jeg har forstått så er det her en vanlig fordeling på andre institutter også jeg har i hvert fall ikke hørt om noe annet.

Her viser informanten til eit system ved instituttet der arbeidsdelinga er klar, det er ho som administrativt tilsett som har ansvaret for omsetjinga. Samstundes hevdar ho at ho ikkje meistrar nynorsk, og ho seier at ho sjølv må gå gjennom teksten i etterkant. Vi kan altså slå fast at det ved dette instituttet er mogleg å sjå ein praksis for omsetjing, men at denne praksisen ikkje nødvendigvis sikrar kvalitet. I sitatet kjem det fram at informanten meiner praksisen ved instituttet også er gjeldande ved andre institutt på fakultetet, men dette vert avkrefte om ein studerer svaret informant 4, administrativt tilsett frå same fakultet, gjev på same spørsmål:

veldig godt spørsmål når du sier det, så kanskje lurer jeg litt på det selv og det har ikke vært noen klar instruks i det da jeg begynte her sånn at det har vel kanskje bare vært en underliggende norm eller bare at en arbeidsoppgaveforskyvning som har (.) som har blitt sånn tror ikke vi har det i noen arbeidsinstruks at det er sånn det er bare noe som har blitt sånn så vi (...) Som sagt, noen sender det automatisk eller noen sender det på nynorsk selv andre sier flott her er oppgaveteksten dere står for oversettelsen

Denne informanten fortel om mangel på tydeleg instruks, det motsette av det informant 2 gjer. Informant 4 kommenterer også systemet i spørsmålet om kva ho trur folk ved fakultetet synest om krava i *forskrift om målform i eksamensoppgåver*:

[...] noen oversetter sine egne oppgavetekster selv men det er veldig få og de fleste synes det er et administrativt ansvar som de bare tar for gitt at administrasjonen skal fikse [...]

Det som kjem fram her, om å ta det for gjeve at administrasjonen gjer jobben, skal vi også sjå når vi tek føre oss systemet ved UV. Dei to informantane frå SV har ulik oppfatning av kva system som finst ved fakultetet, noko som syner oss at det varierer frå institutt til institutt, og truleg også innan dei ulike institutta. For å oppsummerer kan ein hevde at det er stor variasjon i praksis ved fakultetet, trass i at informant 2 hevdar det eksisterer ein instruks. Det er ein tydeleg diskrepans mellom studiedekanen, informant 4 og informant 2 sine oppfatningar av kva system som finst.

Det teologiske fakultetet

Basert på intervjumaterialet kan ein hevde at TF har den mest systematiske praksisen av fakulteta i denne granskinga. Det er emneansvarleg som har det formelle ansvaret for å formulere eksamensoppgåvene før eksamenskonsulenten ferdigstiller oppgåva etter eit standarsoppsett og sender ho vidare til handsaming i eit eksamensoppgåvemøte der ein går gjennom eksamensoppgåvene og kvalitetssikrar både språk og fagleg innhald. Dette møtet finn stad éin gong i semesterert, så eksamenar gjevne på tidspunkt som skil seg frå normalen, vert ikkje handsama i eit slikt møte. Til eksamensoppgåvemøtet møter studiedekan, eksamensansvarleg, to erfarne vitenskapleg tilsette som har lang erfaring med å formulere oppgåver, éin som har rettleiingskompetanse og éin språkfagleg person. Det er studiedekanen som har hovudansvaret for nynorsken, mykje grunna eiga interesse og eigen kompetanse. Materialet frå TF syner at dette fakultetet har lite feil, noko som tyder på at systemet ved fakultetet fungerer og har den kvalitetssikrande funksjonen. Samstundes er det som sagt ikkje mogleg å generaliserer ut får eit så lite materiale, og i tillegg til dette tyder storleiken på materialet på at fakultetet er lite. Vi skal seinare kommentere på om dette kan spele inn. Informant 5, vitenskapleg tilsett ved fakultetet, trekkjer fram den nynorskbrukande studiedekanen som ei viktig brikke i systemet. Ho seier at dersom ho ynskjer det, ser han over det ho har skrive på nynorsk. Ut frå intervjumaterialet kan ein ikkje endeleg slå fast kva rolle ein nynorskbrukande studiedekan spelar for systemet, men det er tydeleg at han er sentral i utarbeidinga av eksamensoppgåver, og at han synest det er eit viktig arbeid. Vi kjem attende til dette. Kort oppsummert kan ein seie at dette fakultetet har eit grundig system for å lage og kvalitetssikre eksamensoppgåver.

Det utdanningsvitenskaplege fakultetet

Ifølgje studiedekanen ved UV er det dei fagleg ansvarlege for dei ulike emna som lagar eksamensoppgåvene ved fakultetet, før dei vert leverte til administrasjonen som «[...] gjør de andre tingene knytta til det». På spørsmålet om kven som omset oppgåvene til nynorsk, svarer studiedekanen at det varierer, men at det oftast er dei vitenskapleg tilsette sjølve som gjer det, dersom dei har kompetanse til det. Nokre institutt nyttar profesjonelle byrå. Oppgåvene vert sende attende til den faglege ansvarlege etter at dei er omsett, slik at han/ho kan kontrollere det faglege innhaldet. Kva system som finst ved fakultetet, kom også fram i intervjuet med informant 1, administrativt tilsett. Ho hevda at det ved hennar institutt i utgangspunktet er dei

vitskaplege tilsette som skal omsetje til nynorsk, men at dette kravet vert oversett av mange. Det vert dimed opp til administrasjonen å finne ei løysing. Ho seier at:

til no så har det blitt slik at fordi eg er ein nynorskbrukar i utgangspunktet og fordi eg er administrativt ansvarleg for stordelen av eksamenane våre så har det falle seg litt naturleg at eg er den som hjelper til i slike situasjonar (.) men for meg så er det veldig viktig å understreke at det her er ein ekstraservice som eg tilbyr eller som eg (...) det her er noko eg går med på å gjere men det står ikkje som ein del av mine arbeidsoppgåver det her er noko som eg brukar ekstra tid og ressursar på i ei elles hektisk tid (.) ehm (...) så det er med veldig blanda følelsar at eg gjer den jobben her mm det er det

Ut frå dette kan ein hevde at det i utgangspunktet er eit system for kven som skal omsetje eksamensoppgåvene, men at dette systemet vert oversett av nokre og dimed ikkje fungerer i praksis. Det vert i stor grad tilfeldig korleis jobben vert gjord og av kven. For å oppsummere kan ein slå fast at det er intern variasjon ved fakultetet, og at ikkje alle interne retningslinjer vert følgde.

Det juridiske fakultetet

Som ved Medisin er det også ved Det juridiske fakultetet (JUS) ein eksamenskommissjon for kvart emne. Han er sett saman av to vitskapleg tilsette – éin som leiar og ein som nestleiar – ein ekstern sensor og to studentar som har passert det aktuelle stadiet i studieløpet.

Studiedekanan seier dette om kvalitetssikringa av oppgåvene:

all kvalitetssikring foregår i eksamenskommunsjonen og ikke minst ved at studenten bidrar (.) kvalitetssikringingen er jo først og fremst på det faglige at oppgaven henger sammen at det er innenfor pensum og sånne ting (.) den språklige kvalitetssikringen den er jo mer uformell med at noen kan peke på skrivefeil andre kan peke på gammeldagse ord og uttrykk og mene at kanskje vi skal ha litt sånn moderne og sånne ting

Ein ser at kommisjonen sikrar det faglege innhaldet i oppgåvene. Han rettar også språklege feil, men dette er meir uformelt. Eksamensoppgåva som det vert arbeidd med i kommisjonen, er det oftast faglærar som har laga. Denne er då på målforma faglærar har levert på.

Omsetjingar går føre seg utanfor kommisjonen, men dei vert sett over i kommisjonen i ettertid. Omsetjinga vert gjord av fagpersonar, frå fakultetet eller utanfrå. Desse er i så godt som alle tilfelle nynorskbrukarar. Oppsummert kan ein seie at fakultetet har eit grundig system for å lage eksamensoppgåver, men at det også her vert arbeidd meir systematisk med innhald enn med språk.

Det humanistiske fakultetet

Studiedekanen ved HF var ny i stillinga si då intervjuet fann stad, og han sa at han difor visste lite om kva system som finst ved dei ulike einingane. På spørsmålet om kven som omset eksamensoppgåvene, svarte han:

det vet jeg lite om men jeg har jo litt erfaring fra min tidligere jo (.) som vitenskaplig (.) og inntrykket mitt er vel (.) og som undervisningsleder ved et institutt på HF og min erfaring (.) mitt inntrykk er at det varierer det kan vere de vitenskaplige men det kan også gjøres administrativt

Han hevdar at oppgåvene oftast vert diskuterte med ein kollega, og i nokre tilfelle i meir formaliserte lærarmøte. Oppgåvene går ofte gjennom eit studieadministrativt ledd i etterkant av arbeidet til den vitenskapleg tilsette. Ein annan informant ved fakultetet, informant 3, kjem inn på praksisen for å lage eksamensoppgåver når han skal svare på kvifor han trur oppgåver endar opp med å innehelde feil:

nei jeg tror jo at det er fordi at det bare er lærerne som har utformet dem uten at det har gått gjennom noen sjekk i siste instans (...) så det vil jeg jo anbefale (.) at man har noen som er nynorskkyndige som sjekker oppgavene og at de som ikke er så kyndige det er vel ikke slik at de nødvendigvis får noe hjelp da heller

Denne informanten, som er vitenskapleg tilsett, opplever at det ikkje finst ein instans som kan kvalitetssikre språket, og hans oppleving skil seg dimes i nokon grad frå den oppfatninga studiedekanen har av praksisen ved fakultetet. Ut frå dette kan ein oppsummere med å seie at praksisen varierer frå institutt til institutt, men at mykje tyder på at det manglar eit system for kvalitetssikring.

Samanlikning

Praksisen og systemet for å lage eksamensoppgåver varierer frå fakultet til fakultet. Vi skal no samanlikne fakulteta, og i denne samanlikninga vert det trekt linjer til tala i kapittel fem. Det dannar eit utgangspunkt for å svare på forskingsspørsmål tre.

Som slått fast innleiingsvis er det stor variasjon mellom dei ulike fakulteta. Mange institutt er autonome einingar, og fakultetsleiinga har lite oversikt over kva system som finst ved eige fakultet. Oppgåvene vert i stor grad laga av emneansvarleg, og ved nokre fakultet og institutt vert dei diskuterte i eksamensmøte. Både TF, Medisin og JUS har slike møte, og mykje av systemet er felles for dei tre. I eksamensmøta vert både innhald og språk diskutert, med

hovudvekt på innhald. Noko som skil dei tre fakulteta frå kvarandre, er arbeidet med nynorskversjonen av eksamensoppgåva. Ved TF vert dette arbeidet ofte gjort i eksamenskommissjonen, medan nynorskversjonen ikkje er tema i eksamensmøta på dei to andre fakulteta. I kapittel fem såg vi at TF har lite feil i eksamensoppgåvene, men då materialet er lite, kan ein ikkje konkludere basert på desse funna. Medisin skil seg ut frå dei to andre ved å nytte eit omsetjingsbyrå, noko andre institutt ved andre fakultet også gjer. Ser ein dette i samband med tal på feil og avvik, ser det ut til å vere ei uheldig ordning. Medisin har nest mest morfologiske feil, og dei scorar dårleg på stilideal. Felles for storparten av fakulteta i denne granskinga er at det faglege innhaldet i eksamensoppgåvene vert kvalitetssikra gjennom at fleire faglærarar er involverte i prosessen. Språket, derimot, får sjeldan ei slik kvalitetssikring. Ved nokre fakultet er ingen andre enn den som omset, som ser nynorskversjonen før studentane får han. På andre fakultet går oppgåva attende til faglærar. Faglærar er sjeldan nynorskkunnig, og jobben hans/hennar er å sikre at det faglege innhaldet framleis er slik det var i originalen. Ved JUS er det i stor grad nynorskbrukarar som står for omsetjingane til nynorsk. Studiedekanan ved HF visste lite om systemet ved eige fakultet, og det er dimesd vanskeleg å knyte system til feil her. Samstundes etterlyser den eine informanten ved fakultetet ei kvalitetssikring, og ut frå talet på feil kan ein sjå at ei slik sikring også manglar ved dette fakultetet.

6.1.2 Kvifor endar eksamensoppgåver opp med å innehalde feil?

Vi har no sett kva system dei ulike fakulteta har for å lage eksamensoppgåver, men gjennom å gå nærare inn på nokre moment får vi eit tydelegare bilete av situasjonen. Alle informantane i denne granskinga har på direkte spørsmål svart på kvifor dei trur eksamensoppgåver endar opp med å innehalde feil. Det er tre moment som går igjen i svara dei gjev: tid, pengar og mangel på kunnskap. Studiedekan ved HF seier det slik:

nei altså den naturlige tingen å tro er jo å (.) at enten at man ikke har god nok oversikt over på en måte ehm (.) nynorsk bøyingsverk og grammatikk men man kan selvsagt også tenke at det er et ressurs- og tidsproblem at det går for fort men at de som gjør det kunne ha på ein måte ha brukt mer tid og dermed ha unngått i alle fall noen av feilene

Denne oppfatninga om at ein ikkje nyttar nok tid, deler han med fleire vitskapleg og administrativt tilsette ved UiO. Vektlegginga av mangel på tid som årsak til at eksamensoppgåvene inneheld feil, er større hjå denne informantgruppa enn hjå studiedekanane. Berre éin av studiedekanane nemner tid som årsak, medan 4 av 8 av dei

vitskapleg og administrativt tilsette nemner det. Informant 4, administrativt tilsett SV, seier det slik:

jeg tror det handler om tidspress og kanskje en nedprioritering (...) vi sliter allerede med eller ikke sliter men det er jo allerede vanskelig nok å få inn selve oppgaven på bokmål og så i tillegg da så har vi knappe tidsfrister på å få oversatt den, sendt den tilbake til korrekturlesing såne ting (.) så jeg tror at det først og fremst (.) først og fremst tror jeg det går på manglende kompetanse vi bruker ikke nynorsk i vår administrative hverdag og så plutselig er det en periode hvor vi på 2–3 måneder hvor man skal plutselig switche over og praktisere det (...) så blir det andre momentet tidspress rett og slett

Tidsfristar og ein travel kvardag verkar inn, men ho peikar også på kompetanse og knyter det til kor sjeldan ho skriv nynorsk. Å løfte fram dette er ho ikkje åleine om, og fleire seier dei berre nyttar nynorsk når dei må omsetje oppgåver. Det er også slik at kompetanse og tid heng saman. Dette er informant 2, administrativt tilsett SV, inne på:

nei det er jo fordi vi som oversetter ikke er kompetente nok til å gjøre det det er ikke naturlig for meg å skrive nynorsk tidspresset tilsier at jeg kanskje ikkje får tid til å gjøre det perfekt få nok øyne [sic] på det få nok til å se gjennom det

Dette igjen kan knytast til ressursbruk. Tid er pengar, og fleire peikar på det økonomiske aspektet dersom ein skulle tilsett ein ekstern person for å kvalitetssikre språket. Under 6.3.2 vert prioriteringar av tid og pengar drøfta, og det vert der også knytt til språkhaldningar. Ut frå intervjumaterialet er det tydeleg at tid er ein faktor som spelar inn på kvaliteten på nynorsken.

Som vi såg i kapittel fem, er det mange registrerte feil i kategorien *bokmålsord*. Ei drøfting av korleis desse oppstår, vil difor vere med på å forklare kvifor det er så mange feil i eksamensoppgåver ved UiO. Fleire informantar kommenterer, direkte eller indirekte, ord som høyrer heime i denne kategorien. Mange knyter det til utfordringar med terminologi.

Informant 8, vitskapleg tilsett MatNat, er blant dei som tek opp dette:

[...] altså en ting er at man ikke er bevisst på akkurat hvilke ord som skal brukes og ikke brukes på nynorsk men en annen ting er at i noen tilfeller så er det faktisk ikke så lett å finne noe godt nynorsk ord og da kan man godt falle for fristelsen til å ta bokmålsorda altså (.) sånn som sannsynlighet du kan kalle det sannsyn men det er ikke noe godt det klinger ikke noe godt i mitt øre (.) og hvis det blir for annerledes i nynorskteksten så tenker jeg at det blokkerer litt for forståelsen til den som skal lese eksamenssettet [...]

Denne utsegna er del av eit svar på korleis informanten reagerer på tala på feil ved MatNat. Ho løftar fram utfordringa med å nytte to språk, at det byr på terminologiske utfordringar.

Kåre Lilleholt, JUS, kommenterer også utfordringa med terminologi, i svaret på korleis han reagerer på tala på feil ved sitt fakultet. Han meiner ordtilfang er kontroversielt fordi ein har eit faguttrykk som ein når ein omset, må finne eit tilsvarende ord for. Også innan den nynorske norma finst det valfridom. I *Juridisk ordliste* vert det hevda at ein i nokre tilfelle må ta standpunkt til ein del ord, til dømes om ein skal skrive «behandling» eller «handsaming» (Utgård 2002: 7). Dette understrekar vanskane med terminologi, både innan eit språk og mellom dei to språka. I kapittel fem såg vi at det i ein eksamen frå TF stod «rettighet» i parentes bak ordet «rett». At det finst ein praksis ved UiO med å skrive bokmålsordet i parentes, nemner studiedekanen ved JUS. Han hevdar dette til tider vert gjort for å unngå at studenten skal kunne misforstå, men han reflekterer også kring om dette kan verke nedsetjande overfor nynorsken og nynorskbrukaren. Denne refleksjonen syner eit bevisst forhold til språk og språkbruk. I spørsmålet om terminologiske utfordringar i omsetjingsprosessen, er det relevant å trekkje linjer til omsetjing til engelsk. Studiedekanen ved MatNat hevdar at det er lettare å omsetje til engelsk då engelsk er fagspråket ved fakultetet. Informant 8, også ho frå MatNat, peikar på ei annan utfordring, nemleg at det skal vere samsvar mellom dei ulike versjonane:

[...] når du lager et eksamenssett i flere versjoner så må du være ekstra påpasselig på at alle opplysningene er på samme måte i alle og at du ikke gir flere detaljer for eksempel hint i den ene kontra den andre

Vidare peikar ho på at utfordringa er størst mellom engelsk og norsk, ikkje mellom bokmål og nynorsk. Dette syner at terminologiproblematikken er komplisert, og at han ikkje berre omfattar direkte omsetjing, men også ei utfordring med å sikre like eksamensoppgåver. Det syner også at studiedekanen og den tilsette ikkje ser på utfordringa på same måten: Studiedekanen seier at det er vanskelegare å omsetje til nynorsk enn til engelsk, medan den vitskapleg tilsette seier utfordringa ligg i å få samsvar mellom oppgåvene, spesielt mellom norsk og engelsk. Dei omtalar ikkje den same utfordringa, så det er ikkje mogleg å slå fast om dei er samde eller ei. Likevel er det verdt å merke seg kva informantane vel å kommentere i intervjusituasjonen. I *Norsk i hundre!* vert det slått fast at nynorsken står svakare enn bokmålet som fagspråk. Samstundes vert det hevda at «[...] terminologiske prinsipp og tradisjonar er først og fremst noko som skifter frå fagområde til fagområde, ikkje etter målform» (Språkrådet 2005: 144). I det ligg det at det ikkje er vanskelegare å lage terminologi på nynorsk enn på bokmål. Ein må stille krav til at der finst ein nynorsk standard, og ein kan sjå til jussen for inspirasjon. At det er ein skilnad på om det finst terminologi på

nynorsk og om denne vert brukt, kan ein sjå indikasjonar på i talet på registrerte *bokmålsord* hjå dei ulike fakulteta. MatNat kjem dårleg ut også i denne kategorien, og det er interessant å sjå det i samanheng med utsegna til informant 8 om bruken av ordet *sannsyn*.

Som vi såg i kapittel to, kan ytre og indre faktorar påverke korleis vi handlar (Garrett 2010). Vi har no slått fast at tid, kompetanse og terminologiske utfordringar kan vere med på å forklare feil i eksamensoppgåver. Dette er alle faktorar som kan påverke handlinga vår, då dei kan gje ei kjensle av at handlingar er utanfor av vår kontroll. Samstundes kan informantane si framheving av desse faktorane seie noko om kva haldningar dei har. Dette skal vi sjå nærare på under 6.3.2.

Når ein svarer på kvifor det oppstår feil i eksamensoppgåver ved UiO, er det også relevant å spørje kvifor desse feila kjem heilt ut til studenten. Manglande kunnskap, tid og dugleik er faktorar som i mindre grad ville spelt inn på det endelege resultatet dersom det hadde eksistert eit system for kvalitetssikring av språket. At dette i stor grad manglar ved UiO, kom fram under 6.1.1. Feire informantar framhevar mangelen på kvalitetssikring. Blant desse er informant 3, vitskapleg tilsett HF, som nettopp ser mangelen som årsak til at det oppstår feil:

nei jeg tror jo at det er fordi at det bare er lærerne som har utformet dem uten at det har gått gjennom noen sjekk i siste instans (...) Så det vil jeg jo anbefale (.) at man har noen som er nynorskkyndige som sjekker oppgavene og at de som ikke er så kyndige det er vel ikke slik at de nødvendigvis får noe hjelp da heller

Informanten peikar på at dei som har laga oppgåvene, ikkje meistrar nynorsk, og at det difor er behov for ei kvalitetssikring. Det er samstundes utfordringar også ved dette, mellom anna i bruk av tid og pengar. Dette kjem vi attende til under 6.1.5.

Nokre fakultet og institutt nyttar omsetjingsbyrå når dei skal sikre seg nynorskversjon av eksamensoppgåver. Dette vert omtala her då det i nokre tilfelle er ei medverkande årsak til at det oppstår feil i eksamensoppgåver. Medisin har hatt ein slik praksis, og oppgåvene frå dei, som er med i denne granskinga, er omsette på denne måten. Denne informasjonen fekk eg av administrasjonen då eg skulle finne informantar, og studiedekanan seier det same. Det som her er interessant å merke seg, er at fakultetet kjem dårleg ut i oversynet over grammatiske feil og avvik. Det tyder på at omsetjingsbyrået som vert nytta, ikkje gjer ein god jobb, trass i at Universitetet i Oslo brukar pengar på tenestene deira. Studiedekanan ved fakultetet er av faglege årsakar skeptisk til å nytte omsetjingsbyrå:

eg har vore prinsipielt (...) eg har sagt at eg ser gjerne på nynorsken (.) og fordi at fagspråk er annleis så viss du har ein som omset profesjonelt så blir det meiningslaust for å seie det sånn fordi det blir ikkje forståeleg for dei som skal (.) det kan bli unøyaktig i ein del ting i medisin (.) men eg veit (.) eg trur dei bruker folk utanfrå i omsetting (.) så det er gjort men det (.) det veit eg ikkje eg kan ikkje seie det men eg trur det blir gjort utanfrå med det at dei sender det inn ein eller annan plass og får det omsett

Denne utsegna er svar på spørsmålet om kven som omset eksamensoppgåvene ved fakultetet. Det er interessant at studiedekanan uttrykkjer bekymring, men at situasjonen er at oppgåvene vert omsette slik ho skildrar. Her må ein merke seg at fakultetet etter at dette intervjuet fann stad, vedtok eit fritak frå *forskrift om målform i eksamensoppgåver*. Det vil seie at dei no ikkje tilbyr studenten digital eksamen på eiga målform, men dei betaler framleis omsetjingsbyrået for å omsetje andre eksamensoppgåver. SV og UV nyttar også omsetjingsbyrå. Dette skjer på instituttnivå, med då eg ikkje veit kva oppgåver i denne granskinga som er omsette av eit slikt byrå, kan eg ikkje seie sikkert om situasjonen er som den var ved Medisin. Ein kan likevel hevde at dette er truleg, då UiO har ein rammeavtale med omsetjingsbyrået Medisin nyttar. Denne avtalen er bindande for alle tilsette, fakultet og institutt, og han gjeld administrative tekstar. Han er ikkje bindande for vitenskaplege tekstar.

6.1.3 Kompetanse og korleis han vert utnytta

Som synt i kapittel fem er det utbreidd med grammatiske feil og avvik i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO. Vi har no sett at dette mellom anna kan skuldast manglande kompetanse. Det er difor relevant å diskutert kvar eventuell nynorskkompetansen finst. Dette vert sett i samanheng med teoriar om fleirspråklegheit ved arbeidsplassen.

Alle informantane som har laga eller omsett eksamenar, fekk spørsmål om dei meiner dei meistar nynorsk. Då desse personane står bak ein nynorskversjon av ei eksamensoppgåve, er det interessant å merke seg at 3 av 8 informantar svarer nei. Av dei 5 som svarer ja, presiserer 3 av dei at dei meistar det, men ikkje så godt at språket vert perfekt. Då står ein att med 2 informantar som meiner dei skriv god nynorsk: Éin av dei er nynorskbrukar, den andre har studert nordisk. Ser ein på oversikta over kor mange feil og avvik det er i oppgåvene informantane har laga eller omsett, er det i stor grad samsvar mellom rapportert og faktiske kompetanse. Unntaket er informant 6, ei av dei som hevdar ho meistar nynorsk, men ikkje så godt. Ut frå eksamenen ho har omsett, høyrer ho heime blant dei som ikkje meistar nynorsk. At det finst tilsette ved UiO som meiner dei meistar nynorsk utan å faktisk gjere det, vert

også framheva av to av informantane. Ei kvalitetssikring av skriftleg arbeid ville gjort dei det gjeld, merksame på at dei ikkje har tilstrekkeleg kompetanse.

Informant 1, UV, er nynorskbrukar og meistrar nynorsk. Sidan ho er tilsett i administrasjonen, fekk ho spørsmål om kvifor ho og ikkje fagansvarleg/faglærer hadde omsett oppgåva som er utgangspunktet for at ho er med i granskinga. Ho svarer:

til no så har det blitt slik at fordi eg er ein nynorskbrukar i utgangspunktet og fordi eg er administrativt ansvarleg for stordelen av eksamenane våre så har det falle seg litt naturleg at eg er den som hjelper til i slike situasjonar (.) men for meg så er det veldig viktig å understreke at det her er ein ekstraservice som eg tilbyr eller som eg (...) det her er noko eg går med på å gjere men det står ikkje som ein del av mine arbeidsoppgåver det her er noko som eg brukar ekstra tid og ressursar på i ei elles hektisk tid (.) ehm (...) så det er med veldig blanda følelsar at eg gjer den jobben her mm det er det

Som det går fram av sitatet, vert kompetansen i stor grad nytta av instituttet ho arbeider ved. Ut frå sitatet kan ein også hevde at kompetansen ikkje berre vert nytta, men også utnytta. Dette kan ein relatere til Duchêne sin påstand om at fleirspråklege sin kompetanse vert banalisert, og dimed ikkje tillagd ekstra verdi (Duchêne 2008: 48). Informanten er tydeleg på at det å omsetje eksamenar ikkje er del av hennar arbeidsinstruks, og at ho brukar ekstra tid og ressursar på dette. Universitetet treng kompetansen hennar og utnyttar han. At kompetansen ikkje vert verdsett, kjem fram av intervjumaterialet. Informanten hevdar at vitskapleg tilsette ved det aktuelle instituttet skal levere eksamensoppgåver på begge målformer, men at det vert «[...] galant oversett av dei aller, aller fleste». Vidare seier ho at:

[...] dei sender ikkje ei tilbakemelding om at du eg føler meg litt på utrygg grunn på nynorsken kunne du ha hjelpt meg nei vi mottar berre eksamenen på bokmål og då er det opp til oss i administrasjonen å finne ut av korleis skal vi løyse det her

Desse opplysningane om korleis tilsette ved dette instituttet på UV handterer eksamenar, skil seg frå korleis informant 6, administrativt tilsett HF, opplevere tilsette ved hennar institutt. Ho seiere at «[...] her har det ikke vært noe problem da sier jeg bare at vi skal ha det så får jeg det så da (.) det har gått veldig fint». Opplysningane skil seg også frå dei studiedekan ved UV gjev, då ho hevdar at det i dei fleste tilfelle er dei vitskapleg sjølve som omset. Dette syner variasjonen som er mellom fakultet og institutt, og mellom oppfatninga til leiinga og tilsette. Kva av praksisane som sikrar best kvalitet, er eit anna spørsmål. Det er interessant å reflektere kring kva det aktuelle instituttet ved UV ville gjort dersom dei ikkje hadde ein nynorskbrukar i staben. Hadde tala på feil og avvik vore mørkare dersom denne tilsette ikkje fanst? Dette går ikkje an å svare på ut frå datamaterialet, men spørsmåla syner at det i stor grad er

tilfeldighetene som rår. Den andre informanten som meistrar nynorsk fullt ut, informant 3, HF, gjer ifølge seg sjølv det fordi han studerte nordisk. Dette var før han utdanna seg innan det faget han no er professor i. At informanten har denne kunnskapen, er difor tilfeldig. Duchêne (2008) peikar på at makt, økonomiske interesser og språkideologi verkar inn på korleis ein institusjon regulerer språkpraksis. No er dette snarare eit døme på at fleirspråklegheit er arbeidspraksis, ikkje arbeidsverktøy og -produkt, men likevel spelar dei tre komponentane inn: Vitskapleg tilsette har makt til å leggje arbeidet på administrasjonen, UiO har økonomiske interesser av å utnytte eksisterande arbeidskraft, og bak dette igjen kan det liggje språkideologiar som nedvurderer verdien av fleirspråklegheit.

Lite tyder på at universitetet er bevisste på behovet for nynorskkompetanse når dei rekrutterer tilsette. Dersom ein hadde auka ei slik bevisstheit, kunne ein konsekvens vore at ein også sette kunnskapen og dugleiken til dei som vart tilsette, høgare. Kåre Lilleholt, JUS, etterlyser språkkompetanse generelt, også i bokmål. Duchêne hevdar at arbeidsplassar kan nytte den fleirspråklege kompetansen til tilsette til å auke effektivitet og fleksibilitet (2008: 47). Ut frå funna gjorde i denne granskinga av feil, avvik og manglande system, kan ein hevde at UiO kunne oppnådd ein liknande fordel dersom nynorskkompetansen var sikra og ivareteken. I kapittel to såg vi at Det norske arbeidarpartiet endra språkpolitikk etter kva dei ville tene på. Her kan ein trekkje linjer til UiO. Mykje tyder på at dei i dag ikkje ser verdien av nynorsk ved universitetet, og at den språklege praksisen er deretter.

For å få meir innsikt i kompetansespørsmålet vart alle informantane som har laga eller omsett eksamensoppgåver, spurde kva inntrykk dei har av andre tilsette sin bruk av nynorsk.

Informant 4, administrativt tilsett SV, svarer dette:

da har vi noen få tror vi har to nynorskbrukere på instituttet som skriver konsekvent på nynorsk (.) de færreste av oss publiserer jo direkte på nett så jeg ser jo ikke at de bruker det på nettet (.) og av oss som jobber administrativt som kanskje har litt publiseringsoppgaver da er det ingen her som er primært nynorskbrukere eller som bruker det så kompetansen er rett og slett bare for å svare på spørsmålet kompetansen (.) jeg tror ikke kompetansen er noe særlig bra (.) da jeg tok over og skulle ha eksamenensansvaret og dermed fikk nynorskoversettelsen så hadde jeg jo en runde og sjekket om noen var stødige brukere på det og (.) éi faktisk (.) hun er utdanna norsklærer så hun har en viss kompetanse på det men hun jobber ikke på dette feltet og med frister og deadliner og overfylte felt allerede i de forskjellige stillingene så har ikke hun tid til å sette av plass i sin stilling til det da

Dette er situasjonen ved instituttet ho arbeider ved, og ut frå sitatet får inn inntrykk av at kompetanse er mangelvare. Utsegna til informanten gjev også grunn til å meine at dersom

kompetanse skulle finnast, så er han ikkje tilgjengeleg for dei som treng han. Dette er ikkje overraskande når ein veit at mange av dei som lagar eksamensoppgåver på nynorsk, manglar den naudsynte kompetansen for å gjere dette.

Gjennom svara informantane har gjeve, kan vi hevde at kompetanse i nynorsk i stor grad er mangelvare. Den finst, men det er tilfeldig hjå kven og kvar. Ved dei institutta der administrasjonen har ansvar for omsetjing, bør kompetansen finnast i administrasjonen. Nynorskkompetanse i administrasjonen kunne vore sikra ved å til dømes søkje etter han i utlysingar. I kravet om eksamen på baa målformer ligg det også eit krav om kompetanse, og vi skal snart sjå at arbeidsgjevaren UiO har ansvar for at slik kompetanse finst.

6.1.4 Kvar ligg ansvaret?

Eit sentralt spørsmål i diskusjonen kring system og praksis, er kvar ansvaret for språkleg gode eksamensoppgåver til sjuande og sist ligg. Difor fekk studiedekanane spørsmålet *Kva ansvar tenkjer du at du som ansvarleg ved fakultetet har for å oppfylle krava forskrifta stiller?* Andre informantar kom inn på emnet under andre spørsmål.

Felles for 6 av 8 studiedekantar er at dei eksplisitt seier at det overordna ansvaret ligg på dei. Likevel syner formuleringane dei vel, at dei legg ulikt innhald i dette ansvaret. Studiedekan ved MatNat presisere at ho har ansvar for å oppfylle lovverket, men «[...] utover det har jeg ikke ansvar for å oppfylle norsk språkpolitikk». Dette fakulteta vurderer å søkje om fritak frå *forskrift om målform i eksamensoppgåver*, noko ein kan tolke som ei ansvarsfråskrivning. Studiedekan ved UV er éi av dei som er meir uklar i anvarsforholdet. Ho hevdar at «[...] dette går jo sin gang helt uavhengig av meg og det er (.) viss det kommer klager (.) det er jo da jeg kobles på kan du si (.) eller administrasjonen på UV-fakultetet». Ho er altså mindre tydeleg i kvar ansvaret ligg. Studiedekanan ved SV legg hovudansvaret på den administrative studieleiaren, ikkje på seg sjølv som studiedekan: «Altså når det gjelder forskrifter om dette så har jeg jo en studieadministrasjon med en administrativ studieleder som har hovedansvaret for akkurat dette [...]».

Studiedekanan ved TF tek opp ansvarsspørsmålet i svaret på spørsmålet om kva løysing han ser på problemet med grammatiske feil i eksamensoppgåver. Han peikar på kompetanseheving, og på oppfølgingsspørsmål om korleis dei kan få opp kompetansen, seier han:

nei (.) interesse for det (.) eg trur det er et leiingsspørsmål til sjuande og sist og at leiinga må ta tak i det og jobbe med det (.) i forhold til å motivere og gjerne tilby kurs (.) altså universitetet burde klart ha tilbydd kurs (...) ellers så tenker eg at det å lære nynorsk det er ikkje vanskeleg som sjølvstudium heller (...) det krev motivasjon men for folk som er vant til å tileigne seg stoff så bør ikkje det vere noko vanskeleg men det er med motivasjon og det bør leiinga bidra til å styrke.

I denne utsegna hevdar ikkje studiedekanan direkte at ansvaret for å sikre eksamensoppgåver av god språkleg kvalitet ligg hjå universitetsleiinga. Samstundes meiner han at det er leiinga sitt ansvar å sikre at kompetansen finst, både gjennom opplæring og motivering. Her løftar han ansvaret opp til over fakultetsnivå. Her bør ein merke seg at nivådelinga ved UiO kan gjere det vanskeleg å plassere ansvar. Kven informantane viser til når dei seier «leiinga», kan variere. På universitetet sine eigne nettsider står det også noko om ansvar for opplæring: «Arbeidsgjevaren har ansvar for at dei tilsette får naudsynt opplæring i bokmål og nynorsk.» Kven som er arbeidsgjevar, er ikkje spesifisert. Dette syner utfordringa med dei ulike nivåa. Basert på materialet i denne granskinga kan ein uansett slå fast at dei som har ansvaret, ikkje har teke dette ansvaret. UiO bryt dimed eigne vedtak, for ikkje å gløyme nasjonalt lovverk. Hadde eit slikt ansvar vore oppfylt og vedtaket overhalde, ville kapittel fem i denne granskinga sett annleis ut. Mange fakultet og institutt manglar eit godt system for å lage og kvalitetssikre nynorskversjonen av eksamensoppgåver, noko som medverkar til at det endelege resultatet er dårleg.

6.1.5 Kva løysing ser tilsette ved UiO på situasjonen?

Denne granskinga har som formål å avdekkje feil og avvik, kva system som finst for å lage eksamensoppgåver, og å sjå om ein kan knyte kvalitet til språkhaldningar og underliggjande språkideologiar. Vi har sett ein situasjon med manglande system og kvalitetssikring, og skal no ta føre oss informantane sine syn på korleis ein kan løyse denne situasjonen. Alle informantane fekk dette spørsmålet, og gjennom svara dei gav, kan ein sjå utfordringane frå ein annan vinkel. Løysingsforslaga gjev også innsyn i språkhaldningar og underliggjande språkideologiar. Døme på dette er at nokre informantar ikkje meiner ein treng ei løysing, eller at løysinga er å søkje om fritak frå *forskrift om målform i eksamensoppgåver*. Vi kjem attende til kva dette seier om haldningar og ideologi.

Samanliknar ein svara dei to informantgruppene gjev på spørsmålet om løysing, ser ein at det i stor grad er samsvar. Informantar i begge gruppene trekkjer fram at det er eit spørsmål om kompetanse. Nokre hevdar at ein må heve kompetansen ved UiO, anten gjennom å kurse dei

som no har ansvaret, eller ved å tilsetje nokon med nynorskkompetanse som kan ha ansvar for omsetjing og/eller kvalitetssikring av omsetjingane. Andre meiner ein bør søkje ekstern kompetanse. Studiedekan ved MatNat og studiedekan ved Medisin seier fakultetet vurderer moglegheita for fritak frå forskrifta. Dette grunngjev dei med praktiske utfordringar og at få studentar nyttar seg av tilbodet om nynorskversjon. Etter at intervjuet var gjennomførte, har Medisin som nemnt vedteke eit slikt fritak for dei digitale eksamenane ved fakultetet. Ein vitenskapleg tilsett ved MatNat, informant 7, skisserer ei alternativ ordning der nynorskbrukarane produserer eksamensoppgåver på nynorsk medan bokmålsbrukarane produserer på bokmål. Han er klar over at dette strir mot regelverket, men han meiner det vil vere ei betre ordning enn den ein har i dag. Også studiedekanan ved SV løftar fram ei slik ordning. Han meiner ordninga som ho er i dag, fører til sløsing av ressursar. Det er fleire problem med måten studiedekanan argumenterer på. For det fyrste vitnar utsegna «hvis det er altfor mye feil så burde man jo rett og slett slutte med denne praksisen etter min mening» om at studiedekanan ikkje reflekterer kring studentane sine språkrettar i jakta på ei løysing, men vil løyse det slik det er best for han og fakultetet. For det andre ligg det ei ansvarsfråskrivning i sitatet: Han tek ikkje sjølvkritikk på vegner av fakultetet for at systemet slik det er i dag, ikkje fungerer, men meiner heller at det talar for at ein må slutte med gjeldande praksis, altså med omsetjing til nynorsk/bokmål. For det tredje meiner studiedekanan at «vi har flere nynorsk [sic] ansatte det ville ikke vært noe problem om de bare gav nynorskoppgaver og det ikke var en bokmåloversettelse der kan ikke se at det er noe problem». Problemet med denne tankegangen er at studiedekanan ikkje ser den store samanhengen. Han seier at det ikkje vil vere eit problem dersom der ikkje finst ei bokmålsomsetjing. Utsegna er søkt då maktfordelinga mellom bokmål og nynorsk er som ho er, og eit scenario med eksamensoppgåver berre på nynorsk er vanskeleg å førestille seg. Gjennom å nytte bokmål som døme og ikkje nynorsk, står han fram som meir nynorskvenleg, og forslaget om å ha eksamen på berre éi målform verkar mindre trugande for nynorsken. Då talet på nynorskbrukarar ved UiO er lågt, vil resultatet av ei slik ordning bli at svært få oppgåver kjem på nynorsk. Dette bryt med tanken om universelle rettår, og resultatet vil bli at den bokmålsbrukande studenten i stor grad vil få oppfylt sine rettår, medan den nynorskbrukande – som treng desse rettane mest – ikkje vil få det. Informant 7, vitenskapleg tilsett ved MatNat, argumenterer for den alternative ordninga ved å seie at fordelinga vil reflektere det som er i samfunnet, og han seier han trur ei slik ordning vil vere vel så bra for studentane. Heller ikkje denne informanten ser tankane bak *forskrift om målform i eksamensoppgåver* og kvifor det er

viktig at denne forskrifta vert følgd. Den alternative ordninga desse informantane ynskjer, vert også omtala under 6.2.1.

Argumentet om sløsing av ressursar fører oss over på eit aspekt som ikkje har vore drøfta enno, nemleg argumentet om at nynorskoppgåvene i mange tilfelle ikkje vert brukte. Dimed brukar tilsette ved UiO tid på å skrive ein tekst som ikkje vert lesen. Studiedekanan ved MatNat poengterer dette i svaret på kva ho trur tilsette synest om krava i *forskrift om målform i eksamensoppgver*:

det kan jeg si med en gang at mine (.) jeg har fått henvendelser fra mine ansatte som synes det er unødvendig arbeid fordi de opplever at oppgavene heller ikke blir altså de settene de skriver på nynorsk ikke blir benyttet og de bruker mye tid på å få dette korrekt så bruker ingen dem (.) så det oppleves som tidsunød- altså, bortkastet arbeid for en del

Bakt inn i dette sitatet ligg det at det å gjere eit arbeid ein meiner ikkje er naudsynt, kan gå ut over motivasjonen for å gjere dette arbeidet. Informant 2, administrativt tilsett SV, trekkjer også fram at nynorskversjonen av oppgåvene ofte ikkje vert brukte:

jeg vet vel at (.) jeg tror ikke noen av de har noen sterke meninger for og imot fordi det er (.) en sånn regel som man egentlig ikke setter spørsmålstegn ved (.) det jeg har merket er at det er så få studenter som ber om det at det blir litt nedprioritert og det er jo en trist sak men det blir det vi har (.) i hvertfall for min egen del og de vitenskaplige så er vi veldig pressa i disse tid-periodene jobber masse overtid og (.) det er litt sånn når jeg ser over jeg har en sånn rapport jeg kjører på dataen der jeg ser hvem som har bedt om nynorsk og så sitter man og er litt sånn håper ingen har gjort det håper ingen har gjort det fordi da må jeg da blir det flere timers arbeid på kanskje én student og man kan jo heller ikke spørre studenten hei har du tenkt å velge nynorskoppgaven og det jeg og andre kollegaer opplever er at de ikke tar nynorskoppgaven på eksamen den kommer tilbake konvoluttene er uåpnet og da blir man litt sånn (.) ehm (.) når jeg startet med det var jeg veldig opptatt av at det her skulle være perfekt og var veldig opptatt av at det at studenten ikke skulle like det men så merker man etter en eksamen at ingen ser på de så sitter man der med sånn fem timers arbeid som ikke er brukt

Informanten viser her til kollegaer som har opplevd det studiedekanan ved MatNat omtalar, og sjølv peikar ho på at det vert nedprioritert sidan det gjeld så få studentar. Ingen av informantane går inn på kvifor dei trur nynorskversjonen kjem att uopna, men ein kan likevel forsøkje å seie noko om dette. For det fyrste kan utdelinga av oppgåvene spele inn her. Praksisen varierer, men nynorskstudenten må ofte sjølv markere at han ynskjer eksamen på nynorsk, noko nokre kan kvi seg for å gjere framføre medstudentar. Dette heng saman med at nynorsken er markert og unøytral (Bull 2004). I andre tilfelle må ein vente til alle bokmålsversjonane er delte ut, og ein kan dimed miste dyrebar tid. For det andre, og meir relevant her, kan tidlegare erfaring gjere at ein vel bokmålsversjonen framføre

nynorskversjonen. Dersom ein har opplevd å få ei eksamensoppgåve med mange feil, kan ein konsekvens vere at ein vel bokmålsversjonen på neste eksamen. I kapittel fem såg vi at mange oppgåver har feil. Dei vil truleg sjeldan føre til at studenten gjer det dårlegare på eksamen, med dei kan skremme han/ho frå å velje nynorskversjonen ved neste høve. Det er difor ikkje utenkjeleg at studentar vel bokmålsversjonen for å vere på den sikre sida. For det tredje kan terminologiske utfordringar liggje bak valet om bokmålsversjon framom nynorskversjon. Vi har sett at det er mange utfordringar knytte til terminologi. Ei utsegn frå informant 7, MatNat, inneheld ikkje aspektet med om oppgåvene vert brukte, men tek opp utfordringar med terminoloig og manglande dugleikar:

[...] det som jeg klarer å produsere av nynorsk materiale da er ofte dårlig og eg kan ikke skjønne at det er noen gevinst for studentene og det blir ofte at jeg da må ty til andre ord enn det som jeg da har gjort i undervisningen og eg skjønner ikke at det skal vere noen fordel for studenten egentlig

Informanten ser ikkje at det skal gagne studenten at han skriv nynorsk, og at han i skriveprosessen må nytte andre omgrep. Denne utfordringa må universitetet ta tak i, slik at den nynorske terminologien er kjend både for porfessor og student. Dersom det stemmer at mange oppgåver ikkje vert brukte, kan ein argumentere for at ein ikkje bør bruke tid på å lage dei. Då tek ein ikkje omsyn til det vi nett har drøfta, og ein ser heller ikkje til at eksamensoppgåver på nynorsk berre er éin del av nynorsk ved UiO. Informant 4, administrativt tilsett ved SV, ser denne samanhengen:

dette er jo lovpålagt i tillegg og dette med at det skal jo ikke vere et felt som det skal ikke vere rom for misforståelser på eksamen på grunn av språklige feil i hvertfall (.) det som vi hadde før var jo en assistent her ved instituttet som jobbet på et annet felt som var nynorskbruker og da fikk jeg bruke henne som oversetter og det føltet mye tryggere og mye bedre så enten det å faktisk ha en habil nynorskbruker som kunne ha tatt seg av oversettelsene, det tror jeg kunne vere en løsning eller rett og slett (.) i og med at vi også styres av mållova (.) eh (.) ja (.) det er det den heter at vi skal skrive mer det skal vere 25 % i offentlig sektor så jeg vil jo (.) mitt høyeste ønske ville jo vært å fått mer kurs og opplæring og blitt oppfordra til å skrive mer på nynorsk publisere mer som igjen gjorde at vi da kunne tatt den eksamensjobben bedre (.) å mitt (.) så det føles (...) altså det er jo lett å sette bort at noen andre tar seg av det men da kommer vi (.) da er vi jo like langt i bruken i offentlig sektor på en måte at da blir jo ikke vi som jobber med det og kanskje svarer på henvendelser og alt sånt da får jo ikke vi inn kompetansen selv

Informanten set her arbeidet med å finne ei løysing på eksamensutfordringane i samband med krava *lov om målbruk i offentlig teneste* stiller. Ho hevdar at dersom ein får hjelp utanfrå til å omsetje eksamensoppgåver, vil ein vere like langt i arbeidet med å publisere tekstar på

nynorsk og svare studentar på eiga målform. Ifølgje målbruksrapporten ligg Universitet i Oslo i dag langt under kravet om 25 prosent av den minst brukte målforma (*Rapport om målbruk i offentleg teneste 2013* – vedlegg 3). Informanten meiner difor at ein treng kursing av dei som alt sit med arbeidet med eksamensoppgåver, og at slik kursing kan ha ein positiv effekt også på å oppfylle krava i mållova. Denne granskinga omfattar ikkje alle sider av mållova, men det er naturleg å sjå nynorsk ved UiO som éi samla utfordring med fleire underutfordringar, og informanten peikar her på eit sentralt poeng. Også andre informantar nemner mållova, men ingen trekkjer fram samanhengen på denne måten. Kåre Lilleholt, vitskapleg tilsett ved JUS, framhevar UiO sitt informasjonsarbeid, og ser utfordringane med korrekt nynorsk i eksamensoppgåver i samanheng med godt språk generelt. Han meiner at universitetet treng fleire språkkonsulentar, spesielt til arbeidet med informasjon som skal ut, til dømes på nettet. Grunna språksituasjonen i Noreg i dag, hevdar han, kan ein ikkje vente at dei faglege tilsette skal kunne kome med framlegg på både bokmål og nynorsk: «det hadde nok ikkje nytta å krevje i dag i alle fall (.) det måtte ein lang prosess før du fekk gjennom det». Han meiner at å oppmuntre folk til å lære nynorsk er det enkle svaret når det kjem til eksamensoppgåver, men at når ein ser vidare på det, må ein sjå på moglegheita til å nytte eksterne krefter: «difor trur eg desse krava om at kvar enkelt skal kunne skrive like godt på bokmål og nynorsk det er ikkje så avgjerande i dag fordi det er så mange andre måtar å få godt språk på».

Lilleholt meiner altså at UiO bør søkje ekstern språkkompetanse. Fleire informantar meiner dette er den beste løysinga for å sikre korrekt nynorsk i eksamensoppgåver. Samstundes er det utfordringar også med denne løysinga, noko informant 7, vitskapleg tilsett ved MatNat, peikar på:

du må ha den faglige kunnskapen som skal til for å kunne se nyanser i en eksamensoppgave så det er ikke noe som hvem som helst kan gjøre du kan ikke få inn en annen folk som er utenfor kurset for de vil ikke ha den kunnskapen de trenger for å kunne gjøre det

Utfordringa er her noko av den same som ein står overfor med terminologi, språket taper for faget. Det vert eit spørsmål om kva som er viktigast, og om ein kan finne den riktige balansen. Kåre Lilleholt, JUS, meiner at dersom ein skal få hjelp utanfrå, måtte det vere «[...] eit menneske som då kunne stille kritiske spørsmål, for dei ville berre seie ‘Dette er fagspråk’, så måtte nokon vere i stand til å kommentere det då». Av intervjumaterialet frå studiedekanane går det fram at oppgåvene ofte vert kontrollerte av faglærar etter at dei er omsette. Ein slik praksis kan sikre at det faglege innhaldet er korrekt. Ein av studiedekanane som fortel om ein

slik praksis, er studiedekanan ved UV: «det er alltid sånn at når de gjør oversettelsene sine så sjekker de med de faglige om (.) for noen ganger kan det være nyanser ikke sant». Dersom ein fagperson ser over oppgåvene, kan ein bli kvitt nyanseskjellar i innhaldet mellom bokmålsversjonen og nynorskversjonen. Samstundes må ein hugse Lilleholt sitt poeng: Personen som har det språklege ansvaret, må stå på sitt og utfordre argumentasjonen om at «dette er fagspråk».

For å oppsummere kan ein slå fast at kompetanseheving ved UiO, språkhjelp utanfrå og avskrivning av heile forskrifta er tiltak tilsette ved UiO ser på som gode for å løyse utfordringane ein i dag har med grammatiske feil og avvik i eksamensoppgåver. Éin studiedekan er tydeleg på at han er motstandar av forskrifta, medan to andre meiner dei praktiske utfordringane er så store at dei vil ha fritak frå ho. Dei resterande fire er positive. Svara informantane gjev, understrekar at manglande kompetanse er ei av hovudårsakene til at det oppstår feil. Gjennom intervjumaterialet ser ein også utfordringar med dei ulike løysingane, noko som er viktig å merke seg. Her bør ein leggje til at storleiken på fakultetet og institutta også kan spele inn. TF har eit godt system, men dei er også det minste fakultetet med færrest eksamensoppgåver. Studiedekanan fekk spørsmål om han trur det er mogleg å nytte deira system på eit større fakultet, og svarte då:

du kan jo seie at (.) korleis ein skulle gjort det (.) det måtte ein eventuelt gjort på mindre einingar på UiO nokre institutt er kanskje for store vi er eit lite fakultet som du seier og den forma eignar seg veldig godt for oss

Det er naturleg å tenkje seg at det er lettare å gjennomføre ein slik praksis ved eit lite fakultet. Ein må altså ta omsyn til storleiken på fakultetet når ein drøftar løysingar. I tillegg har vi sett at det er fruktbart å sjå krava i *forskrift om målform i eksamensoppgåver* i ein større samanheng. Ein bør sikre at kompetanseheving eller ekstern hjelp også vil bidra til at ein oppfyller krava i mållova, og at språket i informasjonsverksemd vert betre. Dei tydelegaste indikasjonane på negative haldningar til nynorsk er her framlegga om å gå vekk frå krava forskrifta stiller.

6.2 Kva språkideologiar finst ved UiO?

Eitt av forskingsspørsmåla i denne granskinga omhandlar språkhaldningar. Garrett hevdar at ideologiar «[...] comprises a patterned but naturalised set of assumptions and values about how the world works, a set which is associated with a particular social or cultural group» (2010: 34). Ideologiar ligg på eit overordna plan, men når ein studerer ideologiar ved UiO, må ein sjå etter meiningar om korleis det norske språksamfunnet er. Det er språkpolitiske årsaker som ligg til grunn for at eksamensoppgåver må finnast på nynorsk. Mange kan ha meiningar om denne politikken, meiningar som er knytte til ulike språkideologiar. Desse ideologiane kan igjen påverke språkhaldningar. Det er viktig å hugse at det ved ein så stor institusjon som Universitetet i Oslo vil vere variasjonar i kva språkideologiar som finst. Dette uttrykkjer også éin av informantane i denne granskinga. På spørsmålet *Kva trur du tilsette ved UiO synest om krava forskrift om målform i eksamensoppgåver stiller?* svarer studiedekan ved HF dette:

det synes jeg vel det er vanskelig å mene noe om (.) det er vel mange veldig (.) ehm (...) jeg antar at det er (.) vil være et individuelt spørsmål (...) folk (.) ja (.) har jo ulike skriver jo ulike målformer selv og har sikkert ulike språkpolitiske standpunkter

Som det går fram av sitatet, er dette synsing frå hans side, men på dei neste sidene vil det bli klart at han har rett. Dei språkpolitiske synspunkta og språkideologiane som kjem til syne i intervjumaterialet, vert her presentert etter inndelinga *Språk er knytt til territorium, Nynorsk som kultur – synet på språkpolitikken, Nynorsk som noko anna enn engelsk og Nynorsk har livets rett*. Dette er underoverskrifter som syner mangfaldet i språkideologiar som finst ved universitetet i Oslo.

6.2.1 Språk er knytt til territorium

I kapittel to omtala vi den herderske ideologien om éin nasjon, eitt språk, eitt folk. Ein slik ideologi er det også mogleg å sjå ved Universitetet i Oslo, gjennom synet nokre av informantane har på at det er bokmål som er det naturlege å nytte ved institusjonen. Studiedekan ved TF nyttar uttrykket «bokmålsland», og han hevdar at det å skrive nynorsk for mange er å skrive eit framandspråk. Dette er slik han oppfattar andre, men sjølv deler han ikkje dette synet. Informant 1, UV, deler denne oppfatninga: «[...] i ein sånn bokmålsby som Oslo då så opplever eg vel at det er ikkje så stor interesse for nynorsk». At dei har rett i at andre meiner at bokmål er språket i Oslo og dimed også ved universitetet i Oslo, kjem fram i intervjumaterialet frå andre informantar. Mellom anna ser ein det hjå informant 7, MatNat.

Som omtala under 6.1.5 presenterer han ei alternativ ordning for korleis ein kan lage eksamensoppgåver:

etter min mening så er ikke eksamensoppgaver en del av et ledd for å opprettholde et kulturelt tilbud når det gjelder språk for meg så ville det vært mye mer naturlig at de som bruker nynorsk de tar og lager eksamensoppgavene på nynorsk for alle for det er tross alt det som blir brukt i undervisningen og de som snakker bokmål gjør tilsvarende det vil i så fall bety at for eksempel universitetet i bergen ville hatt nesten alt på nynorsk mens universitetet i oslo ville ha det aller meste på bokmål (.) da hadde du fått en naturlig bruk. (Utdrag)

Denne utsegna er svar på eit oppfølgingsspørsmål om kvifor informanten ikkje kunne tenkje seg å delta på nynorsk kurs dersom han fekk tilbod om det. Ho inneheld fleire moment det er verdt å sjå nærare på, men her er det framlegget om at dei som nyttar nynorsk, kan skrive nynorsk, som er interessant. I utsegna er språk primært knytt til språkbrukaren, og språk og territorium vert knytte saman via han. Informanten hevdar at resultatet av ordninga han foreslår, vil vere at UiB vil ha mest nynorsk medan UiO vil ha mest bokmål. Informanten seier ikkje eksplisitt at dette er korrekt grunna at nynorsken høyrer heime i territoriet Bergen og bokmålet i territoriet Oslo, men det er mogleg å hevde at denne ideologiske tanken ligg til grunn for språksynet hans. I 2003 søkte UiO om gå over frå å vere «sentralt statsorgan» til å bli «statsorgan som har eit geografisk avgrensa område som tenestekrins» (Fløgstad 2004: 113). Hadde dei fått ja frå departementet, ville dei ikkje lenger vore omfatta av mållova då den aktuelle tenestekrinsen har bokmål som tenestespråk. Eit slik forsøk på å unngå lovverket seier mykje om ideologi, og også om haldningar. At UiO berre skulle vere eit universitet for det sentrale Austlandet, er langt frå sanninga. Likevel søkte dei ei slik endring, og årsaka bak var tydeleg. Ei av utsegnene dåverande rektor Arild Underdal kom med i ettertid, forsterkar inntrykket av kva som var det rådande språksynet: «Hvor høy andel nynorsk vi ender opp med, bekymrer jeg meg lite over.» (Fløgstad 2004: 113)

I argumentasjonen for den alternative ordninga seier informant 7, vitskapleg tilsett ved MatNat, ingenting om studentane. I framlegget hans er det målforma til den som lagar oppgåva, som avgjer, ikkje til den som skal lese ho. Dette strir med gjeldande lovverk. At det i dagens språkpolitikk er mottakaren sine språklege rettar som skal sikrast, ikkje avsendaren sine, ser ein også i mållova. I ho står det at mellom anna: «Frå statsorgan kan private rettssubjekt krevje ei viss målform i alle løyve, faste formularar o.l. som direkte gjeld dei sjølve.» (Lovdata: Mållova 1980) Det er altså rettssubjektet som vel målform, ikkje statsmakta. Dette er eit viktig prinsipp, og det vert brote dersom studenten ikkje får eksamen

på ynskt målform. Informant 7, MatMat, har truleg rett i at dersom dei som lagar eksamensoppgåver, sjølv kan velje målform, vil vi få eit geografisk skilje i prosentfordelinga mellom dei to. Språkpolitikken for barneskulen er i dag territoriell (Bjørhusdal 2014). Konsekvensen av at professorar og andre vitskapleg tilsette sjølv vel målform, kunne blitt at språkrettar i høgare utdanning også vart territoriale. Det ville vore brot med det som er den gjeldande politikken, nemleg universelle rettar (Bjørhusdal 2014). Det er viktig å merke seg at sitatet som ligg til grunn for denne drøftinga, er henta frå éin munn og éin mann. Sitatet er fullt av ideologisk innhald, men det er vanskeleg å slå fast kor utbreidde ideologiane det ber i seg, er. Samstundes har vi sett at framlegget hans også er foreslått av andre, og at fleire ynskjer å gå vekk frå ordninga slik ho er i dag. Blant desse er det studiedekantar. Sidan desse sit i sentrale posisjonar, har dei mykje makt. Deira haldningar og ideologiske overtydningar er difor svært viktige, uavhengig av om dei er representative. Studiedekananane sine haldningar kan få konsekvensar for praksisen ved fakultetet.

6.2.2 Nynorsk som kultur – synet på språkpolitikken

Informant 7, vitskapleg tilsett ved MatNat, seier i sitatet analysert over at «etter min meining så er ikke eksamensoppgaver en del av et ledd for å opprettholde et kulturelt tilbud når det gjelder språk». Denne utsegna representerer ein ideologisk tanke om språk som kultur. Informanten ser på retten til å få eksamen på eiga målform som eit kulturelt tilbod, som han truleg meiner er til for nynorsken sin del. I realiteten er det snakk om ein språkleg rett som går ut frå ei forskrift. Dette er informanten klar over, så synet på nynorsk som kultur kan dimed også vitne om eit syn på språkpolitikk som kulturpolitikk. Sandøy (2013) hevdar at menneske dyrkar språk som kulturfenomen, og at språket er eit kulturelt objekt. Nynorsken er for mange ein motkultur, og han har lenge vore knytt til andre motkulturar som fråhaldsrørsla og lekmannsrørsla. Slike assosiasjonar mellom språk og kultur kan påverke korleis ein møter språket, noko ein mellom anna ser gjennom stereotyper. Når ein høyrer eller ser spesielle språktrekk, koplar ein inn oppfatningar om språkbrukaren, som igjen fører til stereotype tankar om han eller henne (Garrett 2010). For nynorsken sitt tilfelle er språkbrukaren ofte sett på som ein vestlending, eit bygdemenneske, gjerne ikledd lusekofte (Andersson 2007). Dersom tilsette har slike assosiasjonar til nynorsk, kan det påverke korleis dei oppfattar lovverket, og om ein respekterer det. Nynorsk som kultur er truleg innprenta i mange frå barnsbein av, då kulturarv ofte vert løfta fram som eit argument for sidemål i skulen. Språk er

kultur, og det gjeld også bokmålet, men sjeldan høyrer ein utsegner som «bokmål er så fint i dikt».

Studiedekan ved MatNat deler mykje av synet til informanten omtala over. På spørsmålet *Kva ansvar tenkjer du at du som ansvarleg ved fakultetet har for å oppfylle krava forskrifta stiller?* svarer ho:

jeg tenker at jeg har et ansvar for å oppfylle lovverket men utover det har jeg ikke ansvar for å oppfylle norsk språkpolitikk (.) derfor har vi også en henvendelse oppe nå til UiO for å kartlegge litt rundt lovverket og hvordan vi kan løse det det handler om dette med det praktiske at det ikke blir brukt og sånt (.) men jeg har jo et ansvar for at lovverket følges det har jeg jo

I utsegna seier ho at ho ikkje har ansvar for norsk språkpolitikk. At ho på eige initiativ nyttar omgrepet «norsk språkpolitikk», og tek avstand frå ansvar for denne, tyder på misnøye. I motsetnad til informant 7, vitskapleg tilsett ved MatNat, nyttar ikkje studiedekananen ord som til dømes «kultur». Det er difor ikkje mogleg å slå fast kva informanten tek avstand frå. Samstundes seier ho at fakultetet undersøker moglegheita for fritak frå forskrifta, så det er tydeleg at ho er kritisk til innhaldet i denne. Det er interessant å merke seg at desse informantane begge tilhøyrer MatNat, og at dette fakultetet kjem dårlegast ut i granskinga av grammatiske feil og avvik.

Som vi alt har sett, foreslår to av informantane i denne granskinga at dei som lagar eksamensoppgåvene, skal nytte den målforma dei sjølve ynskjer. Konsekvensane av ei slik ordning kjem vi attende til, her er det ideologien som ligg bak, som er interessant. Ei slik ordning krev inkje lovverk, og inkje lovverk legg grunnlag for det ein kan kalle fri språkutvikling. I kapittel to såg vi at høgresida i norsk politikk har hatt ein slik liberalistisk tanke om «Den frie sprogutvikling». Også Riksmålsforbundet er kjent for å kjempe for dette, særleg i kampen mot samnorsken. Å ikkje ynskje språkplanlegging er også politikk, og Bucken-Knapp (2003: 24) nemner *opposition to all forms of language planning* som ei av seks retningar i norsk språkplanlegging. Motsetnaden til dette har historisk sett vore venstresida, som har kjempa på lag med målrørsla. Også synet til denne sida er å finne i intervjumaterialet. Informant 5, vitskapleg tilsett ved TF, synest å vere ein representant for dette ideologiske synet. På spørsmål om kva ho trur tilsette ved UiO synest om krava *forskrift om målform i eksamensoppgåver* stiller, svarer ho:

det er helt greit tror jeg (.) det er jeg helt sikker på det har man (.) man er jo vant til det sånn er det jo i Norge det er jo en ønsket politikk det går jo på (.) altså om hver og en sitter og tenker at det er en uting det veit jeg ikke men sånn er det det gjør vi bare

Ho uttalar seg her om tilsette generelt, og sjølv om ho peikar på at nokre kan vere negative, er hovudinnhaldet i utsegna at språkpolitikken er godt kjend og ynskt.

6.2.3 Nynorsk som noko anna enn engelsk

Over drøfta vi korleis eit syn på norsk språkpolitikk kan påverke korleis ein møter nynorsken og lovverket som omhandlar han. Ideologiane vi no skal ta føre oss, er ikkje skilde frå dette, men kjernen i dei er at nynorsk som språk ikkje er det same som engelsk som språk.

Informant 7, vitskapleg tilsett ved MatNat, gjev oss innsyn i eit slikt syn når han svarer på spørsmålet *Kva forventningar har du til universitetet når det gjeld opplæring i nynorsk?*

nei men det er (.) altså vi har jo hatt nynorsk på videregående skole i sin tid så det er ikke det om å gjøre. jeg er ikke interessert i nynorsk som språk som sådan det kan de som er interessert i nynorsk gjøre det er ikke mitt interessefelt

I denne utsegna skil informanten mellom dei som er interesserte i nynorsk, og dei som ikkje er det. Han ser to ulike grupper, og plasserer seg tydeleg utanfor den nynorskinteresserte. Denne todelinga kan byggje på stereotypiar, der dei nynorskinteresserte utgjer den eine gruppa. Også i denne utsegna kjem informanten sitt syn på lovverket, eller snarare det som ligg bak lovverket, fram. Han hevdar at nynorsk ikkje er hans interessefelt. Kva ligg i det? Om ein set det på spissen, kan ein spørje om alt ein gjer i jobbsamanheng, skal vere innan eige interessefelt. Svaret er i dei fleste tilfelle nei, og dette kan syne oss at informanten ikkje ser på omsetjinga til nynorsk som ein fullverdig og sjølvsgd del av arbeidsoppgåvene han har. Eit tankeeksperiment som lettare får fram innhaldet i utsegna, er å erstatte «nynorsk» med «engelsk»: «jeg er ikke interessert i engelsk som språk som sådan det kan de som er interessert i engelsk gjøre det er ikke mitt interessefelt». I dag er engelsk ein sjølvskriven del av høgare utdanning, både for studentar og tilsette, og ei utsegn som denne er det vanskeleg å tenkje seg at ville bli ytra og/eller godteken. Her ser vi eit skilje mellom synet på engelsk og synet på nynorsk. Dette kan vere knytt til spørsmålet om bokmål og nynorsk er to former av same språk, eller om dei er to ulike språk. Engelsk er eit anna språk, det er ikkje gjensidig forståeleg med norsk. At nynorskbrukarar forstår bokmål, er for mange eit argument for å ikkje tilby nynorsk, eller for å rett og slett gå over til éi form for norsk. Nynorsken er for mange ikkje sjølvskriven, og posisjonen til engelsk har vi alt rørt ved i dette kapittelet. Garret

hevdar at «[...] language attitudes can be viewed as being influenced by powerful ideological positions» (2010: 34). Haldningane ein ser hjå denne informanten, kan ut frå dette synet vere påverka av ideologiane vi no har vore inne på. I Irvine (1989) sin definisjon av språkideologi, er moralsk og politisk interesse innlemma. Basert på utsegna til informanten kan ein hevde at han meiner han ikkje har moralsk eller politisk forplikting overfor nynorsk. Det er viktig å presisere at denne informanten kvart år omset eksamensoppgåver til nynorsk. Det er tydeleg at han er negativt innstilt til det, men han gjer likevel jobben sin.

At nokre tilsette ved UiO ikkje ser på nynorsk på same måte som dei ser på engelsk, framhevar også Kåre Lilleholt, JUS. På svaret om kva forventningar han har til UiO, seier han:

det er svært mykje dårleg nynorsk og det er rett og slett fordi det som du sikkert godt kjenner til skal du skrive på eit framandspråk skal du skrive engelsk eller fransk så tek folk det faktisk som sjølv sagt at då må dei bruke tid på å lære seg det språket (.) men viss dei skal skrive ting på nynorsk så (.) eg trur ikkje eingong at dei trur dei kan det men dei tek seg ikkje tid til å lære det og det er eit problem for universitetet og naturlegvis for staten elles også

Her peikar han på at tilsette ikkje brukar tid på nynorsk slik dei ville gjort med eit framandspråk. Han seier vidare at dei har andre haldningar til det, og at det er det som ligg bak. Lilleholt meiner også at det vert feil i eksamensoppgåver mellom anna fordi «[...] ein kan tillate seg å gjere feil på nynorsk som ein vil skjemma over på engelsk eller fransk eller tysk». Om dette stemmer, kan det seie noko om både haldningar og ideologiar. Ein vurderer nynorsken som mindre viktig, og tek han og difor mindre på alvor. Ein konsekvens av dette er at ein også nedvurderer lovverket og ikkje møter nynorskstudenten med det han/ho har krav på. Kva konsekvensar dette har for studenten og nynorsken, vert drøfta under 6.5.

6.2.4 Nynorsk har livets rett

Til no har vi studert kva språkideologiar som kan liggje bak utsegner som er prega av eit negativt syn på kravet om å produsere eksamensoppgåver på nynorsk. For å unngå «the problem of anecdotalism» (Silverman 2011: 20), å ikkje syne mindre tydelege eller motstridande data, er det viktig å også vise den andre sidan av saka. Det vil seie funn i materialet som peikar mot alternative ideologiar. Det finst ideologiar med eit meir positivt syn på nynorsken, noko sitatet under er eit døme på. Sitatet er frå studiedekan ved TF, og det er svaret han gav på spørsmålet *Kvifor trur du eksamensoppgåver endar opp med å innehalde feil?*

det er jo ikkje tvil om at vi (.) vi er jo ikkje (.) altså (.) vi (.) det er stort sett bokmålsland vi er jo i bokmålsland her og det å skrive nynorsk det er nesten som å skrive eit framandspråk for mange det må oversettes (.) ein snakkar om å oversette til nynorsk eg liker ikkje det ein overset til engelsk for engelsk er eit anna språk ein kan oversette til tysk men ein overset ikkje til nynorsk det er for meg vårt eige språk men det fortel jo berre det vi har mistanke om (.) at det står dårleg til med nynorskkunnskapen sjølv på den høgste utdanningsinstitusjonen den høgste utdannings- og forskingsinstitusjonen i Norge og det det er ikkje bra for nynorsken sjølv sagt ikkje og det er ikkje bra for universitetet

Denne informanten har eit anna syn på nynorsken sin plass enn informanten i det førre avsnittet. Studiedekanen ved TF peikar på nynorsken som vårt eige språk, og han skil det frå framandspråket engelsk. Han meiner nynorsken er sjølv sagt, og at han dimed ikkje er som den framande engelsken. Over såg vi eit anna syn. Der vart nynorsken nedvurdert samanlikna med engelsken. Denne skilnaden illustrerer godt ulike språkideologiske syn. Utsegna til studiedekanen frå TF vitnar om positive haldningar til nynorsk. Ifølgje Garret (2010) er språkhaldningar påverka av ideologi, noko som tilseier at det også ligg eit ideologisk syn bak utsegna. «vårt eige språk» gjev assosiasjonar til ideologien som seier at språk og territorium høyrer saman, men i dette tilfellet vil territoriet vere heile landet, ikkje «bokmålslandet» Oslo. Då ingenting i utsegna til informanten tilseier at han ekskluderer andre språk, høver ikkje lingvistisk nasjonalisme her. Informanten ser på språket som sjølv sagt, så det er her snarare snakk om ein ideologi der enkeltspråk har verdi i seg sjølv og dimed også livets rett. Også her er Irvine (1989) sin definisjon relevant. Språkideologi er «the cultural system of ideas about social and linguistic relationship, together with their loading of moral and political interest» (Woolard: 1998: 4). Informanten er tydeleg misnøgd med situasjonen slik den er, med at ein må *omsetje* til nynorsk og med at det står dårleg til med nynorskkunnskapen. Som vi såg i kapittel to, treng ikkje ideologi å vere ein bevisst tanke: «[...] idelogy is not necessarily conscious, deliberate, or systematically organized thought, or even thought at all; it is behavioral, practical, prereflective, or structural.» (Woolard: 1998: 6) Det vil seie at ein mellom anna kan sjå ideologi gjennom handling. Den underliggjande ideologien hjå studiedekanen ved TF kjem til syne gjennom fakultetet sitt gode system for å lage og kvalitetssikre eksamensoppgåver. Også den aktive rolla han sjølv spelar i arbeidet med nynorsken, syner ein ideologi om og ei haldning til nynorsk som noko viktig, som eit språk som har livets rett.

Fleire av sitata nytta til å illustrere språkideologi er henta frå intervjuet med informant 7, vitskapleg tilsett ved MatNat. Han skil seg ut ved å vere ein svært tydeleg motstandar av krava i *forskrift om målform i eksamensoppgåver*, og ved å vise ein språkideologi og eit

språksyn der språk er knytt til territorium, nynorsk er kultur, og språkutviklinga bør vere fri. Vi skal også sjå at informanten har negative haldningar til nynorsk. Det er viktig å merke seg at ein ikkje bør generalisere ut frå éin informant. Samstundes kan ein hevde at denne informanten er meir representativ enn det intervjumaterialet ved førte augekast skulle tilseie. Den andre informanten frå fakultetet, informant 8, gjev truleg eit meir feilaktig bilete av situasjonen, då ho har laga ei oppgåve med særst få feil. MatNat har det største materialet i granskinga, og kjem dårlegast ut i samanlikninga av feil og avvik ved fakulteta. I intervjuet med studiedekanan kom det fram at mange ved fakultetet er negative til krava forskrifta stiller, og at nynorsken står svakt ved fakultetet. Basert på dette meiner eg det er legitimt å hevde at informant 7 representerer eit språksyn som er utbreidd ved MatNat. Også studiedekanan ved SV deler store delar av synet til informant 7. Dette tilseier at haldningar og ideologiar presenterte via informant 7 også er representerte ved andre fakultet.

6.3 Språkhaldningar ved UiO

Forskingsspørsmål tre i denne granskinga er *I kva grad kan språkhaldningar og underliggjande språkideologiar vere med på å forklare grammatiske feil og avvik i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?* For å svare på dette må ein fyrst vite kva språkhaldningar ein står overfor.

Språkhaldningar ligg hjå enkeltmenneske, og det vil dimed vere stor variasjonen i kva haldningar som finst. I denne granskinga er det også interessant å sjå haldningar på ulike nivå. Kva haldningar finst hjå dei som lagar og omset oppgåver, hjå studiedekantar og høgare opp i universitetsleiinga? Gjennom intervjumaterialet kan eg seie noko om kva haldningar som finst på alle desse nivåa. Samstundes må ein hugse at det vil vere variasjon innan eitt nivå også. Målet med intervjuet med studiedekananane var primært å få svar på forkingsspørsmål to, men som vi har sett over, kan ein også seie noko om ideologiar og haldningar basert på dette materialet. Jamfør Preston (2009) må ein sjå etter eksplisitte og implisitte responsar. Korleis reagerer informantane i møte med haldningsobjektet, og kva implisitt mening ligg i deira eksplisitte utsegn? Ein analyse av intervjumaterialet kan gje svar på desse spørsmåla. Kva haldningar som finst i den øvste leiinga ved UiO, må ein i den grad det er mogleg, trekkje ut frå intervjumaterialet med informantane i granskinga. Både dei lukka og dei opne spørsmåla er relevante å studere for å avdekkje språkhaldningar i leiinga. Dei lukka gjev til dømes informasjon om tilbod om nynorskkurs. Dei opne gjev informantane høve til å trekkje inn det

han/ho meiner er relevant, og dette er i nokre tilfelle knytt til leiinga ved UiO. Vi skal fyrst sjå kva haldningar som finst hjå dei som har laga og omsett oppgåver, før vi tek føre oss studiedeknar og den øvrige leiinga. Deretter nærmar vi oss forskingsspørsmål tre meir direkte, då vi skal sjå på korleis språkhaldningane som er avdekte, kan vere med på å forklare grammatiske feil og avvik. Underoverskriftene er *Kva språkhaldningar finst ved UiO?*, *Språkhaldningar som medverkande årsak til at det oppstår feil og UiO som sosialt miljø og lingvistisk marknad.*

6.3.1 Kva språkhaldningar finst ved UiO?

Haldningar hjå dei som har laga og omsett eksamenar

Garret (2010: 20) hevdar at språkhaldningar er ei orientering til eit objekt. I denne granskinga er objektet nynorsk, og vi må difor studerer korleis informantane vurderer og reagerer på nynorsken. Samstundes er det vanskeleg å skilje ut haldningsobjektet nynorsk frå til dømes haldningar til å måtte skrive nynorsk. Utfordringar med slike skilje har ein også sett i forskning på nynorsk som sidemål, noko vi peika på i kapittel to. Det er likevel forsvarleg å skrive «haldningar til nynorsk» då det til sjuande og sist er dette som er haldningsobjektet.

Av materialet frå intervjuet gjorde med denne informantgruppa går det fram at det ved Universitetet i Oslo finst både negative, positive og det ein kan kalle nøytrale haldningar til nynorsk. Informant 7, vitskapleg tilsett ved MatNat, er den tydelegaste beraren av dei negative. Vi har alt sett at han har eit ideologisk syn som knyter territorium og språk saman, og at han ser på nynorsk som kultur. Ifølgje Garrett (2010) kan språkhaldningar vere påverka av ideologiske posisjonar, noko denne informanten er eit døme på. Sitata brukte for å illustrere informanten sitt ideologiske syn vil òg vitne om språkhaldningar, men desse vert ikkje gjevne att her. Ved å heller vise til andre sitat syner ein fram eit større belegg for påstandane.

Informanten greier i intervjuet ut om at han sjølv omset eigne oppgåver, og at han nyttar eit retteprogram i dette arbeidet. Han er i gruppa av dei som ikkje meistrar nynorsk, noko han tydeleg uttrykkjer: «jeg kan ikke si at jeg mestrer nynorsk og det er heller ikke noe mål for meg å gjøre det». Siste delen av denne utsegna kan vitne om at informanten har negative haldningar til nynorsk, noko vi kjem nærare inn på under 6.3.2. Informanten seier han med eit sjeldan unntak må betale for retteprogrammet med eigne pengar, og «[...] det gjør ikke

akkurat at det blir veldig mer velvilje». Her ser ein at den handlinga leiinga legg for dagen, påverkar haldningane til den tilsette – noko som er ganske vanleg (jf. Garrett 2010).

Som vi har sett, er det mange av informantane i denne granskinga som ikkje meistrar nynorsk. Å kjenne at ein ikkje meistrar, er i dei fleste tilfelle ei negativ kjensle. Ein kan difor knyte dette til den affektive haldningskomponenten (Garrett 2010). Ei negativ oppleving av mangel på meistring fører til ei negativ kjensle som er knytt til haldningsobjektet nynorsk.

Haldningane peika på over er negative. Ikkje alle deler dette synet på haldningsobjektet. Det er også utsegner i intervjumaterialet som vitnar om positive haldningar. Informantane som har laga eller omsett eksamensoppgåver, fekk alle spørsmål om dei kunne tenkje seg kurs i nynorsk. Fleire av dei svarer positivt, noko som kan vitne om positive haldningar. Informant 2, administrativt tilsett SV, formulerer seg slik:

ja absolutt (.) jeg har jo ikke hatt så mye med nynorsk å gjøre siden videregående skole og jeg har jo ikke brukt det i verken studiesamenheng før jeg kom hit så for min del så var det jo litt sånn glemt kunnskap og i og med at eksamen er jo en veldig viktig del av det vi jobber med her og for studentene så syns jeg det hadde vært bra å kunne kvalitetssikre språket mer da enn det jeg føler at jeg kan

Utsegna vitnar om at informanten ser viktigskapen av å kunne nynorsk, dels fordi ho er oppteken av lovverk og studenten sine rettar. Også informant 6, administrativt tilsett ved HF, seier ho kunne tenkje seg eit slikt kurs, sjølv om ho sjeldan brukar nynorsk. Dette er ei positiv innstilling som vitnar om positive haldningar.

Informant 4, administrativt tilsett ved SV, nemner ordet «interesse» i omtalen av nynorsk. I drøftinga av ideologiar såg vi at informant 7, MatNat, sa at nynorsk ikkje var hans interessefelt. Informant 4 derimot «har interesse for det», og ho ynskjer nynorsk kurs. Ho hadde forventa eit «større fokus» på nynorsk ved UiO. Det vitnar om positive haldningar til nynorsken, mellom anna fordi det er ein samanheng mellom haldningar og motivasjon for læring. Det kjem vi attende til under 6.3.2.

Haldningar hjå studiedekanar og leiinga

Vi har no drøfta kva haldningar ein kan finne hjå dei som lagar og omset eksamensoppgåver. Vidare skal vi studere kva haldningar studiedekanane har, og om ein via intervjumaterialet også kan seie noko om haldningar høgare oppe i universitetsleiinga. Vi har alt sett at prioritering av tid og pengar er ei medverkande årsak til at det oppstår feil i

eksamensoppgåver ved UiO. Haldningane vi kan avdekkje på dei høgare nivåa, er i stor grad knytte til prioriteringar. På kva nivå desse prioriteringane er gjorde, er vanskeleg å slå fast. Fakultet og institutt er dels autonome med eigne budsjett og eigen økonomi, men rektoratet har det overordna økonomiske ansvaret ved UiO. Økonomiske føringar er relevante for pengebruk, men også tidsbruk då tid er pengar. Det er difor mogleg å seie noko om implisitte haldningar gjennom å studere prioriteringar. Eit anna aspekt, dels knytt til prioriteringar, er om UiO tilbyr nynorsk kurs til tilsette. Dette vert greidd ut om under 6.3.2.

Eit moment som kan seie noko om haldningar, er korleis universitetet møter studenten, i dette tilfellet den nynorskbrukande studenten. Fleire av informantane fortel at dei har høyrte om tilsette som kontaktar studentar, eller at dei sjølve har gjort dette. Spørsmålet dei stiller til studenten, er om han ynskjer nynorsk på eksamen. Studiedekan ved MatNat er éin av dei som nemner ein slik praksis:

[...] også vet jeg jo at mine (.) at noen av mine kollegaer de kontakter faktisk de som står registrert og spør om de vil ha det på nynorsk eller bokmål så får de svar og viss de sier nei vil ha det på bokmål så lages de ikke på nynorsk det er også en sånn ting man kan gjøre viss man vil spare tid og har erfaring med at det ikke blir brukt [...]

Denne utsegna er ein del av svaret ho gav på kva løysing ho ser på situasjonen med mange grammatiske feil og avvik. Ein ser den same praksisen andre stader, mellom anna ved Medisin. Studiedekananen der kjem inn på dette mot slutten av svaret på kva praksis dei har ved fakultetet. Ho seier det tidlegare vart spurt om nokon ynskte eksamen på nynorsk, og at svaret vart lytta til. Her må ein hugse at studenten ved oppmelding til eksamen valde målform. For dei som er registrerte med nynorsk, vil dette truleg ha vore eit bevisst val, og det skal difor ikkje vere naudsynt å spørje studenten om han/ho vil ha nynorsk. At det likevel vert gjort, seier noko om haldninga til studenten, til valet han har gjort, og til sjuande og sist til nynorsk. Den underliggjande haldninga hjå den som ringjer, er truleg at han/ho vil sleppe å lage nynorskversjon. Dersom dette kjem fram, kan det vere vanskeleg for studenten å stå fast på at han/ho vil ha oppgåva på si eiga målform. Ein kan risikere at han/ho svarer det motsette av kva han/ho ynskjer. Her spelar maktforholdet mellom studenten og faglæraren inn. Ein tanke om venta mottaking, og nynorsken sin posisjon på den lingvistiske markaden, kan også føre til at studenten vel å sensurere seg sjølv (Bourdieu 1991). Han/ho kan i verste fall også frykte å bli «straffa» ved å få ein dårlegare karakter dersom han/ho står på kravet om nynorskversjon. Dette er særleg relevant der det berre er éin som har nynorsk som eksamensspråk, sidan faglærer då vil vite kva oppgåve han/ho har levert. Implisitt lyttar ikkje

den som kontaktar studenten, til det opphavlege ynsket hans/hennar når det vert stilt eit slikt spørsmål, sjølv om det ekplisitt vert sagt at ein tek omsyn til studenten sitt ynske.

Studiedekanan ved Med fekk eit oppfølgingsspørsmål om korleis ein gjekk fram med å spørje studenten om han ynskte nynorsk:

det vart spurt berre (.) og det var jo ikkje sånt som var bestemt her oppe frå fakultetsleiinga men meir at det vart gjort på eige initiativ lenger ned i systemet (.) for å seie det slik (...) og viss det var studentar som ville ha det på nynorsk så vart det jo laga nynorsk oppgåvesett men det er ikkje vits i å lage på nynorsk viss det er ingen som vil ha nynorsk (.) det har eg foreslått at kanskje vi skulle gjere (.) at ein spør om dei vil ha nynorsk oppgåvesett

Her kjem det fram at avgjersla om å spørje studenten om han ynskjer nynorskversjon, ikkje vart teken i leiinga, men av einskildpersonar. Det samsvarer med korleis det har blitt gjort på MatNat. Dette seier noko om haldningar hjå vitskapleg og administrativt tilsette. Det er likevel plassert her då det er studiedekaneane som tek det opp, og då dei det her er snakk om, meiner at ein slik praksis kan vere ei god løysing. Dette ser ein i svaret studiedekanan ved MatNat gjev på spørsmålet om kva ho synest om praksisen:

jeg synes det er greit så lenge man spør om de kommer til å benytte seg av de settene som blir laget eller ikke der er jeg veldig rasjonell så tenker jeg at viss ikke de bruker det så er det ikke noe vits i at vi bruker tid på å lage dem misbruk av tid for å si det sånn (.) og jeg er (...) jeg må si at i den saken så er jeg jo veldig opptatt av mine ansatte som bruker altså som er presset på alle hold og derfor så tenker jeg [...]

At ein finn ein slik praksis utan at fakultetsleiinga er involvert i avgjersla om det, er også verdt å merke seg då det seier noko om system. Uansett kven som kontaktar studenten, er det ikkje ein legitim praksis, og han markerer svært negative haldningar. Studenten har alt gjort eit språkval, og vert stilt i ein vanskeleg situasjon dersom han/ho vert kontakta direkte og tvinga til å velje på nytt.

Problematikken over gjeld også om studentar klagar på dårleg språk i eksamensoppgåver eller ikkje. Universitas, studentavisa ved UiO, siterte 13. mai 2015 administrativt ansvarlig for eksamensavviklinga ved MatNat, Øystein Bergkvam: «Vi har aldri fått noen klager på at språket i nynorskoppgavene er for dårlig. Det har aldri skjedd at noen har rettet en formell klage mot oss.» Denne uttalen kom i samband med at nokre av dei grammatiske funna i denne granskinga vart offentleggjorde. Bergkvam hevdar at fakultetet ikkje har motteke klagar, og at dei difor ikkje har hatt grunn til å tru at eksamensoppgåvene er dårlege. Her legg fakultetet ein del av skulda på studenten, gjennom å implisitt hevde at det er studenten sitt ansvar å seie ifrå om dårleg kvalitet. Bergkvam fokuserer på at dei ikkje har motteke klagar, framom å fokusere

på dei faktiske tala som er avdekte i granskinga. Dette vitnar om ein manglande vilje til å betre situasjonen, og dimed om negative haldningar til nynorsk. Han ser heller ikkje at det finst andre årsaker til at studentar ikkje klagar, enn at oppgåvene er gode. Over peika vi på det skeive maktforholdet mellom student og faglærar, redselen for å få dårlegare karakter og sjølvsensuren. Også manglande kunnskap om språklege rettar og klageordningar kan spele inn, og føre til at studenten ikkje klagar på dårleg språk. Lite tyder på at Bergkvam har reflektert kring dette.

Prioriteringar kan også seie noko om haldningar. Gjennom å ikkje prioritere tid og pengar til arbeid med nynorsk syner ein at ein ikkje synest dette arbeidet er viktig. Nokre informantar seier også direkte at dei ikkje synest arbeidet med nynorsk er viktig, som studiedekanen ved SV gjer her:

nei jeg synes ikkje det er noe å prioritere arbeidsdagen er krevende nok for de fleste ansatte her om man ikke skal grave seg dypt ned i (.) men det er klart det noen skriver like godt på begge målformer det er ikke noe problem i det hele tatt

Denne utsegna er eit svar på eit oppfølgingsspørsmål om UiO burde tilby kurs til sine tilsette. At studiedekanen ikkje meiner det er noko å prioritere, vitnar om haldningane han har til kor viktig nynorsken er. At mange meiner det ikkje er viktig å lage eksamensoppgåver på nynorsk, hevdar han er ei av årsakene til at det er så mange feil og avvik i oppgåvene. Det er vanskeleg å vite kva som er meint med den siste påstanden i sitatet. Det er mogleg at han her viser tilbake til forslaget om at dei som skriv nynorsk, kan gjere det, og omvendt. Følgjene av ein slik praksis har vi alt drøfta.

Kva ord ein vel når ein omtalar haldningsobjektet, kan seie noko om korleis ein evaluerer det. Studiedekanen ved MatNat omtalar nynorsk slik: «[...] det er et dødt språk for oss når det gjelder å (.) man er vant med å høre men ikke å snakke eller skrive». «Eit dødt språk» er inga positiv evaluering, men her må ein sjå haldningsobjektet nynorsk i kontekst. Ein kan hevde at studiedekanen her omtalar nynorsken som skriftspråk for tilsette ved MatNat, og at det er i den konteksten det er eit «dødt språk». Det vitnar likevel om negative haldningar. Det er også interessant å merke seg at studiedekanen i dette sitatet seier «å snakke», før ho rettar dette til «eller skrive». Mange av informantane i denne granskinga omtalar nynorsk som noko som vert snakka. Dette vitnar om manglande kunnskap, noko som vi veit kan stå i samanheng med haldningar. At informantane er usikre når dei omtalar nynorsk og språksituasjonen, heng saman med kva dei har lært, og korleis dei er vande med å høyre det omtala. Dette kjem vi

attende til under 6.3.3. Det er samstundes viktig å presisere at det er behov for meir forskning på området, til dømes gjennom intervju med leiinga.

Haldningane vi no har sett, har i stor grad vore negative. Dette gjev ikkje eit representativt bilete av stoda då også positive haldningar til nynorsk er representerte hjå studiedekanane. Eit døme på det ser ein i eit sitat frå studiedekanan ved JUS. Han får spørsmål om kva løysing han ser på situasjonen slik han er i dag, då lurar han på om det også finst ei oversikt over feil i bokmålsversjonen: «for det er litt mer til å leve med hvis der er like mye feil eller omtrent like mye feil i bokmålstekster (.) for at da er det ikke nynorsken vi neglisjerer eller hva man skal si». Her skil studiedekanan seg frå dei som meiner det ikkje er så viktig med feilfri nynorsk, som til dømes Kåre Lilleholt viste til. Han er bevisst på at språka skal vere likestilte, då også i kor mykje feil som vert gjort når ein skriv dei. Dette vitnar om positive haldningar.

Studiedekanan ved TF er den som sterkast uttrykkjer positive haldningar. Ved TF er det eit eksamensmøte for kvar eksamen, og på spørsmålet om kor mykje tid dei nyttar på eit slikt møte, svarer han: «vi tar det seriøst og alvorleg og ser nesten på det her som ein liten happening (.) altså (.) ja (.) vi vil gjere noko ut av det». Denne utsegna vitnar om positive haldningar. Han seier eksplisitt at dei tek arbeidet seriøst, og ordet «happening» er positivt ladd. Også andre studiedekantar viser positive haldningar, men dei positive haldningane deira kjem mindre tydeleg fram når ein studerer system og trekkjer inn tal på faktiske feil og avvik. Eit døme er studiedekan ved Medisin. Ho synest nynorsk er viktig, og har konsekvent nytta nynorsk i eiga undervisning. Samstundes er det dette fakultetet som har nytta eit dårleg omsetjingsbyrå, og som no har gått vekk frå forskifta for nokre av sine eksamenar.

6.3.2 Språkhaldningar som medverkande årsak til at det oppstår feil

Forskingsspørsmål tre spør om språkhaldningar og underliggjande språkideologiar kan vere med på å forklare feil og avvik i eksamensoppgåver ved UiO. Her vert dette drøfta gjennom å framheve to hovudområde der haldningar, både negative og positive, kan påverke. Desse er *Prioritering av tid og pengar* og *Haldningar, evne og motivasjon for læring*. Vi har alt drøfta språkideologiar, og tek desse med oss som noko som kan ligge bak haldningane.

Prioritering av tid og pengar

Under 6.1.2 vart mangel på tid og pengar drøfta som ei av årsakene til at det oppstår feil i eksamensoppgåver. Argumentet om mangel på tid og pengar kan i sin tur seiast å vere eit

utslag av negative språkhaldningar. Stikkordet her er prioritering. Berre to av informantane nemner dette direkte, informant 1, UV, og informant 4, SV, begge administrativt tilsette. Sistnemnde innleier svaret sitt på kvifor det vert feil i eksamensoppgåver, med å seie «jeg tror det handler om tidspress og kanskje en nedprioritering». Det er interessant å merke seg at berre éin av studiedekanane nemner tid, medan fleire av dei andre informantane gjer det. Truleg kan denne skilnaden skuldast at dei andre informantane sjølve har opplevd tidspresset, og det i seinare tid. Denne påstanden vert styrkt gjennom at studiedekanan som nemner tid, er han som har sete kortast i jobben og dimed lettare kan hugse korleis det var å sjølv lage eksamensoppgåver. Informant 1, UV, omtalar prioriteringar når ho svarer på kva løysing ho ser på situasjonen. Ho meiner UiO må tilsetje nokon i ei prosjektstilling slik at denne personen kan arbeide berre med dette, men rundar av med å seie «men det er jo eit økonomisk spørsmål og så skal tru om det nokon gong vil bli prioritert». Bourdieu sine teoriar om lingvistisk marknad kan vere med på å forklare prioriteringane som vert gjorde ved universitetet. Dersom nynorsken har låg lingvistisk verdi, kan det forklare kvifor han vert nedprioritert. Ein formell marknad som UiO er «[...] dominated by the dominant, i.e. by the holders of the legitimate competence, authorized to speak with authority» (Bourdieu 1991: 18). Det er desse autoritetane som sit med kapitalen, og det er dei som gjer prioriteringane. Kven dette er, vil avhenge av nivå. Instituttleiingar, fakultetsstyre og universitetsleiinga vil alle ha slik autoritet og dimed moglegheit til å prioritere. Vi har sett at studiedekanan ved SV seier eksplisitt at ordninga slik ho er i dag, er sløsing med ressursar. Implisitt i denne utsegna ligg det at nynorsken ikkje er viktig nok, språket har ikkje høg nok verdi, og det er difor sløsing å prioritere arbeid med det.

Når ein studerer prioriteringar relatert til språk ved UiO, kjem ein ikkje unna språkkurs. Av 6.1.5 gjekk det fram at mange av informantane meiner at kursing i nynorsk ville vore eit godt tiltak for å få ned tala på grammatiske feil og avvik i eksamensoppgåver. Som nemnt står det på UiO sine nettsider for tilsette, under «Nynorsk på UiO», at «[a]rbeidsgjevaren har ansvar for at dei tilsette får naudsynt opplæring i bokmål og nynorsk. UiO vil bruke kursa til språktenesta for statsorgan i Språkrådet» (uio.no 2014). Bakgrunnen er lovverket: «Tilsatte i staten som har skriftlig utforming som en del av tjenesten, plikter å beherske både bokmål og nynorsk. Arbeidsgiveren har ansvar for at de tilsatte innen rimelig tid får nødvendig opplæring» (mållova § 4, forskriftene § 1 tredje ledd). Tilsette ved UiO er dimed lovpålagde å meistre nynorsk, og ut frå UiO sine nettsider kan det sjå ut som universitetet prioriterer opplæring. Dette stemmer ikkje. Ifølge *Rapport om målbruk i offentleg teneste 2013* hadde

ikkje UiO nokon på nynorsk kurs i 2013. Samstundes fekk 17 tilsette kurs i administrativt bokmål det året (*Rapport om målbruk i offentleg teneste 2013*. Vedlegg 3). Dette kan tyde på at bokmål vert prioritert framom nynorsk. Eit sitat frå informant 4, administrativt tilsett ved SV, er relevant å trekkje inn her. Ho svarer på spørsmålet om ho har fått tilbod om nynorskkurs:

jeg var meldt på et kurs i 2013 (.) ehm (.) det var vel et todagerskurs tror jeg (.) som jeg tenkte at man da (.) hvor man da faktisk får praktisert og brukt og lært (.) og det fikk jeg bare en kort e-post om at det var avlyst på grunn av for liten interesse (.) dette var UiO-arrangert kurs og at jeg kunne stå på venteliste i påvente av nytt kurs hvilket jeg takket ja til og hørte aldri noe mer (.) før din henvendelse da jeg har hatt det i bakhodet og tatt ny kontakt og ikke planlagt noe mer (...) så nei

Denne informanten har sjølv ynskt å delta på kurs i nynorsk, men som det går fram av sitatet, fekk ho ikkje det grunna «for liten interesse». Denne grunngevinga er verd å merke seg då ingen av informantane i denne granskinga har fått tilbod eller informasjon om nynorskkurs. Korleis kan ein grunnkje ei avlysing av eit kurs med dårleg interesse når aktuelle kursdeltakarane ikkje veit at kurset finn stad? Fleire av informantane poengterer også at dei har fått tilbod om kurs i akademisk engelsk. Igjen ser ein ei prioritering: Kurs i akademisk engelsk og akademisk bokmål går framføre kurs i nynorsk. Dette kan ein sjå i samanheng med ideen om at nokre språk er verde meir enn andre, og at marknadstilhøve skal styre framføre språkpolitiske vedtak og studentanes rettar. Det som alt har høgast status og størst makt på marknaden, er det som vert prioritert. At nynorskkursa vert nedprioriterte, kan tyde på at universitetet ikkje synest god nynorsk er viktig. Informant 2, administrativt tilsett SV, er av den oppfatninga. På spørsmålet om ho meiner ho meistrar nynorsk, svarer ho:

ehm (...) nei jeg syns ikke det (.) jeg syns jeg bruker jo sånn systemer på dataen jeg tror jeg har litt sånn (.) jeg har tenkt litt at UiO synes det er nok da at man bruker nyno men det er jo litt som en google-translate det blir jo ikke riktig i det hele tatt (.) viss jeg skulle ikke sett gjennom den teksten etterpå så hadde det her vært en avissak fordi ting hadde blitt feil

Dersom denne oppfatninga stemmer overeins med synet UiO har på saka, stadfestar det påstanden om at det ved UiO finst haldningar til nynorsk som nedvurderer kor viktig han er. Korleis universitetet går fram når dei eventuelt tilbyr kurs, spelar også ei rolle. Informant 5, vitskapleg tilsett ved TF, poengterer dette på spørsmål om ho kunne tenkje seg å delta på eit nynorskkurs:

viss jeg fikk et helt åpent man får jo mange åpne tilbud så tror jeg kanskje ikke jeg ville gjort det men viss det hadde vært en (.) noen i ledelsen eller noen i fagadministrasjonen som hadde

sagt vi trenger noen som er mer kompetente så jeg fikk litt mer sånn (.) men på eget initiativ så ville jeg nok ikke gjort det altså

Dette syner at leiinga har ei viktig rolle, og at måten dei går fram på, er avgjerande. Basert på det vi har sett og tala frå målbruksrapporten, er det likevel ein lang veg att til nokon i leiinga ved UiO vil gjere som informantene her omtalar. At fleire av informantane har fått tilbod om engelskkurs, kan også bli sett i perspektiv av UiO sine målsetjingar. Rektor ved Universitetet i Oslo, Ole Petter Ottesen, har sett som målsetjing at universitetet skal styrkje posisjonsjonen sin som eit leiande europeisk forskingsuniversitet (*Om rektors blogg: Rektors blogg 2015*). Ved eit universitet vil det alltid vere behov for prioritering, så slike målsetjingar kan seie noko om kva val ein tek ved universitetet. Fleire av informantane trekkjer inn bruken av engelsk som ein faktor som påverkar språkbruken meir generelt. Informant 5, vitskapleg tilsett ved TF, tek opp dette på spørsmålet om kvifor ho trur eksamensoppgåver endar opp med å innehalde feil:

vi er rett og slett fordi vi hele tiden har press på oss for å hele tiden bruke internasjonale språk så har vi i beste fall en god engelsk kanskje en god viss vi er bokmålsbrukere en god bokmål men så har det blitt skadelidende på det andre norske (.) det vil jeg tro at vi trenger en faglig oppdatering

Den same informanten peikar også på utfordringa når ho svarer på spørsmålet om kva løysing ho ser på situasjonen med at språket er dårleg:

[...] det er klart vi har jo ikke noe fordel med det der engelsk (.) publiseringssituasjonen vår er jo spesiell fordi at vi de siste årene har mer eller mindre gått over til å skrive på engelsk så (.) det denne saken hadde på en måte vært lettere å kjempe frem når ennå norsk var et akademisk språk men norsk sliter jo som akademisk språk og det er klart da gjelder jo det både bokmål og nynorsk vi har jo mer enn nok med å klare å bevare ett fagspråk her i landet det er jo en veldig altså vi er 4–5 millioner mennesker vi er alt for få så det er jo (.) det å få opp bevisstheten tror jeg er kanskje greit at folk ikke bare må tenke engelsk men tenke norsk (.) i alle de variantene som finnes [...]

At informantane ikkje får tilbod om nynorskkurs, men om engelskkurs, har vi sett at kan vere ein indikasjon på kva som vert prioritert ved universitetet. Ein kan også spørje seg om det er plass til både nynorsk og bokmål på den lingvistiske marknaden når engelsk er så dominerande. I det akademiske hierarkiet vil ofte engelsk rage høgast, og om bokmålet er ein god nummer to, kjem nynorsken nedst. Det er samstundes ikkje slik at engelsk her er den store stygge ulven. Truleg er det også behov for å auke engelskkompetansen ved universitetet. Vi har sett at den fleirspråklege kompetansen til tilsette ved UiO i nokre tilfelle vert utnytta. Dette gjaldt særleg nynorskkompetanse, men dei same teoriane vil gjelde utnytting av

engelskkompetanse. Problemet er truleg det same for handteringa av alle språk ved UiO, men den særlege utfordringa for nynorsken vert synleg dersom han stadig vert nedprioritert i konkurransen mellom språka. Universitets- og høgskulerådet vedtok i 2007 ei språkpolitisk plattform (UHR 2015). Ei overordna retningslinje i denne er:

Institusjonene bør utarbeide språkstrategier som sikrer parallellspråklighet, dvs. norsk som nasjonalt fagspråk og engelsk som internasjonalt fagspråk.

Denne retningslinja løftar fram behovet for språkleg kompetanse, og for planar som sikrar denne. Som det går fram av denne granskinga, er det også viktig at planane vert sette ut i praksis slik at kompetansen vert sikra også i realiteten.

Prioriteringane vi no har sett, har ikkje vore i nynorsken sin favør. Samstundes finst det ved universitetet også døme på det institusjonar og personar med positive haldningar som prioriterer nynorsken. Studiedekanan ved TF er ein av desse. Han er nynorskbrukar, og som det kom fram under 6.1.1, har fakultetet hans eit gjennomtenkt system som kvalitetssikrar eksamensoppgåver. Dette tyder på at positive haldningar kan vere med på å redusere talet på feil og avvik. Over har vi sett døme på det motsette gjennom ei nedprioritering som bidreg til feil ved at kompetanse og tid ikkje strekk til.

Haldningar, evne og motivasjon for læring

Positive opplevingar kan føre til at ein utviklar positive haldningar (Erwin 2001: 26). Dette kan vi knyte opp til erfaringar tilsette ved UiO har med nynorsk. Alle informantane i granskinga vart spurde om dei kjenner innhaldet i *forskrift om målform i eksamensoppgåver*. På dette spørsmålet svarer informant 7, MatNat, mellom anna at «[...] det er en lov som gjør at jeg blir mer og mer irritert på nynorsk hvert år som går». Denne utsegna må ein sjå i samanheng med at informanten seier at han ikkje meistrar nynorsk og ikkje har noko mål om å gjere det. Basert på teorien presentert i kapittel to, kan ein hevde at opplevinga av å ikkje meiste kan forverre dei negative haldningane ein har til haldningsobjektet. Dette gjev informanten sjølv uttrykk for. Han seier eksplisitt at han ikkje har noko mål om å kunne nynorsk, og det går fram av teorien at ein slik mangel på motivasjon kan gå ut over evna til å lære. Om ein studerer eksamensoppgåva denne informanten har laga, og tala på feil i ho, vert dette stadfesta. At haldningar til nynorsk kan ha innverknad på kor god ein er til å skrive nynorsk, har ein også sett i andre granskingar (til dømes Andersson 2007). Samstundes er det tydeleg at informanten gjer ein innsats, gjennom at han til dømes brukar eigne pengar på eit

retteprogram. Dette kan tyde på at han har ein haldningskonflikt: Han vil ikkje lære nynorsk eller lage eksamensoppgåver på målforma, men han ynskjer å gjere jobben sin. Her er det ein interessekonflikt der forpliktingane overfor arbeidsgjevar veg tyngre enn den negative innstillinga til nynorsk. Vi har alt peika på at nokre informantar ikkje er motiverte for læring mellom anna fordi dei ikkje synest nynorsk er viktig.

6.3.3 UiO som sosialt miljø og lingvistisk marknad

Haldningar er noko som vert konstruert i eit sosialt miljø (Garrett 2010). Dei er noko ein lærer, mellom anna gjennom *observatorial learning* (Garrett 2010: 22). Ein lærer av menneska ein har rundt seg i sitt sosiale miljø, og ein vert påverka av kva som har verdi på den lingvistiske marknaden (Bourdieu 1991). Her skal vi drøfte UiO som sosialt miljø og lingvistisk marknad. Det er viktig å spesifisere at det her kan vere variasjonar mellom ulike fakultet og mellom dei ulike institutta ved kvart fakultet.

Vi har drøfta kva haldningar som finst ved Universitetet i Oslo, og sett at ein i begge informantgruppene finn både positive, negative og meir nøytrale haldningar. Då alle haldningar er med på å danne miljøet tilsette vert påverka av, er biletet dimed ikkje einstydig. Likevel er det grunn til å påstå at det er dei negative haldningane som i sterkast grad vil prege miljøet. I intervjumaterialet er det desse haldningane som er sterkast uttrykt. Dei positive er meir skjulte. Om det også er slik i det sosiale miljøet ved UiO, er det dei negative ein vil bli mest påverka av. At informant 7, MatNat, vert meir og meir negativ til nynorsk for kvart semester han arbeider ved universitetet, syner at dei negative haldningane hans vert forsterka av systemet og miljøet som finst ved fakultetet han arbeider på. UiO er ein fleirspråkleg arbeidsplass, men vi har sett at den fleirspråklege kompetansen til nynorskbrukaren i liten grad vert verdsett. Vi ser at det er ein dialektikk mellom haldningar, handlingar og det aktuelle miljøet. Studiedekanane ved TF løftar fram miljøet i sitt svar på løysing han ser på situasjonen:

eg tenker at ein må få nynorskkompetanse meir inn blant de ansatte (.) vi er heldige som har nokon som gjer det både i administrasjonen og blant dei fagleg tilsette per i dag i alle fall 2 som bruker nynorsk som hovudmål blant staben kanskje 3 men altså det varierer jo litt men vi har alltid nokon og det er klart at det er jo viktig for *miljøet* også dei tekstene som leggest ut at vi har oppslag på nynorsk at det i det hele tatt (.) og det er også med på å bidra til ei slags språkrøkt og ei bevisstheit om at jammen nynorsk er jo like sjølvstakt som bokmål og det trur eg at faktisk er viktig at det er fleire her som bruker nynorsk. (Mi kursivering)

Studiedekanan framhevar at det er viktig at tilsette ved universitetet ser nynorsk, både for språkrøkt og medvit. Av kapittel to gjekk det fram at kor mykje eit språk vert brukt og kva verdi det har, påverkar kva haldningar ein har til dette språket. Engelsk og bokmål er dei dominerande språka ved UiO, og nynorsken vert mindre synleg. Ifølgje Bourdieu påverkar normer og haldningar i den lingvistiske marknaden kva mottaking ein språkbrukar kan vente seg. Dersom nynorsken er lite synleg og haldningane til han er negative, vil nynorskbrukaren i nokre tilfelle sensurere seg sjølv (Bourdieu 1991). Dette igjen gjer språket endå mindre synleg, og bokmålet vert forsterka som det dominerande norske språket i den lingvistiske marknaden UiO. Nynorskbrukaren har evner til å produsere bokmål, den riktige ytringa på marknaden, og kan dimed gå over til å gjere det. Informant 1, administrativt tilsett UV, hevdar at dette er tilfellet med fleire tilsette:

[...] så er der nok ein del som eg tenkjer sikkert ein gong var nynorskbrukarar men som no har gått over til å berre bruke bokmål (.) men det veit eg jo ikkje det er jo berre (...) en ein veit jo kvar folk er frå sant

Årsaker til at nokre vel å skifte målform, har blitt forska på gjennom å til dømes granske målbyte hjå elevar. Fleire faktorar spelar inn, men bokmålsdominansen er ein av dei sterkaste (sjå til dømes Proba: *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*). At tilsette ved universitetet i Oslo, eit sosialt miljø prega av bokmål, går vekk frå sitt opphavlege skriftspråk, stemmer dimed overeins med tidlegare forskning.

Omtalen av eit haldningsobjektet kan seie noko om kva haldningar ein har. Kva ord og omgrep ein nyttar, kan vere knytt til kva kunnskap ein har om det ein omtalar. Då ein kan tileigne seg kunnskap og haldningar av å observere andre, er måten haldningaobjektet vert omtala på i det sosiale miljøet, relevant for korleis ein sjølv vil omtale det. Som vi har sett, vitnar måten storparten av informantane omtalar nynorsk på, om manglande kunnskapar. Måten haldningsobjektet nynorsk vert omtala i miljøet, påverkar korleis UiO-tilsette kan utvikle både kunnskap om og haldningar til nynorsk. Samanhengen mellom dei to aspekta er tydeleg. Eit døme på det er at dei informantane som nyttar meir faglege omgrep i omtalen av haldningsobjektet og språksituasjonen, også er dei som ser ut til å ha dei beste haldningane til nynorsk. Det sosiale miljøet rommar også media (Garrett 2010: 22), så omtalen av nynorsk her vil også kunne påverke.

6.4 Finst det ein samanheng mellom grammatiske feil, system og haldningar?

Den overordna problemstillinga for denne granskinga er *Skriftmangfald på norsk: språkforvaltning, normbrot og språkhaldningar*. I denne er både språkleg kvalitet, system og språkhaldningar og språkideologi bakte inn. I ordet forvaltning ligg systemaspektet, men også det politiske, som vi her har nærma oss gjennom språkideologiar. I forskingsspørsmål tre spør ein om det er ein samanheng mellom grammatiske feil og språkhaldningar og underliggjande språkideologiar. Språkhaldningane spelar her ei meir sentral rolle, men dei går i mange tilfelle ut frå språkideologiar. Samanhengane har blitt drøfta i dette kapittelet, og det har blitt peika på to hovudkomponentar: prioritering av tid og pengar, og evne og motivasjon for læring. Samanhengen mellom dei ulike komponentane i problemstillinga vert tydeleg. Samstundes er det her, som i forholdet mellom haldning og handling, og haldning og læring, ikkje mogleg å slå fast kva som i sterkast grad påverkar kva. Dei ulike komponentane verkar på kvarandre i ulik grad, og det er ingen klar lineær samanheng. Ein kan likevel sjå mangelen på eit godt system for å omsetje oppgåver og kvalitetssikre desse som ein hovudsyndar. Vi har alt slått fast at ei kvalitetssikring vil vege opp for mange av utfordringane ved UiO, og at utfordringane med at tilsette har manglande kompetanse, ikkje ville vore utfordringar dersom kompetente nynorskkunnige omsette oppgåvene. Samanhengen mellom dette og grammatiske feil er tydeleg, men kva då med språkhaldningar og språkideologi? Vi har synt at desse ligg bak val som vert tekne ved UiO, måten ein omtalar nynorsk på, og korleis ein møter både tilsette og studentar. Via systemet er det dimed også ein samanheng mellom grammatiske feil og ideologiar og haldningar. Mykje tyder på at det er haldningane og ideologiane som er utgangspunktet, men samtidig vi veit at fleire komponentar verkar inn på haldningar (jf. Garret 2010). UiO står overfor komplekse utfordringar med å følgje gjeldande lovverk, og det er ikkje tilstrekkeleg å ta tak i berre éin av komponentane som er undersøkte i denne granskinga då dei er så tett bundne saman.

6.5 Kva er konsekvensane?

I kapittel fem kom det fram at det er mange grammatiske feil og avvik i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO. I dette kapittelet er ideologiar og haldningar avdekte, og samanhengen mellom kapittel fem og seks er tydelegjord. Eit spørsmål som står att, er kva konsekvensar situasjonen som her er avdekt, har. Kva konsekvensar har eigentleg dårleg

språk i eksamensoppgåver? Informant 4, administrativt tilsett SV, tek opp opp temaet i svaret på korleis ho reagerer på tala på feil og avvik:

jeg er ikke akkurat overrasket det kan jeg si jeg hadde frykta noe sånt og også tenkt det selv basert på min egen bruk og manglende bruk forsåvidt (.) men selvfølgelig det er jo (.) det er ikke bra i det hele tatt hadde jeg selv sittet på eksamen som er så viktig du bedømmes på kun fire eller seks timer på alt du har gjort et helt semester og så skal du i tillegg oppleve å få feil i teksten det er jo et stressmoment blant annet det er rom for mistolking som igjen kan føre til dårligere karakter (.) og så (.) jeg må bare si igjen at det er kjempebra at noen tar tak i det for det er akkurat som frykta og på et sånt type felt så skal det ikke vere feil ikke i så stor grad i hvertfall (...) rett og slett forferdelige tall

Her peikar ho på at studenten kan bli stressa av skrivefeil i oppgåveteksten, at han kan risikere å mistolke oppgåva og få dårlegare karakter. Dette er alvorlege konsekvensar. Samstundes kan vi, ut frå resultatata i den grammatiske granskinga, hevde at eit slikt scenario er lite truleg. Få av feila er av typen som kan føre til mistolkingar og dimed dårlegare karakter. Informanten sitt poeng om at studenten kan bli stressa, er meir relevant. Studiedekanan ved MatNat deler feil inn i to:

det synes (.) de er jo høye ikke sant det er jo (.) 95 % da vil det jo si at det i hver eneste oppgave så er det jo feil tenker jeg og det (.) det behøver ikke (.) det tenker jeg det kan være på to nivåer det kan være irriterende for den som får det og det behøver ikke bety så mye men det som bekymrer meg er hvis det betyr gjør at man kan tolke feil det er min primære bekymring (.) nei jeg er ikke så veldig overrasket fordi nynorsk er ikke (.) altså vi bruker jo ikke nynorsk systematisk og det er engelsk som er vårt fagspråk og norsk er jo bare altså er vårt undervisningsspråk men ikke vårt fagspråk

Ei slik inndeling er fruktbar då konsekvensane av det to feiltypane er så ulike. Samstundes kan det vere farleg å ikkje ta dei mindre alvorlege feila på alvor, då dei kan seie noko om kompetanse og system. Faren for å tolke feil påpeikar også informant 2, administrativt tilsett ved SV, i svaret på korleis ho reagerer på tala:

jeg synes jo det er ganske mye og jeg synes jo det er alvorlig når det er en eksamen fordi det skal jo ikke kunne misforstås jeg kan jo tenke meg selv da hvis det var omvendt at bokmål var en slags minoritet og jeg fikk utdelt en sånn eksamensoppgave så hadde jeg blitt veldig irritert

Denne informanten prøver å førestille seg korleis det hadde vore dersom det var bokmål som var minoritetsspråket, og at det var mange feil i bokmålsversjonen. Ho syner her ei evne til å setje seg inn i nynorskstudenten sin posisjon.

Fleire av informantane peikar på at mange studentar ikkje vel nynorskversjonen av oppgåva sjølv om han/ho er registrert med nynorsk som eksamensspråk. Som vi har sett, meiner fleire

at dette er eit argument mot å lage nynorskversjon. Dette argumentet har utgangspunkt i tidssparing, og er i seg sjølv forståeleg. Det har difor vore naudsynt å setje spørsmålsteikn ved kvifor studenten vel bokmålsversjonen når han/ho er registrert med nynorsk som eksamensspråk. Vi har sett at svaret på dette er at valet av versjon kan vere ein konsekvens av utdelingsmåte, dårleg språk og terminologiske utfordringar.

Ein annan konsekvens ligg på det språkpolitiske planet. Han kjem implisitt fram av intervjumaterialet, og han er knytt til språkideologi. Konsekvensane for nynorskstudenten, til dømes at han vel bokmålsoppgåve framom nynorskoppgåve, er også ein konsekvens for nynorsken. Vi har alt sett at dette gjer at universitetet har argument for å nedprioritere arbeidet med å følge *forskrift om målform i eksamensoppgåver*, og som påpeika av ein informant: Arbeidet med nynorsk i eksamensoppgåver er også viktig for arbeidet med *lov om målbruk i offentleg teneste*. Informant 5, TF, meiner eit tiltak for å betre situasjonen slik han er i dag, er å «[...] rett og slett minne om at vi har et lovverk og vi har en plikt i forhold til nynorskbrukende studenter det er faktisk et ansvar vi har». Ho ser dette aspektet ved saka, og basert på sitatet kan ein påstå at ho trur andre vil gjere det same, så lenge dei vert minte på det. Samstundes har vi sett bevisste forsøk på å unngå lovverket, noko ein kan knyte til haldningar til nynorsk. Sandøy (2004: 2) hevdar at «[...] somme i norsk byråkrati er faktisk stolte av å heve seg over norsk lov». Dette er ei utfordring, men bevisstgjerjing er uansett eit sentralt stikkord i arbeidet med språk ved UiO.

Bjørhusdal (2014) har studert dei ulike språkrettane på det norsk opplæringsfeltet. Som presentert i kapittel to hevdar ho at det finst rettar av ulike typar. Retten til eksamen på eiga målform gjeld alle, uavhengig av målform, og er dimed universell. For ein person med negative haldningar til nynorsk kan retten til eksamen på eiga målform verke som ein rett nynorskstudenten har. Dette fordi nynorsken er det som skil seg frå det normale, og det er han tilsette har utfordringar med. Dersom retten var spesielt for nynorskstudenten, ville det vore snakk om det Bjørhusdal kallar gruppedifferensierte rettar. Dette er altså ikkje tilfelle, men i praksis kan det bli oppfatta slik. Utfordringa med dei universelle rettane er ifølgje Bjørhusdal (2014) at det ikkje er tilstrekkeleg for å sikre mindretalsspråka. Det vil seie at nynorsken ikkje har nok vern i dag. Med dette som utgangspunkt er det alvorleg at UiO utfordrar det vesle vernet nynorsken har. Studiedekanen ved Medisin, som sjølv er nynorskbrukar, seier det er leitt at nynorsken vert handsama som han vert. Studiedekanen ved TF synest det er alvorleg:

det står dårleg til med nynorskkunnskapen sjølv på den høgste utdanningsinstitusjonen den høgste utdannings- og forskingsinstitusjonen i Norge og det det er ikkje bra for nynorsken sjølvsagt ikkje og det er ikkje bra for universitetet

Studiedekanan ser her det store biletet, og uttrykkjer seg eksplisitt. Som hevda i teorikapittelet kan språk vere ei verdifull vare og fleirspråklegheit ein konkurransefordel (Cameron 2000). Dette er tydelegare på andre arbeidsplassar, men som studiedekanan indirekte påpeikar, er det relevant også i dette tilfellet. Ei sterkare administrering av språket ved UiO, gjennom å til dømes sikre større mengder nynorsk og eit betre system for kvalitetssikring, vil kunne styrkje utdanningsinstitusjonen. Det vil medverke til at han i framtida ikkje bryt regelverket.

6.6 Oppsummering

Eit av måla med denne granskinga er å undersøkje kva system for å lage eksamensoppgåver som finst ved Universitetet i Oslo. Som vi no har sett, er det stor variasjon mellom fakulteta. Den gjennomgåande trenden at det ikkje finst eit system for korleis å sikre gode omsetjingar til nynorsk. Då det i materialet ikkje er intervju med tilsette ved alle institutt, er det ein påstand med atterhald om at nokre institutt kan ha eit system som verken eg som forskar eller studiedekanan ved fakultetet har kjennskap til. Ein må også merke seg at TF lukkast i mykje av sitt arbeid. Mange av problema som er avdekte i denne granskinga, er truleg gjeldande også om ein ser vidare. Vi har peika på at universitetet truleg også har behov for auka engelskkompetanse, og at omsetjing er ei utfordring unasett kva språk ein skal omsetje til.

Kva system som finst ved UiO, har vi sett at påverkar den språklege kvaliteten på eksamensoppgåver ved institusjonen, og bak systemet ligg språkhaldningar og underliggjande språkideologiar. Svaret på forskingsspørsmål tre, om språkhaldningar kan påverke grammatiske feil og avvik, er difor ja. Språkhaldningar kan i stor grad påverke grammatiske feil og avvik, med system for omsetjing og kvalitetssikring som mellomstasjon. På vegen til svaret har ulike språkhaldningar og -ideologiar blitt avdekte. Samstundes har utfordringane UiO står overfor, blitt tydelege. Ein ser ein institusjon som ikkje oppfyller gjeldande lovverk, og der årsakene til dette er samansette. I utgreiinga *Makt og demokrati* frå 2003 er der eit kapittel med namnet *Det koloniale språkhierarkiet*. Siste avsnitt i kapittelet lyder som følgjer:

[...] Nynorsken har stor motstandskraft gjennom et eget skriftspråk og med en organisert bevegelse i ryggen. Men den er samtidig regionalisert og underordnet bokmålet som dominerer i folkeflertall, offentlighet og massemedier. Allikevel har de norske språkformene et langsiktig skjebnefellesskap i forhold til utfordringen fra angloamerikansk.

I dette utdraget frå utgreiinga vert utfordringa nynorsken har i møte med bokmålet, klar. Nynorsken står under bokmålet i det lingvistiske hierarkiet og på den lingvistiske marknaden. Bokmålet sin dominans forsterkar dette, men også bokmålet er utsett. Utdraget skildrar godt funna presenterte i dette kapitlet. Universitetet i Oslo tilbyr i prinisippet kurs i både nynorsk, bokmål og engelsk, og i prioriteringa mellom dei konkurrerer også bokmålet med engelsk. Den fleirspråklege tilsette er utsett for utnytting uavhengig av kva språk han har kompetanse i. Likevel er nynorsken og nynorskbrukaren, både tilsett og student, særleg utsett.

Heilt til slutt vil eg kort drøfte om eg gjennom svara informantane har gjeve, har fått innsikt i situasjonen og haldningar. Vi har sett at Garrett (2010: 44) påpeikar faren for at informantar kan svare slik dei trur er passande eller forventa av spørsmålsstillaren og samfunnet elles. Denne faren har eg vore bevisst gjennom heile analysen, og mykje tyder på at informantane ikkje har tilpassa svara etter kva som er venta. Mange utsegner går imot den vedtekne språkpolitikken i Noreg, og mange syner haldningar som er tydeleg negative.

7 Avslutning

7.1 Tema og formål

Formålet med denne granskinga har vore å sjå korleis språkforvaltninga fungerer i praksis, og kva språkhaldningar og underliggjande språkideologiar som spelar inn i forvaltninga av nynorsk. Oppgåva har teke føre seg den fleirspråklege praksisen ved Universitetet i Oslo, med eksamensoppgåver på nynorsk som studieobjekt. Eg har granska grammatiske feil og avvik, system for produksjon av eksamensoppgåver, språkhaldningar og språkideologi. Eg vil no oppsummere funna eg har gjort i granskinga, og kome med ein avsluttande konklusjon. Deretter vil eg drøfte betydinga av forskinga og innvendingar mot ho, før eg peikar på behov for vidare forskning.

7.2 Svar på forskingsspørsmåla

7.2.1 Forskingsspørsmål éin: *Kva grammatiske feil og avvik er å finne i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?*

Denne granskinga har avdekt at det finst mange feil og avvik i eksamensoppgåver ved Universitetet i Oslo. Det er registrert feil i alle kategoriar, men nokre feiltypar er meir frekvente enn andre. Til dømes inneheld kategorien *bøyingsfeil substantiv* fleire feil enn kategorien *bøyingsfeil verb*. Dette syner at det er viktig å jobbe med substantiv dersom tilsette ved UiO skal betre dugleikane sine i nynorsk. Vidare er det avdekt mange feil i *ordtilfang*. Det er kategorien *bokmålsord* som stikk seg ut, etterfølgt av *stavefeil*. I kapittel seks drøfta vi terminologiske utfordringar, og det er truleg at desse utfordringane spelar inn på talet på feil i denne kategorien. Det er behov for ein auka innsats for nynorsk terminologi, noko vi har sett at også *Norsk i hundre!* slår fast. Det store talet på bruk av bokmålsord tyder også på at det er behov for å auke ordkunna, og at omsetjingsprosessen må bli betre.

7.2.2 Forskingsspørsmål to: *Kva system og praksis har UiO når det vert laga eksamensoppgåver?*

Systemet og praksien for å lage eksamensoppgåver varierer frå fakultet til fakultet, og også innan dei enkelte fakulteta. Denne granskinga har avdekt at det i stor grad er opp til

enkeltpersonar og enkeltinstitutt å lage eksamensoppgåver. Ansvar er individualisert, og det finst få retningslinjer for korleis jobben skal gjerast. Mange institutt er autonome einingar, og fakultetsleiinga har lite oversikt over kva system som finst ved eige fakultet. Kven som omset eksamenoppgåvene til nynorsk, varierer. Nokre stader er det den vitskapleg tilsette som har laga oppgåva, andre stader er det administrasjonen ved det aktuelle instituttet. Det juridiske fakultetet nyttar eksterne personar til omsetjingsarbeidet, men desse er i stor grad nynorskbrukarar. Ved nokre fakultet vert eksamensoppgåvene diskuterte i det ein kan kalle eksamensmøte. Det er hovudsakleg innhaldet som vert diskutert, men det er også rom for å kommenteret språket. Det vil i dei fleste tilfelle vere bokmål, då eksamenoppgåvene oftast vert omsette i etterkant. Vi har også sett at fleire fakultet nyttar omsetjingsbyrå. Ser ein dette i samband med tal på feil og avvik, ser det ut til å vere ei uheldig ordning. Det er kritikkverdige at Universitetet i Oslo brukar midlar på å betale for omsetjingar som ikkje er språkleg korrekte.

Eit gjennomgåande trekk er mangelen på kvalitetssikring. I nokre tilfelle er det ingen andre enn den som omset, som les oppgåva før studentane får ho. Når omsetjaren ikkje er nynorskkunnig, vert resultatet deretter. Ved mange institutt er det vanleg at faglærer ser over omsettinga, men då for å sikre at det faglege innhaldet er slik det var i originalen. Ein kan slå fast at Universitetet i Oslo manglar eit system for omsetjing og kvalitetssikring av språket i eksamensoppgåver.

7.2.3 Forskingsspørsmål tre: *I kva grad kan språkhaldningar og underliggjande språkideologiar vere med på å forklare grammatiske feil og avvik i nynorskversjonen av eksamensoppgåver ved UiO?*

Vi har i denne oppgåva sett at språkhaldningar kan vere med på å forklare grammatiske feil og avvik. Ein finn både positive og negative haldningar til nynorsk ved Universitetet i Oslo, og ser at haldningar har konsekvensar for system, som igjen har konsekvensar for språkleg kvalitet. Språkhaldningar og underliggjande språkideologiar verkar inn på kva val som vert gjorde ved institusjonen, korleis ein prioriterer tid og pengar, og korleis ein møter tilsette og studentar. Prioritering av tid og pengar er ein særleg viktig komponent. Når tilsette og personar i leiiande stillingar har negative haldningar til nynorsk og ikkje tek språklege rettar på alvor, prioriterer dei deretter. Vi ser ei verd, dels reell, dels presentert, der tid og pengar ikkje strekk til. Arbeid med nynorsk vert nedprioritert, noko som fører til grammatiske feil og

avvik i eksamensoppgåver. Dei konkrete konsekvensane har vi sett under forskingsspørsmål éin og to. Vi kan altså slå fast at språkhaldningar kan vere med å forklare grammatiske feil og avvik.

7.3 Konklusjon

I denne gransking er det avdekt mange grammatiske feil og avvik i eksamensoppgåver ved Universitetet i Oslo. Vi har sett at skilnadene mellom ulike fakultet og institutt er store, men at tala på feil og avvik er gjennomgåande høge. At UiO manglar gode system for omsetjing til og kvalitetssikring av nynorsk, har vi også slått fast. Vi har avdekt ein samanheng mellom grammatiske feil og avvik og språkhaldningar, og sett at haldningar mellom anna påverkar prioriteringar. Resultatet er at Universitetet i Oslo ikkje følgjer gjeldande lovverk. Dette har konsekvensar for utdanningsinstitusjonen, tilsette og studentar. Det har også konsekvensar for nynorsken si stilling i samfunnet. Universitetet i Oslo står overfor komplekse utfordringar med å følgje lovverket, og det er ikkje tilstrekkeleg å ta tak i éin av komponentane som er undersøkte i denne granskinga. Dei er tett bundne saman, og ein må ta tak i alle dersom ein vil betre situasjonen.

Funna gjorde i granskinga er eit uttrykk for manglande respekt for språkleg demokrati. Lovverket skal sikre dei språklege rettane til enkeltmennesket, og spesielt rettane til brukarane av dei mindre brukte språka. Deborah Cameron (2000) hevdar at ein må administrere språk, ikkje overlata det til seg sjølv. Dette vert ikkje gjort ved Universitetet i Oslo, noko mangelen på system er ein tydeleg indikasjon på. Som avsluttande merknad vil eg sitere studiedekan ved TF:

det står dårleg til med nynorskkunnskapen sjølv på den høgste utdanningsinstitusjonen den høgste utdannings- og forskingsinstitusjonen i Norge og det det er ikkje bra for nynorsken sjølv sagt ikkje og det er ikkje bra for universitetet

7.4 Betyding og innvendingar

Gjennom heile granskinga har den potensielle betydinga av forskinga vore ei sterk motivasjonskraft. Dei grammatiske funna var klare tidleg i prosessen, og dimed såg ein også eit klart bilete av ein situasjon som kan stri med gjeldande lovverk. Ingen har gjort ei liknande gransking. Det vil seie at forskinga gjord i denne masteroppgåva fyller eit hol. Ho avdekkjer

utfordringar ved Universitetet i Oslo, og ho har potensiell politisk, sosial og praktisk betydning. Politisk syner ho utfordringar med å oppfylle lover og forskrifter som har utspring i vedteken språkpolitikk. Det finst ingen sanksjonar i språkpolitiske spørsmål. Det vil seie at negative haldningane til nynorsk og manglande respekt for dei språklege rettane til studentane kan føre til at slike rettar vert oversette, utan at det får konsekvensar for utdanningsinstitusjonen.

Denne granskinga har avdekt at dette til tider er tilfelle, og ho peikar dimed på eit behov for sanksjonsmoglegheiter. Den praktiske betydninga for studenten er at han får dårlege eksamensoppgåver. For tilsette er det snakk om unødig tidsbruk og frustrasjon. Begge desse funna kan bøtast på med betre system for kvalitetssikring. Sosiale konsekvensar er at studenten møter manglande respekt for og nedvurdering av eige språk. For tilsette som meistrar nynorsk, dreier det seg om nedvurdering og utnyttig av kompetanse.

Avgrensingar og innvendingar er i stor grad greidde ut om og drøfta i kapittel tre. Det dreier seg mellom anna om omfang, storleiken på datamaterialet og korleis funna er framstilte. Eg har samstundes synt at ein på trass av desse innvendingane kan setje lit til funna. Eit spørsmål eg stiller meg, er om eg ville gjort noko annleis dersom eg skulle gjennomført den same granskinga på nytt. Utfordringane undervegs ville vore færre dersom eg frå byrjinga sat med den kunnskapen eg no har, men slik er forskning og skriveprosessen. Resultatet ville blitt det same, då eg heile vegen har gjort noko på nytt dersom eg såg det fanst ein betre måte.

7.5 Vidare forskning

Denne granskinga inneheld fleire komponentar og undersøker ulike spørsmål. Ved å sjå på både grammatikk, system og språkhaldningar og språkideologi, har eg kunna avdekkje samanhengar mellom desse komponentane. Det har vore fruktbart. Samstundes har eg kjent på eit ynske om å gå djupare inn på dei enkelte komponentane og studere desse endå grundigare. Slik har eg sett kva vidare forskning kan tilføre. Mellom anna ville det vore interessant å gjennomføre ei større haldningsgransking. I denne granskinga er haldningar til nynorsk nært knytte til haldningar til å skrive nynorsk i eksamensoppgåver. Som vi har sett, er det mykje som spelar inn her, og det ville difor vore interessant med ei slik gransking. For å undersøkje nynorsken si stilling ved UiO, kunne ein også i større grad innlemma mållova og *Rapport om målbruk i offentleg teneste*. Ein kunne undersøkt UiO sine interne dokument som omhandlar nynorsk, og sett kva argumentasjon og haldningar som ligg til grunn i desse. I denne granskinga har makt vore eit sentralt omgrep. Skirbekk (2013: 155) hevdar at språk og

symbolsk makt alltid er aktuelt, men at det enno manglar forskning på sentrale område. Han peikar på dei språklege spenningane i det norsk samfunnet, «[...] mellom symbolsk utdefinering av 'det andre' og gjensidig opplæring i å anerkjenne 'det andre'». Ut frå funna i denne granskinga, ser ein behovet for slik forskning.

Det ville også vore interessant med ei breiare forskning av same type som denne. Ein kunne inkludert fleire eksamenstypar, fleire språkversjonar og fleire utdanningsinstitusjonar. Ved UiO kunne ein studert den språklege kvaliteten på bokmåls- og engelskversjonane av eksamensoppgåver, og gjort ei jamføring mellom dei ulike versjonane når det gjeld språkleg kvalitet. Ei komparativ gransking av dei største universiteta i Noreg ville gjeve innsikt i den faktiske situasjonen for nynorsk ved norske universitet. Ho ville synt om nynorsken står sterkare nokre stadar enn andre, og gjeve rom for å lære av dei som lukkast. Også ved andre universitet kunne ein inkludert bokmål og engelsk, slik at samanlikninga vart komplett. Konsekvensane av dårleg nynorsk i eksamensoppgåver er berre så vidt nemnde i denne granskinga. Kva konsekvensar språkleg kvalitet har for den nynorskbrukande studenten, er også eit emne ein med fordel kunne forska vidare på.

Litteraturliste

- Almenning, Olaf, Roksvold, Thore A., Sandøy, Helge og Vikør, Lars S. (red.). (2002). *Språk og samfunn gjennom tusen år: Ei norsk språkhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Andersson, Ragnhild (2007). Nynorskkompetanse og haldningar til nynorsk hjå studentar i 'nynorskland'. I: G. Akselberg og J. Myking (red.). *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen*. Oslo: Novus.
- Bjørhusdal, Eli (2014). *Mellom nøytralitet og språksikring: Norsk offentlig språkpolitikk 1885-2005*. Doktorgradsavhandling ved Universitetet i Oslo.
- Bourdieu, Pierre (1991). *Language and Symbolic Power*. Cambridge: Polity Press.
- Bucken-Knapp, Gregg (2003). *Elites, language, and the politics of identity: The Norwegian case in comparative perspective*. New York: State University of New York Press.
- Bull, Tove (2004). Nynorsk som minoritetsspråk. I *Språknytt 2004/3-4*.
http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/Spraaknytt_2004_3_4/Bull/ [Nedlasta 18. mai 2015.]
- Cameron, Deborah (2000). Styling the worker: Gender and the commodification of language in the globalized service economy. I: *Journal of Sociolinguistics*. 4/3 2000. 323 – 346.
- Duchêne, Alexandre (2008). Marketing, management and performance: multilingualism as commodity in a tourism call centre. I: *Language Policy*. 2009. Vol. 8. 27 - 50.
- Erwin, Phil (2001). *Attitudes and Persuasion*. Hove: Psychology press.
- Fjeld, Ruth V. (2002). *Norsk til kontorbruk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fløgstad, Kjartan (2004). *Brennbart*. Oslo: Gyldendal.
- Fog, Jette (1996). Begrunnelsernes koreografi. Om kvalitativ ikke-statistisk representativitet. I: H. Holter og R. Kalleberg (red). 1996. *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Gal, Susan (1989). Multiplicity and contention among ideologies: A commentary. I: B. Schieffelin, K. Woolard og P. Kroskrity (red.). *Language Ideologies: Practice and Theory*. New York: Oxford University Press.
- Garrett, Peter (2010). *Attitudes to language*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Grepstad, Ottar (2006). *Viljen til språk*. Oslo: Samlaget.
- Grepstad, Ottar (2010). *Språkfakta 2010*. http://www.aasentunet.no/filestore/Ivar_Aasentunet/Sprk/Sprkfakta_pdf/Sprakfakta2010tekstar.pdf [Nedlasta 16. mai 2015.]
- Grønmo, Sigurd (1996). Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnæringer i samfunnsforskningen. I: H. Holter og R. Kalleberg (red.). 1996. *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hoas, Kristi A. (2009). *Hvorfor skal vi bry oss med særskrivning?* I: Språknytt 2/2009. http://www.sprakradet.no/upload/spraknytt/Spraaknytt_2009-2%20lav.pdf Nedlasta 4. mars.
- Irvine, Judith T. (1998). When talk isn't cheap: language and political economy. I: *American Ethnologist*. 1989. Vol. 16. 248–267.
- Irvine, Judith T. og Gal, Susan (2000). Language ideology and linguistic differentiation. I: P. V. Kroskrity (red.). *Regimes of language: Ideologies, politics, and identities*. Santa Fe: School of American Research Press.
- Jahr, Ernst H. (2014). *Language planning as a sociolinguistic experiment: The case of modern norwegian*. Edinburgh University Press Ltd.
- Janson, Tore (1997). *Språken och historien*. Falun: Norstedts.
- Kristiansen, Tore (2009). The macro-level social meanings of late-modern Danish accents. I: *Acta Linguistica Hafniensia*. 2009. Vol. 41. 167 – 192.
- Kristiansen, Tore (2011). Attitudes, ideology and awareness. I: R. Wodak, B. Johnstone og P. Kerswill. (red.). *The SAGE handbook of sociolinguistics*: SAGE.
- Kristoffersen, Gjert, Kristiansen, Marita og Røyneland, Unn (2014). Landrapport Norge: Internasjonalisering og parallellspråklighet ved norske universitet og høyskoler. I:

- F. Gregerson (red.). 2014. *Hvor parallelt? Om parallellspråkighet på Nordens universitet.*
- Leiulfsrud, Håkon og Hvinden, Bjørn (1996). Analyse av kvalitative data: Fiksérbilde eller puslespill? I: H. Holter og R. Kalleberg (red.). 1996. *Kvalitative metoder i samfunnsforskning.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Lovdata (1987). Forskrift om målform i eksamensoppgåver.
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1987-07-07-4148> [Nedlasta 22. januar 2015.]
- Lovdata: Mållova (1980). Lov om målbruk i offentlig teneste.
<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-04-11-5> [Nedlasta 22. januar 2015.]
- Maegaard, Marie (2009). Den kvalitative sprogmaskemetode – mellem ideologi og praksis. I: *Dialektforskning i 100 år.* Afdeling for Dialektforskning. Nordisk forskningsinstitutt, Københavns Universitet.
- Makt og demokrati (2003). *Det koloniale språkhierarkiet.*
<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/nou-2003-019/id118893/?docId=NOU200320030019000DDDEPIS&q=&navchap=1&ch=11>
[Nedlasta 14. mai 2015.]
- Mjeldheim, Leiv (1984). *Folkerørsla som vart parti: Venstre frå 1880 åra til 1905.*
Oslo: Universitetsforlaget.
- Preston, Dennis R. (2009). Are you really smart (or stupid, or cute, or ugly, or cool)? Or do you just talk that way? I: Maegaard, M. et al. (red.). *Language attitudes, standardization and language change.* Oslo: Novus.
- Rektors blogg. *Om rektors blogg.* (2015). Universitetet i Oslo.
<http://blogg.uio.no/unidir/ottersen/node/1> [Nedlasta 1. april 2015.]
- Riksmålsforbundet (2015). *Om skriftlig sidemål.* <http://riksmalsforbundet.no/om-skriftlig-sidemal/> [Nedlasta 9. mai 2015.]
- Røyneland, Unn (2008). Språk- og dialektkontakt. I: G. Akselberg, B. Mæhlum, U. Røyneland og H. Sandøy (red.). *Språkmøte: innføring i sosiolingvistikk.* Oslo: Cappelen Damm.

- Sandøy, Helge (2004). *Språkstyring og språkendring i Noreg. Politikk eller kulturelt hegemoni?* <http://www.sprakradet.no/localfiles/sandoy.pdf> [Nedlasta 1. mai 2015.]
- Sandøy, Helge (2013). Stramt språk? Mytar om nynorsk. I: J.J. Hyvik og S. J. Walton (red.). *'Der var ruskut å leggja utpå' Ti år med mastergraden i nynorsk skriftkultur*. Oslo: Novus.
- Sarnoff, Irving (1970). Social attitudes and the resolution of motivational conflict. I: M. Jahoda og E. Warren. (red.). *Attitudes*. Harmondsworth: Penguin.
- Skirbekk, Gunnar (2013). Språkpolitikk i Norden. I: J.J. Hyvik og S. J Walton (red.). *'Der var ruskut å leggja utpå.'* *Ti år med mastergraden i nynorsk skriftkultur*. Oslo: Novus.
- Silverman, David (2011). *Interpreting Qualitative Data, Methods for Analyzing Talk, Text and Interaction*. London: Sage.
- Språkrådet (2005). *Norsk i hundre!*
http://www.sprakradet.no/localfiles/9832/norsk_i_hundre.pdf Nedlasta 9. mai 2015.
- Språkrådet (2010). *Målform – målføre*. <http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt-ord/Malform--malfore/> [Nedlasta 6. mai 2015.]
- Språkrådet (2011). Rettskrivingsnemnda for nynorsk. *Ny rettskriving for 2000-talet: Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftspråket*.
- Språkrådet (2012). *Aktiv og passiv*. <http://www.sprakradet.no/Tema/Sprakireglar/Ordlegging/Aktiv-og-passiv/> [Nedlasta 19. februar 2015.]
- Stauri, Tormod (2002). Korleis klarer vi å utvikle kvalitet i skrivinga til studentane? Fagleg-didaktiske refleksjonar omkring rettskriving i nynorsk (og bokmål) I: K. Inerslund (red.). *Krysspeilinger II. Artikler fra Forskningsdagen 2002*. Rapport nr. 12 2002. Høgskolen i Hedmark. Hamar.
- Stortingsmelding 35 (2008). *Mål og meining: Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Kultur- og kyrkjedepartementet. <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/?docId=STM200720080035000DDDEPIS&ch=1&q=> [Nedlasta 6. mai 2015.]

- Søyland, Aud (2002). *Typar feil i nynorsk*. <https://www.sprakradet.no/upload/nyno02aso.pdf>
[Nedlasta 5. mars 2015.]
- Theil, Rolf (2015). *Nynorsk og bokmål – språk eller målformer?* Innleiing på Vårseminaret 2015, Noregs Mållag. Fredrikstad, 14. mars 2015.
- Torp, Andre og Vikør, Lars. S. (1994). *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- UHR (2015). *Språkpolitisk plattform*. Universitets- og høgskolerådet.
http://www.uhr.no/ressurser/temasider/sprakpolitisk_plattform [Nedlasta 5. mai 2015.]
- Universitas (13. mai 2015). *En skam og en skandale*. <http://universitas.no/kultur/60595/en-skam-og-en-skandale>. [Nedlasta 13. mai 2014.]
- Universitas (20. mai 2015). *Dropper nynorsk på digital eksamen*.
<http://universitas.no/kultur/60637/dropper-nynorsk-pa-digital-eksamen> [Nedlasta 20. mai 2015.]
- Uio.no (2014). <http://www.uio.no/for-ansatte/arbeidsstotte/nettarbeid/veiledninger/skrive-for-nett/sprak/nynorsk/> [Nedlasta 23. april 2015.]
- Utgård, Karl A. (2002). *Juridisk og administrativ ordliste*. Oslo: Samlaget.
- Vikør, Lars (1997). Norsk språksituasjon i eit internasjonalt perspektiv. I: O. Almenningen, M. Hovdenak og D. Worren (red.). *Språk og samfunn: heime og ute: festskrift til Lars S. Vikør 65 år*. 2011. Oslo: Novus.
- Vulchanova, Mila D. m.fl. (2012). *Flerspråklighet i Norge*.
<http://www.sprakradet.no/upload/Spr%c3%a5kdagen%202012/Vulchanova%20endelig%20rapport%2025042013.pdf> [Nedlasta 29. april 2015.]
- Wray, Alison og Bloomer, Aileen (2006). *Projects in linguistics. A practical guide to researching language*. London: Hodder Education.
- Woolard, Kathryn A. (1998). I: B. B. Schieffelin, K. A. Woolard og P. V. Kroskrity (red.). 1998. *Language Ideologies: Practice and Theory*. Oxford: Oxford University Press.

Informantar:

Informant 1, Det utdanningsvitenskaplege fakultetet, 23.01.2015

Informant 2, Det samfunnsvitenskaplege fakultetet, 02.02.2015

Informant 3, Det humanistiske fakultetet, 02.02.2015

Informant 4, Det samfunnsvitenskaplege fakultetet, 03.02.2015

Informant 5, Det teologiske fakultetet, 23.02.2015

Informant 6, Det humanistiske fakultetet, 05.02.2015

Informant 7, Det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet, 11.02.2015

Informant 8, Det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet, 04.02.2015

Studiedekan Det medisinske fakultetet, 03.03.2015

Studiedekan Det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet, 25.02.2015

Studiedekan Det samfunnsvitenskaplege fakultetet, 22.04.2015

Studiedekan Det teologiske fakultetet, 16.02.2015

Studiedekan Det utdanningsvitenskaplege fakultetet, 24.02.2015

Studiedekan Det juridiske fakultetet, 21.04.2015

Studiedekan Det humanistiske fakultetet, 26.02.2015

Kåre Lilleholt, Det juridiske fakultetet, 21.04.2015

Vedlegg 1

Intervjuguide informantgruppe 1

1. Er du nynorsk- eller bokmålsbrukar?
2. Kor ofte skriv du nynorsk og i kva samanhengar?
3. Kjenner du innhaldet i mållova og i *forskrift om målform i eksamensoppgåver*?
4. Har du fått tilbod om nynorskkurs frå UiO?

Om ja: Har du delteke på eit slik kurs?

Om nei: Kunne du tenkje deg å delta på eit slik kurs om du fekk tilbodet?

5. Kva forventningar du har til universitetet når det gjeld opplæring i nynorsk?
6. Om denne personen er ein professor:

Har du fått tilbod om omsetjingshjelp frå administrasjonen?

7. Vil du sjølv hevde at du meistrar nynorsk?
8. Kva inntrykk har du av andre tilsette sin bruk av nynorsk?
9. Er det rom for å rette på andre sine grammatiske feil?
10. Kva trur du tilsette ved UiO synest om krava *forskrift om målform i eksamensoppgåver* stiller?
11. Om denne personen er tilsett i administrasjonen:

Kvifor har du og ikkje den aktuelle professoren omsett denne eksamensoppgåva?

12. Korleis trur du ditt fakultet har klart seg i mine undersøkingar?

Etter at eg har sagt noko om funna:

13. Korleis reagerer du på tala eg legg fram?
14. Kvifor trur du eksamensoppgåver endar opp med å innehalde feil?
15. Kva løysing ser du på situasjonen?

Vedlegg 2

Intervjuguide informantgruppe 2

1. Kva praksis har de ved dette fakultetet når de skal lage eksamensoppgåver?
2. Kva hjelp får dei tilsette i administrasjonen?
3. Kva hjelp tilbyr administrasjonen til dei vitenskapleg tilsette?
 - Tilbyr de til dømes omsetjingshjelp?
4. Kva forventningar har du til universitetet og universitetsleiinga når det gjeld opplæring i nynorsk?
5. Har du og fakultetet fått informasjon om og/eller tilbod om nynorskkurs frå universitetet?
6. Kva gjer de når de lagar eksamensoppgåver? (Spørsmåla under vert stilte dersom dei ikkje alt er svart på.)
 - Er det opp til den enkelte faglærer?
 - Vert oppgåvene diskuterte med kollegaer, på lærarmøte eller liknande?
 - Vert oppgåvene korrekturlesne? Av kven?
 - Kvar ligg ansvaret for kvalitetssikringa? Er det individualisert? Kva tenkjer du i så fall om det?
 - Er det rom for å rette på andre sine grammatiske feil ved dette fakultetet? Er det vanleg å gjere det?
7. Kjenner du innhaldet i mållova og *forskrift om målform i eksamensoppgåver*?
 - Kva trur du tilsette ved UiO synest om krava *forskrift om målform i eksamensoppgåver* stiller?
 - Kva ansvar tenkjer du at du som ansvarleg ved fakultetet har for å oppfylle krava forskrifta stiller?
8. Korleis trur du ditt fakultet har klart seg i mine undersøkingar?
Etter at eg har sagt noko om funna:
9. Korleis reagerer du på tala eg legg fram?
10. Kvifor trur du eksamensoppgåver endar opp med å innehalde feil?
11. Kva løysing ser du på situasjonen?

Vedlegg 3

Rapport om målbruk i offentlig teneste – Universitetet i Oslo. Sjå minnepinne.

Vedlegg 4

Fråsegn frå Norsk Målugdom (2010): Ut med nemninga *målform*!

Stortingsmeldinga *Mål og meining* slår fast at «det overordna målet for språkpolitikken byggjer på den erkjenninga at norsk er kløyvd i to skriftspråk». For snart ti år sidan vedtok Stortinget at den sokalla tilnæringslina mellom bokmål og nynorsk ikkje lenger skulle vera aktuell normeringspolitikk. Likevel sit vi enno att med nemninga *målform*. Nemninga er ei leivning av samnorskpolitikken, og ho høyrer ikkje heime i dagsens språkpolitiske landskap. Det heng ikkje på greip at to sjølvstendige skriftspråk går under namnet målform.

Landsmøtet til Norsk Målungdom tek til ords for at nemninga målform går ut or bruk. Slik kan vi setja eit endeleg punktum for samnorskpolitikken og bryta tilnæringslina tvert av. Bokmål og nynorsk er ikkje berre *former* av same målet, dei er to åtskilte *mål* som står støtt på egne bein. Bokmål og nynorsk har ulikt opphav og kvar sin sterke skrifttradisjon

Landsmøtet til Norsk Målungdom krev at vanvørdinga av skriftspråka i Noreg får ein ende, og at nemninga målform heretter berre er finnande i historiebøkene. Kall ein spade for ein spade, og eit språk for eit språk.

Vedlegg 5

Oversyn over grammatiske feil og avvik i dei enkelte eksamensoppgåvene. Sjå minnepinne.